



TYSVÆR KOMMUNE
ÅRSMELDING 2013
TYSVÆR KOMMUNE



GODT Å
leve

KJEKT Å
jobbe

MYKJE Å
oppløve

A
K
T
I
V
I
T
E
T
O
G
T
R
I
V
S
E
L

Innhald

Forord – om årsmeldinga	3
Del 1 OVERBLIKK	4
1.1. Rådmannens oppsummering	4
1.2. Nokre viktige merkesteinar i 2013:	6
1.3. Nøkkeltall.....	7
Del 2 OPPFØLGING AV FOKUSOMRÅDER I 2013	10
2.1. Samfunn.....	10
2.1.2. Samfunnsmål og måloppfølging	11
2.2. Brukarar	12
2.2.1. Oversikt.....	12
2.2.2. Brukarundersøkingar.....	12
2.3. Personal og organisasjon	12
2.3.1. Årsverk.....	12
2.3.2. HMS/IA arbeid:	12
2.3.3. Arbeidsmiljøutval	14
2.3.4. Sjukefråværsutvikling i Tysvær kommune :	14
2.3.5. Lærlingar	15
2.3.6. Interkommunalt opplæringskontor	16
2.3.7. Likestilling.....	16
2.3.8. Medarbeidarundersøking	17
2.4. Økonomi samla for kommunen	17
2.4.1. Årsresultatet	17
2.4.2. Hovudtabell med resultatvurderingar drift.....	17
2.4.3. Skatt og rammetilskott.....	19
2.4.4. Resultatområda	20
2.4.5. Brutto driftsresultat	23
2.4.7. Netto driftsresultat	24
2.4.8. Bruk av driftsresultat.....	24
2.4.9. Investeringar og utlån.....	25
2.4.10. Balanserekneskapet	25
Del 3 VIRKSOMHETS RAPPORTERINGAR 2013.....	28
3.1 Sentral politisk og administrativ verksemd	28
3.1.1 Heilskapsvurdering	28
3.1.2. Hendingar og aktivitetar.....	30
3.1.3. Måloppfølging	31
3.2. Resultatområde barnehage.....	38
3.2.1. Heilskapsvurdering	38

3.2.2. Hendingar og aktivitetar.....	38
3.2.3. Måloppfølging	39
3.2.4. Regnskapsresultat	39
3.2.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet	40
3.3. Resultatområde skule	41
3.3.1 heilskapsvurdering.....	41
3.3.2. Hendingar og aktivitetar.....	41
3.3.3. Måloppfølging	42
3.3.4. Rekneskapsresultat.....	47
3.3.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet	47
3.4. Resultatområde kultur.....	48
3.4.1. Heilskapsvurdering	48
3.4.2. Hendingar og aktivitetar.....	48
3.4.3. Måloppfølging	48
3.4.4. Regnskapsresultat	52
3.4.5. Tenesteutvikling	52
3.5. Resultatområde helse og førebygging.....	53
3.5.1. Heilskapsvurdering	53
3.5.2. Hendingar og aktivitetar.....	53
3.5.3. Måloppfølging	54
3.5.4. Regnskapsresultat	61
3.6. Resultatområde aktivitet og omsorg	63
3.6.1. Heilskapsvurdering	63
3.6.2. Hendingar og aktivitetar.....	65
3.6.3. Måloppfølging	65
3.6.4. Regnskapsresultat	66
3.6.5. Tjenesteutvikling innen resultatområdet	67
3.7. Resultatområde teknisk.....	68
3.7.1. Heilskapsvurdering	68
3.7.2. Hendingar og aktivitetar.....	68
3.7.3. Måloppfølging	76
3.7.4. Regnskapsresultat	80
3.7.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet	80
3.7.6. Oversikt investeringsprosjekt:.....	81

Forord – om årsmeldinga

Årsmeldinga er rådmannen / administrativ leiding si oppsummering og tilbakemelding til dei folkevalde om status for kommunens verksemd – med utvikling, måloppfølging, viktige hendingar og økonomisk oversikt pr. 31.12.2013.

I tillegg til årsmeldinga blir årsrekneskapen lagt fram som eige saksframlegg.

Rådmannen gir i årsmeldinga eit oversyn over året som gjekk og oppsummerer korleis oppfølginga av dei fire viktigaste fokusområda for kommunen - samfunn, brukarar, tilsette og økonomi - har vore i 2013. Tenesteleiarane sine rapportar og statusvurderingar for sine tenester er her samla og samanstilte, med utdjuping av sentrale hendingar og aktivitetar, måloppfølging, viktige drifts- og organisasjonsendringar og kommentarar til rekneskapsresultat.

Føremålet med årsmeldinga er å:

- Samanstille og presentere fakta og nøkkeltall om kommunens verksemd
- Dokumentere kommunens aktivitet i dei ulike driftseiningane og tenesteområda
- Få fram vurderingar av måloppnåing og resultat samanlikna med budsjett / økonomiplan

Rådmannen har som mål at årsmeldinga skal gje eit godt og oversiktleg fagleg grunnlag for politisk gjennomgang og vurdering av kommunens arbeid med teneste- og samfunnsutvikling. Ved å løfte blikket frå detaljar og spesifikk tiltaksrapportering til meir heilskaplege vurderingar, ønskjer vi at meldinga skal inspirere til refleksjon om vidare utvikling av kommunen si verksemd.

Både gjennom leiarutviklingsprogrammet og internt i resultatområde og stabar blir det arbeid med eit meir mål- og resultatorientert styrings- og rapporteringssystem. Dette arbeidet vert tatt vidare i utarbeiding av budsjett / økonomiplan og anna overordna planlegging. På denne måten får vi eit samla styringssystem med godt gjennomarbeidde og politisk fastsette mål for dei ulike tenesteområda våre og for kommunen samla.

Rådmannens årsmelding blir lagt fram for behandling i formannskapet og kommunestyret, og før dette til orientering og temadrøfting i dei to hovudutvala.

Del 1 OVERBLIKK

1.1. Rådmannens oppsummering

Årsmeldinga for 2013 viser høg aktivitet, med krevjande oppgåver og spennande utfordringar på mange område. Kommuneorganisasjonen fungerer godt og arbeider offensivt både med teneste- og samfunnsutvikling. Det blir også arbeidd aktivt med å oppfylle kommunestyret sitt krav om å sikre både god kvalitet og meir effektiv ressursbruk.



Kommuneplan 2012-24 har «gode tenester i ein berekraftig økonomi», «eit framtidsretta kommunesenter i Aksdal», «levande bygder der folk ønskjer å bu i kommunen vår» og «viktig knutepunkt for næringsutvikling» som overordna strategiar. Vi har utbyggingsareal som gir grunnlag for eit offensivt arbeid med å gjere Tysvær til ein meir komplett kommune, med både levande bygder, eit aktivt og meir urbant kommunesenter i Aksdal og utvikling av andre tettstadsområde.

På tenestesida tyder dei tilbakemeldingane vi får på at våre tilsette gjer ein jobb som innbyggjarane våre stort sett er nøgde med. Som andre kommunar slit vi med rekruttering i enkelte fagstillingar, men ser likevel ut til å framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar med interessante jobbar. Det omdømmet må vi ta vare på.

Kommunen sin inntektssituasjon er framleis god, men samstundes har vi høg lånegjeld og ressursbruk. Dei nøkkeltala som er vist i kap. 1.3 viser likevel at vi er på veg mot ein meir berekraftig økonomi, med klart lågare kostnadsauke enn landsgjennomsnittet og kommunar vi samanliknar oss med. For dei fleste tenesteområda ligg vi framleis godt over landsgjennomsnittet og snittet i Rogaland, men kostnadsauken er bremsa og til dels snudd. Vidare er auken i netto lånegjeld stoppa.

I budsjett/økonomiplan 2014-2017 er det lagt til grunn at vi vil trenge eit netto driftsresultat på minst 50 mill. kroner per år for å løyse auka drifts- og investeringsoppgåver på sikt. Det er då føresett at netto, reell lånegjeld skal kunne vidareførast på dagens nivå, også når investeringsnivået går betydeleg opp som følgje av venta befolkningsvekst. Kommunen fekk i 2013 eit netto driftsresultat på 17,5 mill. kroner, mot budsjettert 12,5 mill. kroner. Det er positivt, men det er likevel langt igjen før vi har sikra økonomisk bærekraft. Politisk krevjande strukturendringar og eit endra bygningsmessig grunnlag for drifta av dei kommunale tenestene, er viktige føresetnader for vidare sparing. Det vil følgjeleg ta tid før vi kan vente full effekt av det omfattande spareprogrammet kommunestyret har føresett, og vi må difor halde igjen på investeringar og nye tiltak der det er muleg.

Kommunestyret vedtok i 2012 at det skal gjennomførast tre overordna plangjennomgangar med politisk deltaking i 2013 og 2014; av (1) overordna utbyggingsstrategiar og bustadpolitikk i Tysvær kommune, (2) kommunen sine samla omsorgstenester og (3) kommunen sine samla tenester for barn og unge. Viktige utfordringar er å organisere arealutviklinga slik at den kan bære kostnadene med ny samfunnsmessig infrastruktur, og at vi må finne fram til utbyggingsstrategiar og omstillingsgrep som kan legge til rette for meir effektiv tenesteproduksjon over noko tid.

Omstillingsarbeidet innan omsorgstenestene er godt i gang med grunnlag i den rammeplanen kommunestyret godkjente i juni 2013. Ein tilsvarande rammeplan for omstilling

og utvikling av tenestene for barn og unge vil bli fremja for kommunestyret hausten 2014. Det vidare arbeidet med overordna utbyggingsstrategiar og bustadpolitikk føreset krevjande avklaringar av mellom anna utbyggingsrekkefølgje og finansiering av infrastruktur, og også samordning med nabokommunar.

Spennande oppgåver og utfordringar står i kø både innan både samfunns- og tenesteutvikling, og dei omstillingane vi er inne i krev mykje av oss på alle nivå i organisasjonen, både politisk, administrativt og fagleg. Vi må arbeide godt og systematisk og greie å prioritere det som til ei kvar tid er viktigast for at det ikkje skal «hope seg opp». Føresetnadene er likevel gode: Vi har framleis eit godt ressursgrunnlag og bra økonomisk kontroll samanlikna med dei fleste andre kommunar. Vi har flinke leiarar og tilsette som arbeider godt både med fagutvikling og økonomistyring, og som bidrar positivt til nødvendige omstillingar. Vi har eit godt politisk-administrativt samarbeid. Dette skal vi få til!

Takk til alle for stor innsats og godt samarbeid i 2013!

Arvid S. Vallestad
Rådmann



1.2. Nokre viktige merkesteinar i 2013:

Kommunal planstrategi og plan-program for neste kommuneplan-rullering vart vedtatt i kommunestyret 18.6.2013. Arbeidet med revisjon av kommuneplanen med vekt på omstilling, strandsoner, fritidsbustader, kulturminne m.m. er godt i gang.

Leiarutviklingsprogram for 50-60 leiarar i Tysvær i samarbeid med PWC er fullført med nye leiarverdiar og kompetansekatalog. Ein kommune i vekst og omstilling treng gode leiarar som arbeider for heilskapleg utvikling

Tysvær kommune inngjekk i 2013 partnerskap for folkehelse med fylkeskommunen i 2013.

Det blei oppretta eigen funksjon med ansvarsområde Koordinerende eining for habilitering og rehabilitering i 2013.

Stemmerettsjubilet feira med utstillingar, m.a. av 10 tysværkvinner, godt besøkt seminar og arrangement for ungdomskuleelevar. Samarbeid med fleire organisasjonar som også hadde egne arrangement.

Ny reinhaldsavdeling i teknisk frå 1.1.2013 fungerer svært godt og har arbeid med rutiner og inkluderande arbeidsliv.

Det første digitale barnehageopptaket i Tysvær fullført i 2013. Sikra eit raskare og papirlaust opptak.

Aktivitet og omsorg har i 2013:

- Etablert KOLS-team i samarbeid med Helse Fonna, LHL og HSH.
- Tysvær kommune er ein av dei første kommunane med etablering av meldingsutveksling med Helse Fonna.
- Kompetanseheving innan «Eksistensiell og åndeleg omsorg», saman med HSH/kyrkja.
- Tilsett kommunedekkjande kreftkoordinator.

Arbeidet med barn og unge gjennomgangen starta våren 2013. Eit viktig arbeid for omstilling til framtidsretta og berekraftig tenesteutvikling starta.

Fleire skular deltok i First Lego League. Frakkagjerd B. fekk topp plassering i finalen i Bodø og skal delta i den internasjonale finalen Spania.

1.3. Nøkkeltall

I tabellen nedanfor er det sett opp korleis Tysvær sin utvikling har vore på sentrale områder i kommunen for 2011, 2012 og 2013, samanlikna med tilsvarende utvikling for Landet utanom Oslo.


	Tysvær 2013	Tysvær 2012	Tysvær 2011	Landet uten Oslo 2013	Landet uten Oslo 2012	Landet uten Oslo 2011
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,6	2,7	1,6	1,8	2,1	1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,6	3,1	2,9	2,4	2,6	1,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	47517	46438	43763	47407	45686	42641
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	192,6	188,5	188,4	201,4	194,6	192,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	12,9	17,8	16,8	14,9	14,8	16,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	64507	58376	57747	46806	44620	41923
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	117639	116415	110760	119085	114917	106845
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	107847	106933	105329	99086	96200	91674
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2214	2272	1823	2159	2089	1962
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	16037	16176	15160	15541	15294	14220
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2589	2496	2778	2957	2715	2587
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	6656	6120	6467	7170	6809	6195
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	4326	4438	4322	4057	3964	3859

Kommunen bruker meir enn landet på dei fleste tenesteområdene. Men skilnaden mellom vårt nivå og gjennomsnittet på landsbasis er blitt mindre.

Hovudkonklusjon oppsummert:

Tysvær er på rett veg og omstillingsarbeidet ser ut til å ha positiv økonomisk effekt.

Tabellen nedanfor viser utviklinga frå 2012 til 2013 der vi ser på tenesteområdene sin endring.



Her er det også tatt med utviklinga for Rogaland i tillegg til landet utanom Oslo. Desse tala er reine tal i hovudsak pr. innbyggjar. Tala tar då ikkje omsyn til at behovet for ulike tenester vil vera ulike. Spesielt vil det vera rett å korrigere for dette på pleie- og omsorgsområdet, der vi har mindre samla behov ut frå aldersfordeling enn det landet har (85 %). Slik «behovsvekting» vil bli gjort i det vidare arbeidet med nøkkeltalsrapporten.

Eit anna sentralt spørsmål vil vera om målet er at vi skal vera på gjennomsnittet av landet. Landet består av store bysentra, som vil dra gjennomsnitt vesentlig nedover.

Utviklinga viser likevel klare tendensar. For dei fleste tenestekområda har vi ei utgiftsutvikling som er lågare enn den utviklinga vi ser for landet. Det er berre i barnevernstjenesta vi har større utgiftsvekst.

Vi brukar fortsatt meir enn landsgjennomsnitt for skulesektoren (8,8 % over landet), men er betydeleg nærare gjennomsnittet enn i 2012. Vi brukar samla rundt 15 mill. kroner meir enn landet på grunnskule (omfattar ordinær grunnskule, SFO, skulebygg og skuleskyss). I 2011 brukte vi 22 mill. kroner meir og i 2012 18 mill. kroner. Tilsvarende samanlikning med Rogaland (der bykomponenten er større enn for landet) viser at vi låg 28 mill. kroner over i 2011, 24 mill. kroner over i 2012 og 20 mill. kroner over i 2013. At vi nå ligg relativt nær landsgjennomsnittet, er ein indikasjon på at vidare sparing innan skulesektoren bør gjennomførast med strukturelle endringar og ikkje med «ostehøvel».

For pleie- og omsorg viser tala at vi brukar 3,2 % over landsgjennomsnittet pr. innbyggjar, men korrigerer vi for utgiftsbehov, ligg vi rundt 22 % over landet. Dette er det tenestekområdet der vi framleis, ut frå behov, har størst avvikande utgiftsnivå. Men også her går vi i rett retning, sett i forhold til kravet om kostnadsreduksjon og ein meir berekraftig økonomi.

På barnehageområdet ser vi same utvikling som for grunnskule. I 2011 brukte vi pr. innbyggjar 3,7 % over landsgjennomsnitt, i 2012 var vi 1,3 % over og i 2013 er vi 1,2 % under landsgjennomsnitt.

Netto driftsresultat som vist i vedlegget på utvalde nøkkeltal inkluderer moms kompensasjon investeringar, som er svært varierende frå kommune til kommune. Frå og med 2014 vil dette elementet vera borte i samanlikningane.

Netto lånegjeld viser auke hos oss, men det blir då nytta eit anna målebegrep enn i rådmannens budsjettframlegg. Kostra-tala tar ikkje med seg frådrag for investeringar finansiert av andre, primært inn mot VAR-sektoren. Netto lånegjeld i rapporten frå Kostra er samla lånegjeld minus våre utlån og minus unytta lånemidlar.

Nøkkeltalsanalysen som er del av årsmeldinga , er ein første analyse basert på første Kostra-rapportering der vi med bakgrunn i utvalde nøkkeltal gjer nokre vurderingar. Mykje analysearbeid gjenstår, der vi går nærare inn på alle tenesteområda i kommunen. Rådmannen laga ein styringsrapport basert på dei endelege Kostra-tala for 2012 pr. 15. juni, og som følgde budsjettet for 2014. Rådmannen vil gjera tilsvarende for Kostra-tala for 2013. Rapporten vil bli del av budsjettokumentasjonen ved rådmannens framlegg av budsjett 2015. Målet er at rapporten skal vera eit nyttig verktøy for kommunen, både politisk og administrativt.



Del 2 OPPFØLGING AV FOKUSOMRÅDER I 2013

2.1. Samfunn

Kommuneplan 2012-2024 – statusvurdering.

Kommuneplan 2012-2024 – statusvurdering.

Tysvær sin kommuneplan var gjennom ein grundig revidering i perioden 2010-2012 med vedtak av ny kommuneplan og ny samfunnsdel i kommunestyret i september 2012. Hausten 2012 og våren 2013 vart nye utfordringar for kommunen sett på dagsorden i arbeidet med kommunal planstrategi 2013-2016 og planprogram for ny kommuneplanrullering 2015- 2027. Kommunestyret vedtok ny kommunal planstrategi og planprogram for ny kommuneplanrullering i juni 2013 med fokus på utbyggingsstrategiar og bustadpolitikk, god og økonomisk bærekraftig tenesteutvikling, samt sikkerhet og beredskap. I arbeidet med ny arealdel er strandsone, sjøområder, kulturminner og kjerneområde landbruk prioriterte fokusområde.

Dei overordna kommuneplandokumenta har tatt opp i seg mange av dei utfordringane Tysværsamfunnet samfunnet står overfor. Dette gir nye mulegheiter for vekst og utvikling av kommunen med nye strategiske føringar både for tenesteutviklinga og utvikling av nye områder i kommunen til bustadformål, sentrumsformål og næringsutvikling.

Tysvær har stor næringsaktivitet og høg befolkningsvekst med si sentrale plassering på Vestlandet langs kommunikasjonsårene mellom Stavanger, Haugesund og Bergen. Stor aktivitet i petroleumsnæringa, og stor aktivitet i næringslivet i regionen, krev at Tysvær kommune er ein aktiv samfunnsutviklingsaktør, og legg til rette for vekst med nye bustadområde, næringsområde og offentlege tenestetilbod.

Følgjande 4 hovudstrategiar for samfunnsutviklinga er vedtatt i kommuneplan 2012-24:

- Tysvær kommune skal gi tenester med god kvalitet i ein berekraftig økonomi
- Tysvær kommune skal utvikle et aktivt og framtidretta kommunesenter i Aksdal
- Tysvær kommune skal sikre levande bygder der folk ønskjer å bu
- Tysvær kommune skal vere eit regionalt knutepunkt for næringsutvikling

Folketalet i Tysvær var pr. 1.1.2014 10 668 innbyggjarar. Dette inneber ei vekst i folketalet på 1,7% i 2013. Befolkningsveksten i 2012 var 1,6% og året før 1,3%. I kommuneplan 2012-24 er det målsetting om årleg befolkningsvekst på 2% i åra framover, og at kommunen skal ha ein beredskap for å kunne ta hand om ein vekst på inntil 4% pr. år. Lågare befolkningsvekst i 2013 enn målsettinga har mellom anna samanheng med manglande byggemodna bustadtomter.

Gode kommunikasjonar er viktig for samfunnsutviklinga. Arbeidet med å planlegge og oppgradere viktige vegstrekningar er i gang i samarbeid med vegmyndighetene. Den høge næringsaktiviteten i regionen fører til aukande trafikk langs vegane med behov for oppgradrning av både vegsystem og utbygging av kollektivtilbod og gang og sykkelveggar. Under leiing av stat og fylke og med bidrag gjennom finanseringsselskapet Haugalandspakken blir sentrale vegstrekningar utbygd og oppgradert. Arbeidet med

Førresbotnkrysset vart avslutta i 2013/2014 og arbeidet med Førrestjørnkrysset er starta. Gang- og sykkelvegen mellom Garvik og Søvik vart ferdigstilt i 2013. 2 plan kryss på Eikeskog er viktig for vidare utvikling av Aksdal Næringspark. Reguleringsplan for krysset er no godkjent og prosjektering av krysset pågår.

2.1.2. Samfunns mål og måloppfølging

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Befolkningsutvikling:	
2-4% vekst	1,1 % befolkningsvekst
By- og tettstadsutvikling:	
Utvikling av kommunesenteret /ytre sone	Kommuneplanen delplan 1 tilrettelegg for nye område. Reguleringsplanar for Aksdal og Frakkagjerd pågår
Kommunedelsentra	
Levande bygder	Kommuneplanen delplan 3 gir mulegheiter for utvikling av nytt kommunedelsenter i Søre Tysvær. Konsulent vert engasert og områdereguleringsplan for Tysværåvåg – Slåttevik vart igangsett på nyåret 2014. Aktiv satsing på bygdeutvikling og næringsutvikling gjennom prosjektet Nedstrand 2020 og LUK lokalutvikling i kommunane der Nedstrand fekk tildelt 1 mill kr. Klatrepark på Tveitneset vert opna våren 2014, nye reiselivsbygg er under planlegging. Pågåande rullering av kommuneplanen med vekt på strandsone og sjøareal kan ha betydning for næringsutvikling i bygdene.
Betre kommunikasjonar:	
E39, E134, fylkesveg	Aksdalskrysset er med i Nasjonal transportplan og planlegging av veganlegget pågår. Haugalandspakken bidreg til finansiering av Førresbotnprosjektet og G/S veg Garhaug-Søvik.
Kollektivtilbod	Førland – tildeling av midler til tilrettelegging av universelt utforma bussopp, trafikksikring, parkering m.m. frå kommune og stat. Drøftingar med Haugesund, Karmøy og Sveio kommune og om felles innspel til bypakke i neste NTP. Kollektivtilbodet på Haugalandet har forbettringspotensiale og treng fokus og felles satsing i off. eller privat regi
Variert bustadmarknad og gode levekår:	
Bustadtomter	Tomter lagt ut på Bjørnsvikfeltet og Kallevik Sør
Konsentrert bustadbygging	Den gamle barnehagetomta i Aksdal regulert til off. og privat tenesteuting. Gir mulegheiter for nye sentralt lokaliserte eldrebustader og omsorgsbustader
Infrastruktur	Under planlegging og utbygging i tråd med hovudplan vann og avlaup m.m.
Tenestetilbod	Under utvikling og utbygging i tråd med behova i kommunen.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Knutepunkt for næringsutvikling:	
Kommuneplanen	Nye næringsområde lagt ut i kommune-plan 2012-24 i mange deler av kommunen.
Aksdal næringspark og Gismarvik Næringspark	Nye reguleringsplanar utarbeid. Aktiv marknadsføring av næringsparkane.
Andre område/prosjekt	Vindmølleprosjekt i Dalsbygda. Aktørane arbeider med å få formalitetar på plass.

2.2. Brukarar

2.2.1. Oversikt

Tysvær kommune har i kommuneplan 2012-24 klare målsettingar om å vere ein kommune som tek innbyggjarane sine behov på alvor, og som gjennom planprosessar og sakshandsaming sikrar aktiv medverknad og dialog med tilsette, innbyggjarar og andre brukargrupper.

Kommunen har mål om å utvikle eit meir heilskapleg plan- og styringssystem og arbeider med innføring eit kommunedekkande kvalitetssystem der brukarmedverknad og tverrsektorielt samarbeid vil kunne gi betre ressursutnytting og tenestetilbod.

Folkehelseprofil 2013 utarbeida av folkehelseinstituttet gir ei oversikt over helsetilstanden i kommunen.

2.2.2. Brukarundersøkingar

Tysvær kommune har tatt i bruk verktøyet bedrekommune.no (kommuneforlaget) i arbeidet med medarbeiderundersøkingar m.m. Portalen har rundt 25 standardiserte brukarundersøkingar innanfor mange tenesteområde som kan takast i bruk for å samanlikne resultat historisk og med andre kommunar.

Tysvær har så langt brukt bedrekommune.no undersøkingar når det gjeld medarbeidarundersøkingar i kommunen og undersøkingar av brukartilfredshet i barnehagane.

Skule har obligatorisk evalueringar - elevundersøkelsen og foreldreundersøkelsen.

Tysvær har målsetting om å ta i bruk og vidareutvikle brukarundersøkingar i åra framover for å sikre at tilbod og tenester er tilpassa ulike brukargrupper.

2.3. Personal og organisasjon

2.3.1. Årsverk

Ved utgangen av 2013 hadde kommunen 891,5 årsverk. Tilsvarande ved utgangen av 2012 var 903 årsverk. Hovudårsak til nedgang er reduksjon innanfor skule som konsekvens av redusert rametimetall som del av innsparinga på resultatområdet.

2.3.2. HMS/IA arbeid:

Tysvær kommune driv eit omfattande og systematisk HMS arbeid etter gjeldene lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerhets lovgivinga. Kommunens mål for HMS er: Ingen ulukker, skadar eller tap. Målsettinga med HMS arbeidet er å sikra eit arbeidsmiljø som gir grunnlag

for ein helsefremmande og meningsfylt arbeidssituasjon og som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadeverknader. Eit godt arbeidsmiljø vil igjen sikra best mogleg service til innbyggjarane og brukarane av tenestene i kommunen. Dei ulike aktørane i HMS arbeidet i 2013 har vore leiarar, arbeidstakarar, vernetenesta, tillitsvalde, arbeidsmiljøutval (AMU), IA gruppa, Haugaland HMS og NAV Arbeidslivssenteret. Hovudansvaret for HMS - arbeidet har arbeidsgivar og leiarane i kommunen. HMS arbeidet skal være i tett samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar.

I 2013 blei det gjennomført vernerundar i 32 av 42 verneområder. Dette er et bra resultat samanlikna med føregåande år. I 2013 har det vært en systematisk prosess kor behov for større HMS tiltak er vurdert ,og det er sett opp ein prioritert handlingsplan. Nokre større HMS behov som kom opp etter årets vernerunde, er allereie også utbedra. Denne prosessen blei leia av personal- og organisasjonssjef og hovudverneombod. Teknisk avdeling gjorde undersøkingar/vurderingar i forhold til behova.

Tysvær kommune er ei IA bedrift, og har dermed forplikta seg til å samarbeide systematisk for å førebygga og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og bedra arbeidsmiljøet, samt hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. IA betyr eit inkluderande arbeidsliv, for alle som kan og vil arbeide. Vi har ein eigen kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter som gir oss råd og rettleiing i IA -arbeidet. Hausten 2013 blei det gjennomført to nærværs prosjekt i kommunen med bistand frå NAV Arbeidslivssenter. Haugaland HMS bisto også i prosjekta. Prosjekta blei gjennomført i resultatområda Teknisk, avdeling reinhald og i Aktivitet og Omsorg, Tysværtunet. Dette er prosjekt som har som mål å førebygge og redusere sjukefråvær. Begge prosjekta har hatt fokus på informasjon og opplæring i IA arbeid til tilsette og leiarar.

Hausten 2013 blei det sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobba med overordna HMS forbetringar i Tysvær kommune.

Opplæring innan HMS:

Det er i 2013 gjennomført opplæring innan HMS områder i form av kurs og samlingar;

- Grunnkurs i arbeidsmiljø
- Sjukefråvær og økonomi
- Diverse samlingar og møte der IA har vore tema

Vernetenesta:

01.08.13 overtok Ketil Anthun som nytt hovudverneombod i Tysvær kommune etter Tone Kolnes. Hovudverneombodet er kjøpt fri i 30 % stilling. Tysvær kommune var ved utgangen av 2013 samansett av 42 verneområder. Det har vært gjennomført to verneombod samlingar i 2013.

Haugaland HMS:

Kommunen kjøper HMS- tenester frå Haugaland HMS, dei er ein viktig aktør i kommunen sitt HMS arbeidet. I løpet av våren 2013 blei det gjennomført samarbeidsplanmøter mellom Haugaland HMS og resultatområda Teknisk, Skule og Aktivitet og omsorg.

I 2013 har bedriftshelsetenesta gitt bistand innan eit breidt spekter av HMS tenester. Dei har til dømes deltatt på AMU og IA gruppe møta og delteke på alle dialogmøte 1 i nærværsutvalet. Dei har også gjennomført helseundersøking av nattevakter og VA personell, gjennomført inneklimatemålingar, og har div. kurs og opplæring.

IA gruppa:

IA gruppa er et underutval av AMU, og har som oppgåve å sjå på prosedyrar, rutinar og tiltak innan IA og HMS- arbeidet i kommunen. Medlemmer i IA- gruppa er personal- og organisasjonssjef, representant frå Haugaland HMS, HTV frå Fagforbundet, IA kontaktperson, ein seksjonsleiar og HMS rådgjevar i kommunen. Gruppa har hatt 4 møter i 2013. IA gruppa legg fram HMS/IA saker for behandling i AMU.

AKAN

Tysvær kommune er ein «AKAN kommune» og har retningslinjer i forhold til dette. Akan hovudkontakten har vore på ca 10 personalmøter i 2013 med AKAN som tema. Akan var også tatt opp som tema på HMS grunnkurs og i samlinga for lærlingar hausten 2013.

Skader i 2013

Det har vært registrert 117 skader i 2013. Dette dreier seg om små skader og førstehjelpsskader. Nokre av skadene er meldt vidare til NAV og kommunens forsikringssselskap. Ingen av skadene er meldt til Arbeidstilsynet. Kommunen vil i løpet av 2014 få nytt elektronisk system for registrering av avvik og skader.

Tilsyn av arbeidstilsynet:

I løpet av 2013 hadde kommunen tilsyn frå Arbeidstilsynet i 3 barnehagar: Førresdalen, Frakkagjerd og Tysværvåg barehage. Fokuset på tilsyna var blant anna det systematiske HMS- arbeidet, vernetenesta, opplæring og medverknad.

2.3.3. Arbeidsmiljøutval

Arbeidsmiljøutvalet i kommunen arbeider for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, og var i 2013 samansett av fem representantar frå arbeidsgjevarsida og fem frå arbeidstakarsida. I tillegg deltar ein representant frå bedriftshelsetenesta på kvart møte. Representanten frå Haugaland HMS har ei rådgjevande og uavhengig rolle. I 2013 var det arbeidsgjevarsida som hadde leiarvervet. Utvalet har i 2013 hatt 4 møter, og behandla 31 saker, og tatt 17 saker til orientering. Utvalet har delteke i planlegginga av HMS- arbeidet, og fast følgd utviklinga i saker som til dømes sjukefråvær og HMS avvik. AMU har hatt fokus på systematiske tiltak i HMS- arbeidet av førebyggjande karakter, og tiltak for å redusere sjukefråværet. Når det gjeld saker som utvalet har behandla i 2013 kan vi nemne: overordna omstillingsdokument i Tysvær kommune, prosedyre for arbeidsutprøving, , reglar for fleksibel arbeidstid og avspassingsreglement i Tysvær kommune.

2.3.4. Sjukefråværsutvikling i Tysvær kommune :

Sjukefråværsprosenten for heile 2013 var 8 %. Samanlikna med 2012 er det ei lita oppgang på 0,2 %. Når det gjelder resultatområda ser vi ein nedgang i resultatområda skule; barnehage og kultur. På den andre sida ser vi ein oppgang i fråværet hos helse og førebygging, teknisk, rådmannens stab og aktivitet og omsorg. Når det gjeld tiltak for å

redusera sjukefråværet, blir det jobba systematisk med HMS tiltak, prosedyrar og forbetringar i samarbeid med leiarar, tillitsvalde, verneombod, Haugaland HMS og NAV Arbeidslivssenter. Organisasjonen vil fortsetta det systematiske sjukefråværs og HMS/IA arbeidet med same styrke, og vil kontinuerlig søke etter forbetringspotensiale for å nå målet om redusert sjukefråvær.

Utvikling sjukefråvær 2005-2013- totalt pr. år.

Prosent syk	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	
Utvikling total % pr år	6	7,1	7,1	7,7	8,3	7	6,9	7,8	8,0	▲0,2%

Tabellen viser oversikt over den kjønnsmessige fordelinga i sjukefråværet frå åra 2010-2013, i dei ulike kvartala. Sjukefråværet i 4 kvartal 2012 , samanlikna med 4 kvartal 2013.

Prosent syk	3.k v. 10.	4.k v. 10	1.k v. 11	2.k v. 11	3.k v. 11	4.k v. 11	1.k v. 12	2.k v. 12	3.k v. 12	4.k v. 12	1.k v. 13	2.k v. 13	3.k v. 13	4.k v. 13	
Kvinner	5,6	8,6	9,8	7,3	5,1	8	10,1	8,4	6,2	9,2	10,4	7,4	7,1	9,0	▼0,2 %
Menn	3,2	3,9	5,4	4,1	3,4	3,7	5,4	4,5	3,7	5,3	6,7	6,4	3,6	3,9	▼1,5 %
Total	5,1	7,6	8,9	6,6	4,7	7,1	9,1	7,6	5,7	8,4	7,2	7,2	6,4	8,0	▼0,4 %

Sjukefråvær per resultatområde i åra 2009-2013

Pr resultatområde	2009	2010	2011	2012	2013	
Rådmannens stab			8,6	5,8	7,1	▲1,3 %
Aktivitet og omsorg			8,2	10,4	10,9	▲0,5 %
Tverrfaglige tenester/Helse og førebygging			7,9	7,6	9,3	▲1,7 %
Skule	7,7	4,8	5,1	6,2	5,1	▼1,1 %
Kultur	4,2	8,8	4,6	4,0	3,8	▼0,2 %
Teknisk	5,2	5,8	4,3	7,7	9,2	▲1,5 %
Barnehage	13,6	8,7	8,8	9,9	9,2	▼0,7 %

2.3.5. Lærlingar

Tysvær kommunestyre har vedtatt at kommunen kan ha 24 lærekontraktar totalt med 1. og 2. års lærlingar, d.v.s. ca. 12 nye lærekontraktar årlig. Nye lærekontraktar pr. år varierer etter kor mange lærlingar som f.eks. går ut i foreldrepermisjon. I 2013 tok kommunen inn 10 lærlingar (4 i helsefag, 5 i barne- og ungdomsarbeiderfaget og 1 i institusjonskokkefaget. Innkludert 2. års lærlingar (11 stk.) har Tysvær kommune p.t. 21 lærekontraktar. Årsaka til at kommunen ikkje har fleire lærekontraktar er at i 2013 fekk ein ikkje fleire søkjarar frå lærlingar til helsefag. Kommunen kunne tatt inn 3 lærlingar //i dette faget.

Fylket har oppmoda kommunane om å oppretta fleire læreplasser, då det spesielt vil bli eit stort behov for helsefagarbeidarar i åra framover. På Haugalandet har ein nå fått ein ny

situasjon. Haugesund kommune har dobla talet på lærlingar i helsefag til ca. 24, Helsefonna tar inn 12 lærlingar i helsefag i året. D.v.s. det blir ikkje utdanna nok elevar som vil bli lærling i helsefag på Haugalandet til å dekkja dei læreplassane kommunane har.

2.3.6. Interkommunalt opplæringskontor

Ei arbeidsgruppe leia av Haugaland Skole–Arbeidsliv (HSA) har på vegne av ordførar- og rådmannskollegiet på Haugalandet (ORK) utarbeida eit forslag til sak for den enkelte kommune knytta til ei eventuell etablering av eit interkommunalt opplæringskontor for offentlege fag. *

** Offentlige fag forstås som kommunale fagområder innan helse og omsorg, samt barne- og ungdomsarbeid, men også tekniske fag, matfag, kontorlag osv. vil kunne omfattast og innlemmast i arbeidet.*

Interkommunalt opplæringskontor skulle omfatta kommunane Karmøy, Haugesund, Sveio, Bokn, Utsira og Tysvær.

Arbeidsgruppa besto av følgjande personar:

- Kristin Helle Tysvær kommune
- Marit Melhus Wik Karmøy Kommune
- Inger Lise Bratteteig Haugesund kommune
- Åse Bratthammer Rogaland Fylkeskommune
- Steinar Høyvik Opplæringskontoret for Byggfag
- Tore A. Bauer-Nilsen Haugalandet Skole – Arbeidsliv

Meininga med etableringa av et slikt opplæringskontor var å setta i verk tiltak for å styrka og kvalitetssikra kommunane sitt arbeid med lærlingar, og ville mellom anna kunne ha følgjande positive konsekvensar:

- Auka kvalitet i oppøring og oppfølging, og faglig utvikling for alle involverte.
- Fokus på samarbeid og økt fleksibilitet for den enkelte lærling.
- Kostnadseffektiv og samordna drift som kan frigjera ressursar i kommunen.
- Økt tal læreplassar og auka tal vaksne med fagkompetanse.

Forslag til saksframlegg vart overlevert kommunane 27.mai 2013. Saka vart ikkje handsama i nokon av kommunane.

2.3.7. Likestilling

Arbeidsplasser i ein kommune er kvinnedominert, i talet på tilsette utgjer andelen menn 17,3% og andel kvinner 82,7%. Talet avspeglar i stor grad tradisjonar i samband med tenesteyting innan pleie- og omsorg, barnehagar og skule.

Fordeling kvinner/menn i % i leiarskitet i Tysvær kommune

Grupper/områder/stab	Kvinner pr. 31.12.2013	Menn pr. 31.12.2013
Rådmannsgruppa	50%	50 %
Seksjonsleiarnivå (seksjonsleiarar i aktivitet og omsorg/helse- og førebygging/ rektorar/styrarar i barnehage/seksjonsleiarar teknisk)	69,7	30,3

2.3.8. Medarbeidarundersøking

Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøking for 2013. Undersøkinga blir gjennomført annakvart år. Neste undersøking skal gjennomførast våren 2014.

2.4. Økonomi samla for kommunen

2.4.1. Årsresultatet

Tysvær Kommune får eit netto driftsresultat på 17,6 mill. kroner (16,3 mill. kroner i 2012) mot opprinneleg budsjettert 12,5 mill. kroner. I vedtaket blir resultatet disponert til investeringar i 2013 og til fond for seinare disponering til eigenkapital investeringar. Avviket positivt i forhold til opprinneleg vedtatt budsjett er på 5,1 mill. kroner. Månads- og tertialrapporteringa gjennom året viste aukande svakare driftsresultat enn det som var budsjettert ved kommunestyret sitt vedtak. Siste prognose for sluttresultat for året var på 12 mill. kroner. Rekneskapsresultatet vart 17,6 mill. kroner.

Med bakgrunn i hovudtabellen nedanfor blir sentrale deler av regnskapet for 2013 kommentert.

2.4.2. Hovudtabell med resultatvurderingar drift

I tabellen nedanfor er rekneskap 2013 lagt inn i tabellen , saman med rekneskap 2012, opprinneleg vedtatt budsjett 2013, justert budsjett 2013. I tillegg er vedteken økonomiplan 2014 – 2017 lagt inn i tabellen.

Tall i millioner	Rekneskap	Budsjett	Budsj endr.	Regn	Budsj.	Økonomiplan			
	2012	2013	2013	2013	2014	2015	2016	2017	
Inntektsskatt	227,4	237,7	239,2	239,8	248,2	248,2	248,2	248,2	248,2
Rammetilskott inntekstutj.	8,7	9,6	9,6	10,2	11,8	11,8	11,8	11,8	11,8
Rammetilskott - Innbyggertilskudd	218,1	225,6	225,6	225,6	241,8	243,3	243,3	243,3	243,3
Realvekst skatt og rammetilskudd						9,0	18,0	27,0	
Rammetilskott- utgiftsutjamning	24,8	22,6	22,6	22,7	24,7	24,4	24,4	24,7	24,7
Skjønn	5,5	6,2	6,2	6,2	7,2	7,2	7,2	7,2	7,2
Samla inntektssystemet	484,5	501,7	503,2	504,5	533,7	543,9	552,9	562,2	
Skjønn fra fylkesmann (skule)	2,0	0,8	2,2	2,5	2,2	2,2	2,2	2,2	2,2
Eigedomsskatt	130,5	134,2	137,2	136,3	140,0	140,0	155,0	155,0	
Skatt og rammetilskott	617,0	636,7	642,6	643,3	675,9	686,1	710,1	719,4	
Resultatområda:									
Driftsutgifter - før nye driftstiltak	-799,7	-773,2	-829,3	-835,2	-784,4	-784,1	-784,1	-784,1	-784,1
Driftsinntekter - før nye driftstiltak	207,6	156,8	210,7	217,8	158,0	161,0	162,0	166,0	
Netto budsjetttrammer resultatområda	-592,1	-616,4	-618,6	-617,4	-626,4	-623,1	-622,1	-618,1	
Her av samlet drift fordelt:									
Rådmannen med stab									
Driftsutgifter	-66,0	-58,2	-64,3	-64,4	-58,0	-58,0	-58,0	-58,0	-58,0
Driftsinntekter	8,1	3,2	9,3	9,9	3,2	3,2	3,2	3,2	3,2
	-57,9	-55,0	-55,0	-54,5	-54,8	-54,8	-54,8	-54,8	-54,8
Fellesutgifter									
Driftsutgifter	-35,7	-40,8	-36,9	-36,7	-52,5	-52,5	-52,5	-52,5	-52,5
Driftsinntekter	1,5	0	0	0	0	0	0	0	0
	-34,2	-40,8	-36,9	-36,7	-52,5	-52,5	-52,5	-52,5	-52,5
Skule									
Driftsutgifter	-183,1	-167,3	-182,4	-183,1	-165,9	-165,9	-165,9	-165,9	-165,9

Driftsinntekter	23,3	15,6	27,3	27,7	15,4	15,4	15,4	15,4
	-159,8	-151,7	-155,1	-155,4	-151	-151	-151	-151
Aktivitet og omsorg								
Driftsutgifter	-157,4	-149,2	-160,3	-161,0	-152,6	-152,6	-152,6	-152,6
Driftsinntekter	41,9	32,6	43,0	43,6	33,7	33,7	33,7	33,7
	-115,5	-116,6	-117,3	-117,4	-119	-119	-119	-119
Helse og førebygging								
Driftsutgifter	-127,3	-120,6	-134,5	-132,2	-120,3	-120,3	-120,3	-120,3
Driftsinntekter	40,1	23,4	36,9	38,9	24,1	24,1	24,1	24,1
	-87,2	-97,2	-97,6	-93,3	-96,2	-96,2	-96,2	-96,2
Kultur								
Driftsutgifter	-31,7	-27,7	-29,7	-30,2	-27,8	-27,5	-27,5	-27,5
Driftsinntekter	11,0	7,4	9,3	9,8	7,4	7,4	7,4	7,4
	-20,7	-20,3	-20,4	-20,4	-20,4	-20,1	-20,1	-20,1
Teknisk								
Driftsutgifter	-64,3	-80,1	-83,4	-87,4	-80,2	-80,2	-80,2	-80,2
Driftsinntekter	21,4	20,9	23,6	23,7	21,2	21,2	21,2	21,2
	-42,9	-59,2	-59,8	-63,7	-59	-59	-59	-59
VAR								
Driftsutgifter	-29,8	-29,3	-29,5	-30,9	-23,0	-23,0	-23,0	-23,0
Driftsinntekter	38,1	38,9	38,9	41,0	37,0	40,0	41,0	45,0
Barnehage								
Driftsutgifter	-97,4	-92,5	-100,8	-101,6	-95,3	-95,3	-95,3	-95,3
Driftsinntekter	22,2	14,8	22,4	23,2	16,0	16,0	16,0	16,0
	-75,2	-77,7	-78,4	-78,4	-79,3	-79,3	-79,3	-79,3
Kyrkja								
Driftsutgifter	-7,0	-7,5	-7,5	-7,7	-8,8	-8,8	-8,8	-8,8
Driftsinntekter	0	0	0	0	0	0	0	0
	-7,0	-7,5	-7,5	-7,7	-8,8	-8,8	-8,8	-8,8
Netto budsjettammer resultatområda	-592,1	-616,4	-618,6	-617,4	-626,4	-623,1	-622,1	-618,1
Momskompensasjon drift	15,0	15,0	15,0	15,8	15,5	15,5	15,5	15,5
Netto driftsrammer inkl. komp. moms	-577,1	-601,4	-603,6	-601,6	-610,9	-607,6	-606,6	-602,6
Nye driftstiltak 2014 - 2017					-12,7	-12,7	-12,7	-12,7
Realvekst 2014 - 2017 kompensert drift					-5,4	-10,8	-16,2	-21,6
Innsparing tillegg fra budsj. 2014						8,6	17,7	25,7
Nye driftstiltak 2015 - 2017						-7,0	-14,0	-21,0
Netto rammer etter endring drift	-577,1	-601,4	-603,6	-601,6	-629,0	-622,5	-617,8	-611,2
Brutto driftsresultat	39,9	35,3	39,0	41,7	46,9	56,6	78,3	87,2
Kapitalutgifter/kapitalinntekter:								
Renteinntekter innskott/plassering	7,6	4,5	4,5	5,2	5,0	5,0	5,0	5,0
Aksjeutbytte/renter Haugal. Kraft	11,0	15,0	11,8	11,8	11,7	11,7	11,7	11,7
Kompensasjonsinntekter lån:	9,1	9,7	9,7	9,5	8,5	8,5	8,5	8,5
Sum renteinntekter og kompensasjon	27,7	29,2	26,0	26,5	25,2	25,2	25,2	25,2
Renteutg. opptatte lån t.o.m. 2013	-24,8	-25,0	-25,0	-23,9	-24,0	-26,0	-28,0	-30,0
Renteutgifter nye lån 2014 - 2017					-1,0	-2,5	-4,5	-5,5
Samla renteutgifter	-24,8	-25,0	-25,0	-23,9	-25,0	-28,5	-32,5	-35,5
Avdrag opptatte lån t.o.m. 2013	-26,5	-27,0	-27,0	-26,8	-27,0	-28,0	-29,0	-30,0
Avdrag nye lån 2014 - 2017						-0,5	-2,0	-3,0

Samla avdrag	-26,5	-27,0	-27,0	-26,8	-27,0	-28,5	-31,0	-33,0
Netto kapitalutgifter	-23,6	-22,8	-26,0	-24,2	-26,8	-31,8	-38,3	-43,3
Netto driftsresultat	16,3	12,5	13,0	17,5	20,1	24,8	40,0	43,9
Bruk av driftsresultat:								
Momskompensasjon investering	5,4			19,8				
Avsett investeringar momskomp.	-5,4			-20,0				
Bruk overskudd	5,5							
Avsatt overskudd til fond	-5,5							
Avsett drift/investering								
Avsett fond								
Avsett inv. og utv.fond		-11,8	-11,8	-13,9	0	0	-9,6	-11,7
Avsett realvekst fond					-2,8	-5,6	-8,4	-11,2
Avsett investeringar frå drift	-4,4	-0,7	-0,7	-0,4	-17,3	-19,2	-22,0	-21,0
Samla bruk av resultat	-4,4	-12,5	-12,5	-14,5	-20,1	-24,8	-40	-43,9
Overskudd	11,9	0	0,5	3,0	0	0	0	0

2.4.3. Skatt og rammetilskott

Inntektssystemet

Inntektssystemet består av skatteinntekter og inntektsutjamning, innbyggjartilskott og utgiftsutjamning og skjønnsmidler. Samla kjem 504,5 mill. kroner frå inntektssystemet mot opprinneleg budsjettet 501,7 mill. kroner; ein auke på 2,7 mill. kroner. Årsaken til meirinntekter er i hovudsak at skatteinntektene på landsbasis er blitt litt høgare enn det regjeringa la til grunn i statsbudsjett/kommuneproposisjon, samt at det blei justert for folketall pr. 1/1-2013.

Skatteinntektene var i 2013 på 91,4 % av landsgjennomsnittet, som er ein nedgang frå 91,9 % for 2012. Berre 5 kommunar i Rogaland ligg lavare enn Tysvær i forhold til landsgjennomsnittet (Karmøy 89,4 %, Kvitsøy, Bokn, Lund og Sokndal). Vindafjord har til dømes 117,4 % av landsgjennomsnittet i 2013. Aukande skatteinntekter over 90 % av landsgjennomsnittet beheld kommunen ein større andel av (40 % er kommunen sin del). Gjennom året såg det ut til at skatteinntektene ville bli større enn resultatet blei; dei siste 2 månadane blei imidlertid svake på landsbasis. Det slår negativt ut for komunen.

Innbyggjartilskotet blei fastsett ved vedtak av statsbudsjettet for 2013, og er på 21 768 kroner pr. innbyggjar registrert 1/7-2012. I tillegg får Tysvær utfrå ein del faste kriterier, hovudsakleg befolkingssamansetjing, utgiftsutjamning fordi vi har eit utgiftsbehov som er på 4,3 % over landsgjennomsnittet. I utgiftsutjamninga ligg også eit ekstratilskott Tysvær får til samhandlingsreformen på 925 000 kroner på grunn av at vi har i utgangspunktet høg bruk av sykehustjenester. Dette tilskotet får vi i 2012, 2013 og 2014, og det fell vekk etter det.

Kommunen får skjønstilskott fastsett kvart år ved statsbudsjettet utfrå spesielle behov. Dei siste åra har vi fått skjønstilskott på grunn av høge utgifter ressurskrevjande brukarar. I 2013 er det på 6,2 mill. kroner. I tillegg har vi mottatt 2,2 mill. kroner som skjøn til språkdjelingsklassar, og 300 000 til spesielle formål etter søknad (Haugalandsløftet). Til språkdjeling fekk vi 1,4 mill. kroner utover det som var budsjettet. Denne summen er

overført resultatområde skule til dekning av meirutgifter oppretting språkdelingsklassar. Summen på 300 000 kroner er overført Haugalandsløftet.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt har auka frå 130,5 mill. kroner i regnskap for 2012 til 136,3 mill. kroner i regnskap for 2013, ein auke på 5,8 mill. kroner (tilsvarande auke frå 2011 til 2012 var på 4,6 mill. kroner. Vekst i eigedomsskatt utover realvekst skal i utgangspunktet setjast av til investeringar. For 2013 ligg meirinntektene utover realvekst på 2 mill. kroner. I høve til opprinneleg budsjett er eigedomsskatteinntektene 2,2 mill. kroner høgare. Takseringa av KEP 2010 er slutført i 2013. Gassco påklaga takst fastsett for 2012 til klagenemnda, denne klagen blei trekt. Naturkraft har også trekt sin klage på takst. Dette var viktege inntektsavklaringar, fram til kommunen skal gjennomføra omtaksering i 2016.

Oppsummert inntektssystemet og eigedomsskatt

	Budsjett vedtak	Rekneskap	Avvik vedtak
Inntektsskatt og inntektsutjamning	247,3	250,0	+ 2,7
Innbyggjartilskot og utgiftsutjamning	248,2	248,3	+0,1
Skjønsmidler	7,0	8,7	+ 1,7
Inntektssystemet samla	502,5	507,0	+ 4,5
Eigedomsskatt	134,2	136,3	+ 2,1
Samla inntektsskatt, rammetilskott og eigedomsskatt	636,7	643,3	6,6

Meirinntekter på skatt blir ikkje vidareført inn i eit nytt budsjettår.

2.4.4. Resultatområda

Samla driftsutgifter for Tysvær utgjer 835,2 mill. kroner, medan driftsinntekter på resultatområda er 217,8 mill. kroner. Netto samla driftsutgifter er 617,3 mill. kroner. Tilsvarende i 2012 var 592,1 mill. kroner. Auken er på 25,2 mill. kroner, prosentvis auke på 4,2 %. Samanlikning av eit år med eit anna kan vera litt krevjande, i og med at det vil liggja oppgåveendringar frå eit år til eit anna. I 2013 er det imidlertid ikkje større oppgåveendringar (jfr. 2012 då samhandlingsreforma blei innført). Utgiftsveksten frå 2012 til 2013 ligg ikkje vesentleg over forventa løns- og prisvekst. Bakom tala (dette framgår av hovedtabellen ved samanlikning budsjett og rekneskap) ligg det store avvik isolert på utgiftssida, og store avvik frå inntektssida på det som var budsjettert. Gjennomgang av desse vil krevja utdjupande analyse, som ikkje er gjennomført når denne kommentar skrives. Det er viktig at meirutgifter og meirinntekter vi får i 2013, blir vurdert opp mot reell budsjettering for inneverande budsjettår 2014, og som grunnlag for endringar for budsjettarbeidet for 2015. I tabellen er det einskilde område sett opp med rekneskapstal i høve til opprinneleg og justert budsjett. Oppsummert på netto driftsutgifter får vi desse tala:

Tal i mill. kroner

Resultatområda	Budsjett (justert)	Rekneskap	Avvik justert budsjett
Rådmannen sin stab	55,0	54,5	+ 0,5
Fellesutgifter	36,9	36,7	0,3
Skule	155,1	155,4	- 0,3
Aktivitet og omsorg	117,3	117,4	- 0,1
Helse og førebygging	97,6	93,3	+ 4,3
Kultur	20,4	20,4	+ 0
Teknisk ekskl. VAR	59,8	63,7	-3,9
VAR-området	- 9,4	- 10,1	0,7
Barnehage	78,4	78,4	0
Kyrkja	7,5	7,7	- 0,2
Samla netto driftsutgifter	618,6	617,4	1,2
Momskompensasjon drift	- 15,0	- 15,8	+ 0,8
Samla	603,6	601,6	+ 2,0

Resultatområda viser samla balanse i høve til opprinneleg budsjett. Inklusiv er det inntektsført 1,4 mill. kroner til skule frå skjønnsmidler, og 300 000 kroner til Haugalandsløftet (rådmannens stab). Når dette blir gjort er samla overskott på resultatområda på 2 mill. kroner. Alle lønsreguleringar blir budsjettert på fellesutgifter og seinare fordelt ut mot resultatområda. Som det går fram av tabellen er det stort avvik mellom opprinneleg budsjett og justert budsjett for fellesutgifter. I tillegg blir det løpande justert for inntekter direkte knyta opp mot utgifter for det einsskilte resultatområdet. Det vil av den grunn bli store avvik når vi ser berre på driftsutgifter og berre på driftsinntekter på det einsskilte resultatområde. I den løpande rapporteringa til kommunestyret, siste gang i tertialrapport pr. utgangen av august, er det skissert eit minusresultat frå resultatområda på rundt 4 mill. kroner for 2013. Det er teknisk som er resultatområdet som gjennom året meldte om utfordringar i å nå budsjettmålet. Sluttresultatet blei likevel samla positivt, trass i at resultatområdet teknisk fekk eit minusresultat på 3,9 mill. kroner. Det er her viktig å ta med seg at det i budsjetttrammene til resultatområda ligg eit innsparingsmål på 10 mill. kroner; og i tillegg 1,5 mill. kroner vedtatt som ekstra innsparing på stabsområdene. For resultatområda vises det til kommentarane gitt i deira årsmeldingar. I denne delen av årsmeldinga vil det bli kort fokusert på hovudpunkt med utgangspunkt i større avvik, og med kommentarer rundt spesielle forhold.

Stabsområdene inklusiv fellesutgifter kjem samla ut med overskott på 650 000 kroner. Her ligg da ekstra sparing inne med 1,5 mill. kroner pluss ordinær innsparing på 700 000 kroner, samla 2,2 mill. kroner. Det er mindreutgifter på It som i hovudsak bidrar til reduserte utgifter, men også økonomikontoret og personalkontoret bidrar positivt ved at det er vakanse i stillingar. Det ligg ikkje inne permanente tiltak for å nå ekstra innsparingsmål. Dette må i hovudsak nåast ved reduksjon av stillingar. Under fellesutgiftene ligg posten til regulering av lønsoppgjøret samt pensjonsoppgjøret. Lav lønsvekst gjorde at avsette midler dekkja utgiftene. På samhandlingsreformen som blei ein utfordring i 2012 ved vesentleg

større utgifter enn vi fekk i rammetilskotet, er utviklinga positiv i 2013, området gjev eit overskott på 550 000 kroner.

Barnehage kjem ut med eit resultat i balanse, men det er etter at området er finansiert med 1,6 mill. kroner frå fond som området har hatt. Det var budsjettert med 1 mill. kroner frå fond. Ordinær drift av de kommunale barnehagene går med overskott. Årsaken til utgiftsvekst er større overføringar til private barnehagar, og større utgifter til dekning av våre barn i barnehager i andre kommunar. Samla utgjør desse to postane kr. 1 800 000. Ved disponering av overskott for 2013, må det vurderast avsetjing til dekning av mulege meirutgifter for 2014 på dei same postane. Resultatområde barnehage hadde ikkje nye innsparingskrav i 2013.

Skule kjem ut med eit lite underskott på 250 000 kroner. Det blei tilført 1,4 mill. kroner til skulebudsjettet, ved at vi fekk tilsvarende meir som skjønnsmidler til dekning av språkdjelingsklassar. Resultatområde skule låg inne med eit samla nytt innsparingskrav i 2013 på 7 mill. kroner. Tiltak for å nå det målet blei gjort allereie hausten 2012, med nytt skuleår 2012/2013. Kostra 2013 publisert 17. mars viser at utgifter til skule i forhold til landet er på vei ned.

Aktivitet og omsorg kjem ut i balanse (eit underskott på 150 000 kroner). Resultatet kjem etter at det var lagt til grunn 3,5 mill. kroner som innsparing på området i budsjettet. 5 mill. kroner var samla innsparingsmål for omsorgstenestene, der det blei gjort ein førebels fordeling med 1,5 mill. kroner på helse og førebygging og 3,5 mill. kroner på aktivitet og omsorg. Samla fordeling av innsparing på områdene må sjåast i lys av den gjennomgangen som er gjort på innsparing på tenestene.

Helse og førebygging kjem ut med eit overskott på 4,3 mill. kroner. Overskottet er større enn det som er lagt til grunn i tertialrapporteringen gjennom året, der var prognosen eit mindre overskott. Resultatet er etter at det er lagt inn 1,5 mill. kroner som innsparing på området. Årsak til det positive resultatet, som er gledeleg, ligg m.a. meirinntekter ressurskrevjande brukarar. Ressurskrevjande brukarar fekk ei meirinntekt på kr 2,5 mill. Barnevern hadde underforbruk gjennom heile året på kr 2,8 mill. Samtidig har barnevernet store fristbrudd i undersøkelsesplikt i innmeldte saker. For 2014 har barnevernet kommet opp til forventa nivå igjen. Flyktning fekk tilført 1,3 millionar til dekning innan for resultatområdet, og dette medførte at det varsla underskotet på sosialutbetalingane vart dekkja.

Kultur kjem ut i balanse. Billettinntekter Tysværtunet bidrar positivt, medan vedlikehald Tysværtunet er ei utfordring. Resultatområdet kultur fekk eit innsparingsmål på 300 000 kroner i 2013, dette er da nådd.

Teknisk kjem ut med eit underskott på 3,9 mill. kroner. I budsjettet blei det lagt til runn eit innsparingsmål på 1,5 mill. kroner på resultatområdet. Dette er da inklusiv i negativt resultat på 3,8 mill. kroner. Resultatet er litt betre enn det som er kommunisert i tertialrapportane.

VAR-området har ei meirinntekt på 700 000 kroner. Inntekten blir å sjå opp mot renteutgiftene og avskrivningsutgiftene som er ein konsekvens av investeringar på området. Ved årsskiftet er det 2,6 mill. kroner på sjølvkostfond kloakk og 9,2 mill. kroner på sjølvkostfond vatn. Dette betyr at vi har tatt inn betaling frå innbyggjarane meir enn det området hittil har kosta, men fonda skal dei neste åra gå med til stor utbygging av vatn- og kloakkanlegg. Avgiftsauken årleg blir med det jamnare.

Inntektsposten momskompensasjon drift er 0,8 mill. kroner høgare enn budsjettert. Dette er kompensasjon for kjøp av varer og tenester som blir utgiftsført på resultatområdene.

2.4.5. Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er kommunens resultat før dekning av renter og avdrag, og før avsetjingar til budsjetterte føremål. I høve til resultat er som framkommer i Kostra avviker vi her i denne oppstillinga, ved at det i Kostra er tatt med momskompensasjon investeringar (utgjer 19,7 mill. kroner i 2013) som inntekt, medan vi vel å ta den ut og direkte føra over til investeringar. Vi meiner det gjev eit meir reelt bilete av driften. 2013 er siste året det er behov for å gjera korrigeringar inn mot føring av momskompensasjon investeringar; frå 2014 skal all momskompensasjon først investeringsrekneskapen. I tillegg har vi med som del av brutto driftsresultat bidrag frå fond og avsetjingar til fond, som er gjort innanfor resultatområda. Brutto driftsresultat for kommunen er da på 41,7 mill. kroner mot opprinneleg budsjettert 35,3 mill. kroner, ei meirinntekt på 6,4 mill. kroner.

2.4.6. Kapitalutgifter og kapitalinntekter

Samla for dette området er det opprinneleg budsjettert med netto utgifter på 22,8 mill. kroner, mens resultatet blir netto utgifter på 24,2 mill. kroner, eit svakare resultat i høve til budsjett på 1,4 mill. kroner. Årsak til svakare resultat er at vi budsjetterte med høgare utbytte og renter frå Haugaland Kraft. På renteinntektssida syner resultatet ein meirinntekt på 0,7 mill. kroner. Her har vi budsjettert forsiktig i forhold til rentenivå, og vi har også hatt sterk likviditet i året som har gitt positivt driftsbidrag. Slik vår bankavtale er, svarar det seg for kommunen å ta opp budsjetterte lån tidleg i året. Budsjettert låneopptak for året blir med det tatt opp i januar. Sterk likviditet ved starten av året, er endra til svakare likviditet mot slutten, og da inn i nytt regnskapsår. Plasseringane i obligasjonsmarknaden og i pengemarknadsfond, gav mindre avkastning i 2013 enn i 2012 (1 350 000 kroner mot 2 mill. kroner i 2012). Plasseringen gjev likevel høgare avkastning enn det vi ville fått ved å ha midlene plassert i bank. Ved årsskiftet var det plassert samla 42,2 mill. kroner i obligasjonar og fond; herav 40,3 mill. kroner i bankobligasjonar.

Renteutgiftene er 1,1 mill. kroner under budsjett. I økonomiplanen er det tatt høgde for vesentleg høgare rente framover i tid, men med dei prognoser som nå er gitt for renteutvikling framover i dei neste 4 åra, ligg vi i budsjett og økonomiplan godt over dette nivå i økonomiplanperioden. Kompensasjonsinntektene for lån gjeve til ulike føremål er på 9,5 mill. kroner, mot budsjettert 9,7 mill. kroner i opprinneleg budsjettvedtak.

Kompensasjonsinntektene er i 2013 litt høgare enn det som er sett opp som forventta inntekt dei neste åra. I desse inntekter ligg rente- og avdragskompensasjon frå Staten til investeringar i skulebygg, institusjonar og omsorgsbustadar, i tillegg kjem inntekter frå startlån, leigeinntekter Meny-bygget og frå inntektsføring frå Tysvær Arena Drift. På den siste budsjettposten var det opprinneleg budsjettert med 800 000 kroner; i kommunestyresak blei det endra til 300 000 kroner. Det er i tillegg avskrive fordring mot Tysvær Arena Drift på 930 000 kroner i samsvar med vedtak i kommunestyret. Denne er førebels finansiert med bruk av disposisjonsfond. I tillegg er utlån til Tysvær Arena Drift A/S omgjort til aksjekapital. Samla er vår aksjekapital i Tysvær Arena Drift på 2 495 000 kroner.

Kompensasjon for dekning av renter og avdrag på VAR-området gjenspeglar seg i den budsjetterte og regnskapsførte meirinntekt som ligg i VAR-området ovenfor i tabellen over resultatområda sine resultater. Dette er da ikkje del av kompensasjonssinntektene som er tatt med her. Frå Haugaland Kraft blei det budsjettert med 15 mill. kroner i form av utbytte og renter på ansvarleg lån. Dette blei gjort med bakgrunn i at gjeldande avtale med Haugaland om utbytte er gått ut, og skulle reforhandlast. Vi har i april 2013 fått melding om at utbytte/renter blir rekna med utgangspunkt i 120 mill. kroner samla renter og utbytte frå kraftselskapet. Vår andel på 9,8 % blir med det kr. 11 760 000. I høve til budsjett er det ei mindreinntekt på 3 240 000 kroner. Avdrag er i samsvar med budsjett; 26,8 mill. kroner mot budsjett 27 mill. kroner. Det er betalt inn 4 mill. kroner utover budsjett, denne summen er sett av til utgiftsføring i 2014. Utfra ei samla lånegjeld på 770,9 mill. kroner, betaler vi 3,5 % årleg i avdrag. Dette er samsvar med den plan som er lagt for nedbetaling av vår lånegjeld.

2.4.7. Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er bildet på kommunens reelle økonomiske handlefridom. Denne bør vera minimum 3 % av kommunens samla driftsinntekter inklusiv renter (samla driftsinntekter er 850 mill. kroner). Tysvær har med eit netto driftsresultat (som da ikkje har med seg momskompensasjon for investeringar) på 17,5 mill. kroner rundt 2,1 % av driftsinntektene som netto driftsresultat (4,6 % om momskompensasjon investeringar er med jfr. tal frå Kostra 2013).

Tabellen nedanfor syner hovudtala frå den store tabellen, med eit samla positivt resultat for kommunen i høve til budsjett på 5,1 mill. kroner.

	Budsjett (vedtak)	Rekneskap	Avvik vedtak/regnskap
Inntektssystemet inkl. skjønnsmidler	502,5	507,0	4,5
Eigedomsskatt	134,2	136,3	2,1
Resultatområda inkl. momskomp. drift	- 601,4	- 601,6	0,2
Brutto driftsresultat	35,3	41,7	6,4
Kapitalutgifter - netto	-22,8	-24,2	-1,4
Netto driftsresultat	12,5	17,5	5,0

2.4.8. Bruk av driftsresultatet

Momskompensasjon investeringar

Momskompensasjon investeringar er ein konsekvens av varierende investeringstakt: 13,4 mill. kroner i 2010, 8,0 mill. kroner i 2011, 5,4 mill. kroner i 2012. Årets kompensasjon er på 19,8 mill. kroner. Tilsvarende sum er overført investeringsregnskapet til dekning av momsutgiftene på investeringane. Vi har gjennomført mange investeringar i 2013, med tyngdepunkt inn mot veganlegg (Garhaug/Søvik) og barnehagane. Vatn- og kloakkanlegg er ikkje med i ordninga med momskompensasjon, her er det ordinær momsrefusjon. I 2014 vil ikkje kompensasjonen bli ført i driftsregnskapet.

Disponering av overskott 2012

Kommunestyret gjorde vedtak om at overskottet på 11,9 mill. kroner for 2012, skulle disponerast med 11,3 mill. kroner avsett til generelt disposisjonsfond og 0,6 mill. kroner til utgifter til dekning av utgifter på barnehage (barn i andre kommunar).

Overføring til investeringar

Det er brukt 400 000 kroner til investeringar frå drift. Dette er i samsvar med budsjettvedtaket.

Overføring til fond

I samsvar med justert budsjettvedtak er det overført 13,9 mill. kroner til fond for seinare bruk på investeringar.

Overskott

Overskottet, etter avsetjing av driftsmidler til investeringsfond i samsvar med budsjett, og overføring av momskompensasjon, er på 3,1 mill. kroner. Budsjetterte overføringar til ikkje-gjennomførte prosjekter blir å ta opp i samband med kommunestyret sitt vedtak på godkjenning av rekneskap og disponering av resultat. Ved framlegg av rekneskap vil det vera rådmannen si tilråding at dette overskottet i hovudsak blir sett av til vedtatte investeringar , og som oppbygging på investerings- og utviklingsfondet i samsvar med kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2013. Men det kan vera trong for å gjera vurderingar også inn mot resultatområda si drift.

2.4.9. Investeringar og utlån

Det er samla gjort investeringar på 144 mill. kroner i 2013 (85 mill. kroner i 2012, 144 mill. kroner i 2011 og 129 mill. kroner i 2010). Dette er svært høgt. Summen er langt over investeringsbudsjettet for året, men har samanheng med at det er gjennomført investeringar i 2013, der budsjettmidlene er vedtatt i tidlegare år. Tyngden av investeringane er innanfor VAR-området.

Utdjupande kommentarer og detaljer om dei einskilde investeringsprosjekta går fram av det framlagde rekneskap og kommentarar frå resultatområde.

Det har vore høg aktivitet på utlånsiden gjennom startlån i 2013. Samla er det lånt ut 13,1 mill. kroner , og etterspurnaden har vore større enn det. Kommunen søkte om å få eit tilleggslån frå Husbanken på 5 mill. kroner, men fekk avslag på dette. Samla er det lånt ut 34,8 mill. kroner i startlån ved årsskiftet.

2.4.10. Balanserekneskapet*Anleggsmidler*

Kommunens anleggsmidler ved årsskiftet var 2,045 mrd. kr. mot 1,853 mrd. kr. ved regnskapet for 2012. Dette er ein auke på vel 10 %. Deler av auken skuldast auke i verdi av våre pensjonsmidler i KLP, desse utgjør 714 mill. kr ved årsskiftet. I anleggsmidlane ligg i hovudsak elles verdien av kommunens eigedomar herunder bygg. Samla er det bokført ein verdi på 1,180 mrd. kr. Aksjekapital i ulike selskaper er på 43,9 mill. kroner, herav Haugaland Kraft på 19,6 mill. kroner, KLP på 13,1 mill. kroner og Akسدal Næringspark på 8 mill. kroner.

Omløpsmidler

Kommunens omløpsmidler ved årsskiftet er på 223,6 mill. kroner mot 284,3 mill. kroner i 2012. Dette er ein reduksjon på 27 %. Årsak til reduksjon er at våre bankinnskott er blitt redusert frå 146,6 mill. kroner til 78,7 mill. kroner. Dette henger saman med det høge investeringsnivået vi har hatt. Likviditeten i nytt regnskapsår kan med det bli utfordrande. Under omløpsmidler ligger også plasserte midler i bankobligasjoner på 42 mill. kroner, desse er svært likvide. Under omløpsmidler ligger også de kortsiktige fordringane på 97,7 mill. kroner.

Kortsiktig gjeld

Samla kortsiktig gjeld er på 86 mill. kroner, mot 110,5 mill. kroner i 2012. Tyngden av kortsiktig gjeld er gjeld til leverandører av varer og tenester.

Langsiktig gjeld

Kommunen si lånegjeld er ved årsskiftet på 770,7 mill. kroner (734,5 mill. kroner i 2012). Auka lånegjeld er på 36,2 mill. kroner. Auken har sin årsak i budsjetterte låneopptak til gjennomføring av vedtatte investeringar til vatn og kloakk. Lånegjelda blir målt i høve til samla driftsinntekter i kommunar – dette skal gjenspeglar vår evne til å betala avdrag og renter som konsekvens av lånegjelda. Ved årsskiftet er lånegjeld i % av samla driftsinntekter inklusiv renteinntekter (850 mill. kroner) på 90 % (86 % i 2012). Tala syner at vi er sterkt bundet opp på gjeldsiden. Den handlingsregelen som kommunestyret vedtok ved siste budsjetthandsaming – lånegjeldsdelen i % av samla driftsinntekter på det kommunen sjølv må dekkja skal vera stabilt – er det heilt sentralt for kommunen å oppnå i åra framover. Reell lånegjeld = det kommunen må dekkja inn med eigne midlar er ved årsskiftet på 438 mill. kroner (437 mill. kroner i 2012). Det inneber at 333 mill. kroner blir eller blir forutsatt heilt (både renter og avdrag) eller delvis (renter) dekkja av andre gjennom gebyrer vatn og kloakk (grunnlag 164 mill. kroner), skuleutbygging (58 mill. kroner), omsorgsutbygging (30 mill. kroner), Tysvær arena (10 mill. kroner), Meny-bygget (35 mill. kroner), kyrkjene (2 mill. kroner) og startlån (34 mill. kroner). Reell lånegjeld i % av samla driftsinntekter utgjør med det 51 % (51 % i 2012) ved årsskiftet. Vi har reelt same gjeldsnivå som ved førre årsskiftet. I berekningane har vi tatt med lån som kompenserte lån, sjølv om deler av lånemassen berre får dekkja renteutgiftene. Under langsiktig gjeld ligger også våre pensjonsforpliktelser i KLP. Dette er midler vi skylder tidligere og nåværende ansatte i fremtidig pensjon. Dette utgjør 958 mill. kroner, og blir å sjå opp mot våre pensjonsmidler i KLP på 714 mill. kroner. Dette gjev årlege utslag på driftssiden på pensjonsutgiftene.

Eigenkapital

Samla eigenkapital er 453 mill. kroner. I eigenkapitalen ligger alle fondene til kommunen. Samla fond er på 119 mill. kroner mot 116 mill. kroner i 2012. Ubundne fond (kommunestyret kan gjera vedtak om bruk, eller endra føremål i høve til tidlegare vedtak), utgjør 100 mill. kroner, av dette utgjør investerings- og utviklingsfondet 15 mill. kroner før årets overføring frå drift på 14 mill. kroner kan tilføres fondet.

2.4.11.Oppsummert økonomi 2013

Kommunen får eit litt betre resultat for 2013 enn for 2012, og det vesentlege er at det er betre enn budsjett. Deler av årsaken til auke er at vi får meir eigedomsskatt enn budsjettert med. Dette er ei inntektskjelde som vil endra seg sprangvis, og det er ei utfordring når driften byggjer på desse inntekter, og da er avhengig av årleg vekst til dekning av utgiftsutviklingen. Lånegjeldsbildet er stabilt, der rundt 50 % blir dekkka heilt eller delvis av andre. Høge investeringar gjer at likviditeten kan bli pressa i 2014. Kraftig reduksjon av bankinnskott i 2013.



Del 3 VIRKSOMHETSRAPPORTERINGAR 2013

3.1 Sentral politisk og administrativ verksemd

3.1.1 Heilskapsvurdering

Tysvær har dei siste åra gjort endringar både i administrativ og politisk struktur og har i hovudsak ein struktur tilpassa dei oppgåvene og utfordringane som ventar kommunen i åra framover. I 2013 vart mindre justeringar i organisasjonen gjort i teknisk ved å slå saman drift og utbygging til felles seksjon Drift og eigedom frå august 2013. Vurderingar for samanslåing av mindre seksjonar på teknisk har pågått hausten 2013. På nyåret 2014 har ein fortsett dette arbeidet og med sikte på meir avklart arbeidsdeling mellom planavdelinga i rådmannsstaben og avdelingar på teknisk.

Sentral politisk og administrativ verksemd består av politiske råd og utval og rådmannstaben. Politiske utval og råd har i 2013 hatt mange møter og behandla mange viktige saker.

Rådmannstaben besto i 2013 av rådmann og dei 3 stabane økonomi, personal og organisasjon og plan/næring. Gjennom året er det arbeida med mange prosjekt og oppgåver som har krevd store administrative ressursar. Arbeidet med kommunal planstrategi og store sektorovergripande planprosessar har vore framtidsretta, interessant og spennande. Med dei økonomiske utfordringane og behovet for omstilling i kommunen i åra framover er krevjande og viktige prosessar starta. Gjennom desse prosessane er sentrale steg tatt for å kunne vidareutvikle kommunens tenester på ein berekraftig måte i åra framover. Arbeidskraftutfordringane og konkurransesituasjonen framover krev auka innsats frå kommunen for å behandle og rekruttere gode tilsette.

Årsmelding 2012 og 2013 har endra format i forhold til tidlegare årsmeldingar. Dette har samanheng med at Tysvær kommune ønskjer å forbetre, forenkla og vidareutvikle det kommunale styrings- og rapporteringssystemet slik at det vert enklare både for politikara og administrasjon å utarbeide og vurdere resultat frå år til år og gjennom året.

Plan og utvikling/næring

Planavdelinga i rådmannstaben har i 2013 hatt plansjef og prosjektleiar i 50% stilling. Planavdelinga har et nært samarbeid med teknisk om kommuneplanarbeidet, prosjektstyring og annet utviklingsarbeid. På plansida har det i 2013 vore jobba med kommunal planstrategi og planprogram for ny kommuneplanrullering, beredskaps-plan og utbyggingsstrategiar og bustadpolitikk m.m. Prosjektleiar har hatt ansvar for 3 barnehageprosjekt, nøkkeltalsanalyse, styringssystem, kvalitetssystem og fleire andre prosjekt og utgreiingar. Planavdelinga har prosjektansvar for pilotkommune-prosjektet for universell utforming og deltek i mange tverrsektorielle planprosessar og med planar i resultatområde.

Store deler av kommunens næringsarbeid skjer i regi av Haugaland Vekst med eigen næringsansvarlig for Tysvær som samarbeider både med politisk leiing, plansjef og andre resultatområder og seksjonar.

Tysvær kommune gir driftstilskot til Haugaland Vekst og diverse felles interkommunale prosjekt, Destinasjon Haugesund og Haugalandet AL Haukelivegen og Maritimt Forum.

Tysvær kommune er også medlem i nettverk for petroleumskommunar og Greater Stavanger sitt Europakontor.

Tysvær kommune blei i 2010 ein av 5 Rogalandskommunar " Pilotkommune for universell utforming". Den tverrsektorielle arbeidsgruppe har i 2013 hatt fokus på kompetansebygging. Kommunen har og mottatt økonomiske midler frå Barne-, familie- og likestillingstillingsdepartementet og Miljøverndepartemente til dette. Kommunen har m.a. mottatt støtte til utbetring og lyssetting av turløypa rundt Bongsatjønn.

Det er viktig at den kompetansen som kommunen nå har fått blir nytta i vidare arbeid i kommunen. Plan og bygningslov stiller strengare krav til universell utforming ved planlegging og utforming av bygg og uteområder. Universell utforming og tilgjengelighet for alle er eit haldningsspørsmål . Prinsippa om universell utforming er overgripande og må implementarast i heile kommunen sitt planleggings- og fagmiljø.

Personal – og organisasjon

Personal- og organisasjon har hatt eit aktivt år. Hovudfokus er kartlegging av område som treng opprydding, kvalitetssikra og utarbeida interne rutinar, utarbeiding av planar for drifta og kommunedekkande system og opplæring og oppfølging av desse. Det blir arbeida med å arbeida mest mogleg effektivt og få til godt samarbeid mellom dei ulike kontora innan PO. Det har også vore gjennomført nødvendig kompetanseheving. Det har også i 2013 vore arbeidd med å få budsjett som er rette i forhold til KOSTRA, og for å utvikla budsjettet som styringsverktøy. Alt dette blir vidareført i 2014.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har lagt eit travelt år bak seg. Oppgåvemengda er aukande, kompleks og kompetansekreivjande, og kontoret operera heile tida i spenningsfeltet mellom løypande drift og tid og rom til utviklingsoppgåver. Det er framleis ein veg å gå i å markera tydelegare ansvars- og oppgåvedeling mellom stab og linje. Satsing på kompetanse er eit bevisst og nødvendig grep for å bli i stand til å yte gode tenester og kunne bidra til å utvikle ein kommune i vekst på ein god måte. Økonomikontoret er organisert i avdelingar for drift, skatt/innfordring og i stab der innkjøp er plassert.

Økonomisjefen blei i 2013 utnemnd til fast stedfortredar for rådmannen.

Skatteavdelingen innkrever skatt og arbeidsgjevaravgift på vegne av stat og kommune. Skatteetaten sitt resultatkrav vedrørande innfordring av restskatt 2011 pr. 31.12.2013 var på 96,3 %. Kontoret oppnådde resultatet 94,6 %. Avdelingen har i tillegg ansvaret for tvangsinnfordring av alle kommunale avgifter. I 2013 har ein totalt hatt 3.063 saker til innfordring; dette er fakturakrav som ikkje er betalt innan forfall. Av disse er 2.902 saker løst (betalt).

På innkjøpsområdet i kommunen er aktiviteten aukande. Det stilles stadig sterkare krav til Innkjøp er organisert i stab på økonomikontoret. *Innkjøpsstrategi* for åra 2011 – 2015 vart vedteken av kommunestyret i juni 2011 Innkjøpsstrategien teiknar rammene og peikar ut retning for arbeidet med innkjøp frametter. Innfasing av tiltak i innkjøpsstrategi skjer løpande. Ein sentral del av innkjøpsarbeidet er innføring av e-ordre som del av et fullintegrert ehandelsprosjekt. *E-Ordre* blei innført i 2012 som del av reinhaldsprosjektet. I

2013 blei systemet vidareinnført til heile kommunen, samstundes som fleire produkt blei gjort tilgjengelege. Tysvær Kommune deltek i innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, ei uformell samarbeidsordning mellom kommunane her, der Haugesund og Karmøy får betalt etter folketal for å vera dei som står for gjennomføringen av avtalane. Telefoni er eit godt døme på interkommunal avtale som sparar kommunen for betydelege beløp.

Økonomi drift har ansvar for dagleg og god fagleg drift av lønn, rekneskap og budsjettoppfølging. Fagfeltet er stort og inneber god kjennskap til alle resultatområda. Lønn sendte ut ca 19 500 lønnslipper i 2013. I tillegg kjem arbeid med alle endringsmeldingar på fastlønn og rapporteringar. Tysvær kommune mottok ca 30 000 faktura til behandling. Ca 30 % av desse er elektroniske. Regnskapsfunksjonen har i 2013 arbeid med å få fleire faktura på elektronisk format, det er svært arbeidssparande for kommunen. Rett rekneskapsføring er viktig, ikkje mist i forhold til rapportering som vi får dokumentert gjennom Kostra. Økonomikontoret arbeider løpande med å få på plass betre dokumentasjon av rekneskap og budsjett. I budsjettarbeidet har økonomikontoret hatt stort fokus på at budsjettet skal vere eit reelt styringsverktøy. Vi har arbeidd ein del med periodisering, og å få på plass reelle budsjettendringar mellom artar og tenester slik at budsjettet blir styringsverktøy på detaljnivå – ikkje bare på rammenivå.

Økonomikontoret har som målsetjing å få bort mest mogleg av manuelle oppgåver og jobbar kontinuerlig med å få verktøy som effektiviserer arbeidsprosessane og sikrar nøyaktighet i arbeidet.

3.1.2. Hendingar og aktivitetar

- Kommunal planstrategi og planprogram for neste kommuneplanrullering vedtatt i kommunestyret 18.6.2013
- Haugaland Vekst regionråd – 10 kommunar frå 1.1.2014
- Arbeidet med utbyggingsstrategiar og bustadpolitisk strategiplan set fokus på viktige område for berekraftig samfunnsutvikling og kommuneøkonomi
- Tysvær er blitt med i prosjektet trafikksikker kommune
- Pilotkommuneprosjektet for universell utforming. Fått tildelt ekstra midler til universell utforming av friområde Bongsatjørn + universell utforming og trafikksikring rundt Førland skule og barnehage og Fjørslilkebris
- Utviding av Førresdalen barnehage og Hinderåvåg barnehage pågår. Førresdalen barnehage under ombygging og rehabilitering.
2 nye omsorgsbustader ved Hamrane Avlastning og bustader bygd og ferdigstilt i januar 2014.
- Arbeid med kommunedekkande kvalitetssystem vart starta opp
- Leiaropplæringsprogrammet pågjekk heile 2013.
- Det vart i samband med leiarutviklingsprogrammet utarbeida kompetansekatalog og leiarverdiane: RAUS, OPEN, MODIG og ANSVARLEG
- Fellesekretariatet sto for gjennomføring av stortingsvalet
- IT hatt ein representant med i prosjektet «Vestlandsløftet». Dette fordi Tysvær kommune var tidleg ute med elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og fastlegane.

- Servicetorget har gjennomført kompetansebygging innan det tekniskfagelege feltet
- Det er i 2013 ferdigstilt 4 bustader for familiar i Frakkagjerdalen. Desse er alle tatt i bruk
- Økonomikontoret har arbeidd med utvikling av kommuneovergripande regelverk.
- Fylkesmannen overtok ansvaret for overformynderiet fra 1. juli 2013. Overgangen medførte ein del ekstra arbeid for kommunen.
- Taksthefte som inneheld alle betalingsssatsar for betalbare tenester for innbyggjarane er utarbeida for første gang. Arbeidet med takstheftet vil vidareførast i 2014.
- Nøkkeltals- og styringsrapporten som følgde budsjettet for 2014 er laga av økonomikontoret i samarbeid med planavdelinga. Rapporten er eit godt grunnlag for vidare arbeid med analyse av kommunen sine nøkkeltal.
- Eigedomsskatt – taksering nye utbyggingar.
- For kommunen si bilordning er det signert kontrakt om kjøp og drift av elektronisk kjørebok. Hensikta med denne avtalen er å sikre dokumentasjon av at bilbruken oppfyller likningsmyndighetenes krav.
- Innfasing av ny reinhaldsseksjon vart avslutta juni 2013.
- Automatiserte generelle it-tilgangar (brukaradministrasjonsprosjektet) det arbeid med .
- Økonomikontoret har i samarbeid med IT også bidrege til at kommunen fekk opp ny intranettløyning (arbeidsflate).

3.1.3. Måloppfølging

Fokusområder – Mål	Status måloppnåing
Politikk:	Nytt kommunestyre og nye politiske utval har hatt fokus på framtidretta overordna styring av kommunen gjennom arbeidet med kommuneplan 2012-2024, budsjett- og økonomiplanarbeidet, og ved dei nye overordna plangjennomgangane som er i gangsett (utbyggingsstrategiar og bustadpolitikk, samla omsorgstenester for barn og unge),m.m.

3.1.3.1. Plan og utvikling

Fokusområder – Mål	Status måloppnåing
<p>Plan: Heilskapleg plan- og styringssystem:</p> <p>Prosjektstyring/deltaking:</p>	<p>Kommunal planstrategi og planprogram for ny kommuneplaneplan 2015-27 vedtatt.</p> <p>Overordna kommuneROS og ny beredskapsplan under utarbeiding</p> <p>Kommunedelplan for kulturminner under arbeid</p> <p>Arbeidet med utbyggingsstrategiar og bustadpolitisk strategiplan under arbeid</p> <p>Deltaking i barn og unge gjennomgangen og helse og omsorgsgjennomgangen</p> <p>Nytt styringssystem under utvikling</p> <p>Demografi og nøkkelstalsanalyse</p> <p>Aksdalutviklinga</p> <p>Områdereguleringsplan for Frakkagjerd sentrum</p> <p>Førresdalen barnehage</p> <p>Hinderåvåg barnehage</p> <p>Førresfjorden barnehag</p> <p>Hamrane Avlastning og bustader</p> <p>Pilotkommuneprosjektet for universell utforming</p> <p>Trafikksikker kommune(plan, teknisk,mfl)</p>
<p>Næring:</p>	<p>Tiltaks- og næringsfondet:</p> <p>Tildeling av tilskot til Nedstrand båtforening, servicebygg kr. 50.000,-.</p> <p>Verkstaden kr. 50.000,-.</p> <p>Medlemskap i Greather Stavanger sitt Europakontor inngått frå 1.1.2013. Formannskap, rådmannsgruppe og HV besøkte Brusselkontoret i oktober 2013</p> <p>Nedstrand 2020 ble i 2013 tatt med i fylkeskommunen og KMD si satsing på lokalutvikling i kommunane LUK saman med andre prioriterte områder i Rogaland. Prosjektet arbeiderut årlege handlingsplanar. Mottatt 1 mill i LUK midler og 225.000 i RUP midler i 2013.</p>

3.1.3.2. Personalkontoret

Fokusområde – mål	Status måloppnåing
Leiarutviklingsprogram	Har pågått heile 2013 og slutført mars 2014. I samband med leiarutviklingsprogrammet er det utarbeida leiarverdiane; RAUS, OPEN,MODIG og ANSVARLEG. Det er også utarbeida kompetansekatalog for leiarar i Tysvær kommune.
Innføring av kommunedekkande kvalitetssystem	Pågår. Systemet som vart valt var RiskManager og leverandøren er Digitalkvalitet. Systemeigar er personal – og organisasjonssjef. Prosjektet er eit samarbeid mellom perosnal, IT og fellessekretariatet. Avviksystem er ein del av dette og her pågår det opplæring.
Arbeid med oppdatering og utarbeiding av diverse personalpolitiske retningslinjer og system	Dette arbeidet pågår kontinuerleg. I samband med utarbeiding av kommunedekkande kvalitetssystem er det viktig at me har oppdaterte reglement, retningslinjer og prosedyrar.
Starta arbeidet med ny personalhandbok og ny HMS – internkontroll.	Pågår. Ny personalbok og internkontroll blir lagt inn i det nye kvalitetssystemet. Arbeidet med personalhandboka skal vera slutført innan 1.juli 2014.
Starta arbeidet med utarbeiding av overordna arbeidsgjevarstrategisk dokument	Er ikkje påbegynt. Arbeidet har vore utsett i påvente av at leiaropplæringsprogrammet skulle bli ferdig.
Fellessekretariatet	
Yta effektive interne tenester innan post, sak og arkiv	Måloppnåing er vanskeleg å definere, men avdelinga har arbeidd og arbeider vidare med rutinar som omhandlar effektivitet og kvalitet i dokumentflyten. Dette vert gjort ved informasjon og kvalitetssikring av interne rutinar og rutinar på tvers i organisasjonen. Tilsetjing av ny fagansvarleg for dokumentsenteret vil stryke dette arbeidet vidare.

Fokusområde – mål	Status måloppnåing
Serviceorg	
Fri rettshjelp	<p>Kommunen vidarefører i 2014 det populære tilbodet om gratis advokathjelp til innbyggjarane. Fram til 2013 var dette eit prøveprosjekt i regi av Justisdepartementet, og kommunane fekk tilskott frå departementet til å lønne advokatane som var med i ordninga.</p> <p>No stiller advokatane gratis, mot at Servicetorget administrerer ordninga.</p>
WEB	<p>I 2012 tok kommunen i bruk ny internettportal. Omlegginga har vore krevande, og den største utfordringa har vore knytta til systemleverandør. Vi avsluttar no dette samarbeidet og satsar på eit tettare samarbeid med Haugesund kommune på kompetansebygging. På driftssida har vi godt samarbeid med IT avdelinga.</p> <p>Når det gjeld brukarvennleg innhald på nettsidene vil det ha høg prioritet også i 2014.</p>
Omdømme	<p>Servicetorget er kommunen sitt ansikt utad, og har såleis eit viktig ansvar for bedrifta Tysvær kommune sitt «rykte på bygda».</p> <p>Service, kompetanse og fleksibilitet er nøkkelord for å oppnå ein god tone med dei som henvender seg til oss.</p> <p>I omdømmesamanheng har vi også utarbeida ein del merkevareartiklar, som grafisk profil/kommunefilm/kommunebrosjyre/pennar/refleksar/rollupar/omslagsmapper og krus. I 2013 vart det sett av pengar i budsjettet, slik at dette arbeidet no kan vidareførast.</p>
Kompetanse-kartlegging	<p>Servicetorget tilstrebar å spisse medarbeidarane sin kompetanse i takt med kva innbyggjarane etterspør av tenester. Dette krev også utstrakt samarbeid med dei ulike resultatområda i organisasjonen.</p> <p>Vi jobbar framleis med å komme i gang med målretta tiltak på kompetanseheving.</p> <p>Utfordringa i Servicetorget er å få samla alle tilsette i ein travel kvardag.</p> <p>Smidige samarbeidsrutiner på tvers i Personal- og organisasjon gjer det no imidlertid mogeleg for Servicetorget å til tider kunne jobbe uforstyrra med nødvendig kompetansebygging.</p>

Fokusområde – mål	Status måloppnåing
IT - kontoret	
Kvalitetssystem for heile kommunen	Pågår. Systemet som vart valt var RiskManager og leverandøren er Digitalkvalitet. Prosjektleder er tilsett på IT, men dette er eit stort prosjekt for heile organisasjonen og det vert jobba godt i heile organisasjonen med å utarbeida og leggje inn prosedyrar i systemet. Avvikssystem er ein del av dette og her pågår det opplæring.
System for administrasjon av brukarar	Innført. Systemet har vore i drift i sidan februar 2013, men vil bli utvikla vidare for å få automatisert fleire funksjonar.
Dynamiske arbeidsflater (nytt intranett)	Innført. Systemet er innført, men dette vil vere under stadig utvikling i åra framover
Opp gradering av Metaframe løysinga	Avslutta og har gitt alle tilsette i Tysvær Kommune ein stabil og god tilgang til datasystema som er i bruk dagleg.
Forbetring av nettverket	Pågår. Det er utført mykje godt arbeid i 2013, men det står att ein del nødvendig arbeid for å få enda betre kontroll og styring på bruken av nettverket vårt. Dette gjeld kva tilgangar dei forskjellige brukarane skal ha inn i nettet til Tysvær Kommune. Gjeld både interne og eksterne brukarar
Prosjektorar på møteromma på rådhuset	Avslutta. Møteromma Kårstø, Lars Hertervig, Cleng Persson, kantina og Sandsgård har fått fast montert prosjektorar og nye lerret.
Full bemanning på IT	IT fekk i stillinga som har vore vakant i eitt år.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Bustadforvaltning	
Kommunen skal til eikvar tid ha tilstrekkeleg med bustader til personar som treng dette p.g.a alder, helse, funksjonshemming eller av andre årsaker.	Det er i 2013 ferdigstilt 4 familiebusstader for vanskelegstilte i Førresdalen. Det er framleis behov for både omsorgsbustader, trygdebustader og bustader for andre vansklegstilte i kommunen. Det har særskilt vore behov for personar som aktivt rusar seg. Kommunen leiger no inn 26 private bustader for vidareutleige.
Etablere gode rutinar og kapasitet for oppfølging i bustad	Det er framleis stort behov for praktisk oppfølging og rettleiing av personar som bur i kommunale bustader. Dette gjeld særskilt flyktningar, personar med rusproblem og psykisk sjuke.
Etablere gode rutinar for vedlikehald av kommunale bustader	Det er framleis behov for å sette av økonomiske ressursar til vedlikehald av kommunale bustader.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Fairtrade	
Informasjonsarbeid om Fairtrade	Det er i 2013 drevet aktivt informasjonsarbeid om Fairtrade. I Hovedsak er dette gjort i samarbeid med Fairtrade Karmøy og kyrkja med hjelp av motatte midlar frå NORAD. Det er og drevet informasjonsarbeid i.f.t einskildbedrifter i kommunen. Kommunen har ikkje satt av egne midlar til dette formålet.
Arbeide for auka bruk av Fairtradesertifiserte varer i kommunen	Det blir servert Fairtradesertifisert kaffe på Rådhuset og ved andre kommunale arbeidsplasser. På Rådhuset viser det seg at det er vanskeleg å få til at m.a Fairtradesertifisert kaffe blir servert til alle møter og samankomstar. Fleire butikkar i kommunen har nå eit godt utval av Fairtradesertifiserte varer.
Sal og skjenking av alkohol	
Gi god og rett informasjon til sal og skjenkestader for alkohol.	Det er gitt informasjon og rettleiing til sal og skjenkestader om alkoholloven.
Avhalde kunnskapsprøve i Alkoholloven og Serveringsloven	Det er i 2013 avhalde 10 kunnskapsprøvar i Alkoholloven og Serveringsloven.
Utføre kontroll med sal og skjenkestader	Kontroll av sal og skjenkestader er utført at Securitas as. Det er i 2013 ikkje avdekka avvik / brot på alkoholloven i kommunen.

3.1.3.3. Økonomikontoret

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Kvalitetsutvikling	Økonomikontoret har en veg å gå på skriftleggjing av rutinar og handbok. Gode prosessar er starta.
Effektivisering	Økonomikontoret jobbar med effektivisering i fleire prosessar. Sidan 2011 har kommunen mottatt elektroniske faktura, og arbeidet gir gode resultat. Status for 2013 er at ca 30 % av fakturaene nå kjem elektronisk. Ferie og fråvær på web vil effektivisera og optimalisere arbeidet med fråvær.
E-handel	Omsetning over E-Handelsplattforma via E-Ordre var jan.2013 kr 99 277, januar 2014 var omsetninga nær dobla, kr 184 298. Målet er å auka dette vesentleg utover.
Rapportering/budsjettprosess	Arbeidet med å effektivisera og betra rapporteringsrutinar vart vidareført i 2013. Budsjettprosessen for 2014 vart effektivisert og arbeidet meir systematisk. Økonomikontoret jobbar vidare med utforming av betre malar og fleire rapportar som gir god informasjon.
Opplæring i organisasjonen	Økonomikontoret driv ei utstrakt internopplæring innan alle fagfelta. I 2013 har mykje av fokus vore på KOSTRA, generell økonomiforståing og løn. Løn har halde eindel opplæring på generell bruk av data for mange tilsette, for at dei sjølve kan hente og lese lønslippen sin.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Nye innkjøpsavtaler i eigenregi	<ul style="list-style-type: none"> - Formingsmateriell - Inn på Tunet tenester, berre ein vidareføring av eksisterande avtale - HMS tenester - Helsepersonell - Arealplanlegging rammeavtale konsulent - Veterinærtjenester - Konsulent OU tenester barn og unge - Septiktank tøyming - Reguleringsplan Tysværvåg Slåttevik - Reguleringsplan Frakkagjerd - Konsulent kartlegging av strandsone - Volumavtale med Haugesunds Avis - Bruk av opsjonsavtale advokattjenester barnevern
Nye innkjøpsavtaler i regi av innkjøpssamarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> - Hotelltenester - Teletenester - VA / VVS materiell
Kontraktsoppfølging	Kontraktsoppfølging er viktig for å sikre at kommunen får mest mulig verdi ut av avtalene. Dette er eit kontinuerleg arbeid, både på system og einskildnivå. Kommunen har svært mange kontraktar og burde hatt et kontraktstyringsverktøy for betre oversikt. Ein er i dialog med Haugesund kommune om innkjøp av felles kontraktstyringsverktøy
Rådgjeving	Innkjøpsleiar jobbar mykje med rådgjeving til linja i innkjøpsfaglege spørsmål. Resultatområdet teknisk har det klart største behovet her.
Kompetanseheving	Kommunen er i stadig endring og møter nye utfordringar. Økonomikontoret spelar ei viktig rolle for at kommunen skal lykkast i sitt arbeid. God, rett og oppdatert kompetanse er avgjerande for at vi kan yte den servicen som blir venta av oss til ei kvar tid.

3.1.4 Rekneskapsresultat

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	64.439.516	64.319.407	120.109	100
Brutto driftsinntekter	-9.885.117	-9.272.303	-612.814	107
Netto driftsresultat	54.554.399	55.047.104	-492.705	99

Felleskostnader

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	24.722.714	24.486.862	235.852	101
Brutto driftsinntekter	-127.723	-114.235	-13.488	112
Netto driftsresultat	24.594.991	24.372.627	222.364	101

Samhandlingsreforma

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	12.008.695	12.562.800	-554.105	96
Netto driftsresultat	12.008.695	12.562.800	-554.105	96

Kyrkja

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	7.721.689	7.537.000	184.689	102
Netto driftsresultat	7.721.689	7.537.000	184.689	102

3.2. Resultatområde barnehage**3.2.1. Heilskapsvurdering**

Tysvær kommune har pr. definisjon full barnehagedekking. For å innfri dette kravet har det vært faste plasser i mellombels lokale i Skjoldastraumen og Hinderåvåg på lik line med Førre år. Pr. 15.12.2013 var det 720 barn som hadde eit barnehagetilbod som er 6 barn fleire sammenlikna med 15.12.2012. Førresdalen barnehage som er under utbygging har hatt færre barn enn det barnehagen er godkjent for.

Resultatområdet har gjennomført fleire kompetansehevingstiltak for dei tilsette i barnehagane. «Være sammen» har vært eit satsingsområde for alle barnehagane i kommunen. Det er utdanna fleire rettleiarar i kvar barnehage som saman med styrar har ansvar for å implementere prosjektet. Dette er og eit prosjekt i Haugalandsløftet der 9 av 10 kommunar deltar.

Haugalandsløftet har i tillegg ført til fleire gode prosjekt i barnehagane. Aksdal barnehage har saman med Sagatun barnehage, Grinde skule og ressursteam for skulane i Haugesund eit prosjekt «Utfordrande åtferd i barnehage og skule» med Pål Roland (Senter for atferdsforskning) som rettleiar. For å sikre spreiding av kompetansen har 5 barnehagar og 2 skular deltatt med to ressurspersonar. Andre prosjekter i Haugalandsløftet er «BRAVO», Fleirspråklige barn, BTI.

3.2.2. Hendingar og aktivitetar

- Oppstart renovering av Førresfjorden barnehage. Under renovering av barnehagen har tilsette og barn nytta lokala til gamle Aksdal/Alvanuten barnehager.
- Utviding av Førresdalen barnehage til 144 plassar ble starta.
- Prosjektering utviding av Hinderåvåg barnehage med ca. 20 plassar
- bLEST arrangement – tema «Vennskap» - utstilling og filmvising på Tysværtunet.
- Sommarfest for 5-åringane (dei som skal byrje på skulen) på Sandbekken
- Haugalandsløftet – utdanning av rettleiarar i «Være sammen» og implementering av programmet i barnehagane. Hovudmålet med «Være sammen» er å implementere den autoritative voksenrollen («varme grensesettande vaksne»)
- Nytt elektronisk barnehagesystem – «Hypernet»
- Felles foreldremøte med Haugesund i regi av Haugalandsløftet – Tema: Utfordrande åtferd m/Pål Roland
- Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Tysvær kommune som barnehagemynde – det ble gitt ingen avvik.

Mange gode tiltak og arrangement i barnehagane

- Førresdalen har eit godt omdømme – har klart å trygge føresette i samband med utbygging.
- Frakkagjerd barnehage – budsjettmidlar til utbetring av uteleikeklassen
- Aksdal barnehage – første «Løvebarnehagen» på Haugalandet. Det betyr at barna kan «Løveloven» og er forplikta til å følge den. «Være sammen» er implementert i barnehage.
- Førland barnehage – fikk Arbeidsmiljøprisen 2012
- Førresfjorden barnehage – tilsette i barnehagen har tatt på seg forelesingsoppdrag på ulike konferansar , andre kommunar og HSH
- Tysværvåg barnehage – arbeid med BRAVO for dei minste barna. Bravo – leiken er utvikla for å fremma motorisk og språkleg utvikling gjennom korte leikeøktar.
- Hinderåvåg barnehage – fagleg utvikling i personalgruppa gjennom «Være sammen»
- Skjoldastraumen barnehage – endelig vedtak om bygging av ny barnehage i Skjoldastraumen i privat regi

3.2.3. Måloppfølging

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Tilby barnehageplass til alle som søker i rimeleg nærleik til bustad.	Ved hovudopptak 2013/2014 fekk alle som har rett til barnehageplass eit tilbod. Nokre søkjarar til Førland – og Tysværvåg barnehage fekk ikkje innfridd 1. ønske.
Styrkje barnehagen som læringsarena. Lage ein oppdatert plan for vidare og etterutdanning av personale i barnehagen	Resultatområdet har starta arbeidet med å utarbeide «Strategi for kompetanse heving» for alle barnehagane i kommunen.
Fleksible barnehagebygg slik at drifta kan endrast og tilpassast situasjonen i ulike barnegrupper	Ved utviding/renovering av Førresfjorden – og Førresdalen barnehage har det vært fokus på å gjere bygga meir fleksible.
Vidareføre arbeidet med å sikre eit heilskapleg og likeverdig barnehagetilbod med god kvalitet	Resultatområdet har god rutine på å sikre at alle barnehagane deltek på felles kompetansehevingstiltak.
Kommunen si rolle som barnehagemyndemå sikrast	Barnehagesjefen utfører dette som ein del av stillinga.

3.2.4. Regnskapsresultat

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	101 606 291	100 770 898	100,8	-835 393
Br. driftsinntekter	(23 161 430)	(22 427 873)	103,3	733 557
Nt. driftsutgifter	78 444 860	78 343 025	100,1	-101 835

Førebelse tal syner eit negativt avvik på ca. kr. 100.000. Rekneskapet er finansiert med bundne driftsfond på ca. 1,6 mill. Dette skyldast i hovudsak overføring til ikkje – kommunale barnehagar og betaling av barnehageplass for barn busett i kommunen som har barnehagetilbod i ein annan kommune.

Overføring til ikkje kommunale barnehagar har vært underbudsjettet kvart år sidan barnehagetilskotet ble innlemma i ramma.

Tysvær kommune har gjort endeleg vedtak for driftstilskot 2013

Vedtaka er som følgjer:

Espira Garhaug barnehage as: Endeleg vedtak: kr. 10 033 050, førebels vedtak basert på budsjett 2013 kr. 9 499 967. Restanse til utbetaling er kr. 540 083 pga. auke i aktiviteten (tatt inn fleire barn) i løpet av 2013.

Aspmarka FUS barnehage as: Endeleg vedtak: kr. 8 737 303, førebels vedtak basert på budsjett 2013:kr. 8 770 704. Restanse til tilbakebetaling kr. 33 401.

Driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar baserer seg på gjennomsnitt på kostnad for kommunale heiltidsplassar. Endeleg sats pr. heiltidsplass for 2013 er: kr. 167 000 for små barn og kr. 80 000 for store barn.

Rekneskap for resultatområdet blir på bakgrunn at auke i driftstilskot til ikkje – kommunale barnehagar endra og prognosen blir eit negativt avvik på ca. kr. 500 000

3.2.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet

- Plan omstilling barn – unge Styrkingstiltak i barnehage. Formålet er: Korleis utvikle barnehagen sitt system (systemretta) og tilsette sin handlingskompetanse, slik at en kan gi fleire barn et tilrettelagt tilbod innanfor ordinær drift.
- Det må vurderas å utvide barnehagekapasiteten i Tysværvåg då det pr. d.d i mangel på barnehageplassar.
- Barnehagesituasjonen på Førland må avklarast.
- Arbeide vidare med kommunale/interkommunale prosjekt i Haugalandsløftet
- Kommunale/interkommunale prosjekt: «BTI – betre tverrfagleg innsats» - Stafettlogg
- «Være sammen» eit metodisk program som har fokus på relasjonskompetanse hos dei vaksne og som er ein vidareføring av prosjektet «Utfordrende atferd i barnehage og skule».
- «Fleirkulturell pedagogikk i barnehagane» – Kompetansespreiing av pedagogisk praksis i Førresfjorden barnehage til alle barnehagane i kommunen
- «Bravo» - metodisk språkverktøy for de minste barna
- Kvalitetshåndbok – revidere rutiner / prosedyrer og ta i bruk elektronisk kvalitetshåndbok.
- Implementere «Hypernet» - fullelektronisk opptakssystem for barnehageplass.
- Frakkagjerd barnehage – avklare barnehagen si framtid. Viss barnehagen skal være i drift i lang tid framover må den renoverast.
- Aksdal barnehage – vurdere utviding av barnehagen.

3.3. Resultatområde skule

3.3.1 heilskapsvurdering

Tysværskulen har i 2013 hatt ei positiv utvikling. Det er spesielt gledeleg å få tal som syner at våre elevar klarar seg godt i den vidaregåande skulen både når det gjeld gjennomføring og resultat. Her ligg vi blant dei fremste i fylket. I 2013 ligg vi på fylkessnittet på grunnskulepoeng (samla resultat av standpunkt- og eksamenskarakterar) Dette vil framover bli dei viktigaste målepunkta for grunnskulen.

Dei tilsette har i 2013 fått kompetanseheving gjennom vidare- og etterutdanning. Dette gjeld fag og rektorutdanningen. Dei tilsette har gjennom NordR samarbeidet og Haugalandsløftet fått tilbod om etterutdanning som dekkjer eit breitt felt. Fleire skular er med i viktige utviklingsprosjekt. Nedstrand b. og u.sk. representerer kommunen i SePu prosjektet i regi av Haugalandsløftet. Tema for prosjektet er relasjonsbasert klasseleiing og inneheld også forskning i regi av Høgskulen på Hedemark. Førre skole deltek i prosjektet I-PALS i regi av Atferdssenteret og Spesialpedagogisk institutt der ein ser på samanhengen mellom lese- og åtferdsvanskar. Straumen er med i eit nynorskprosjekt med støtte frå Nynorsksenteret. Alle skulane har rettleiarar innan lesing og rekning. Rettleiarane er med i nettverk som dei var i 2012. Målet er å styrka opplæringa i grunnleggjande ferdigheiter.

Dei fleste av lærarane i Tysvær har iflg. GSI-rapporteringa godkjent utdanning. Vi ser teikn til at det kan bli vanskelegare å rekruttera god og rett kompetanse framover. Etter aktivt rekrutteringsarbeid, har vi tilsett to nye skuleleiarar i 2013.

3.3.2. Hendingar og aktivitetar

Året har vært prega av arbeidet med plan for barn og unge. Det har gått med mykje tid til å skape eit korrekt bilde av situasjonen i skulane i Tysvær. For enkelte har det blitt brukt mange timer i delarbeidsgrupper, underlagt planarbeidet.

- Det er tilsett nye rektorar i Tysværvåg og på Frakkagjerd B.
- Elevar, foreldre og ansatte har lagt ned ein stor innsats når det gjeld First Lego Leag på Førland og Frakkagjerd B
- Frakkagjerd B, fikk topp plassering i den store finalen i First Lego Leag i Bodø.
- Straumen skule har som eneste skole i Tysvær, et samarbeid med Naturfagsenteret og har fått midler fra natursekken til et prosjekt som går på uteskole for de yngste elevene våre «skum-prosjektet», se hjemmesiden.
- Teknolabskule med alle i 5.-7. klasse ved Førland skule med på laget i First Lego Leag.
- Samarbeid med Førland idrettslag og Førland skule. Kunstgrasbane på plass til skulestart august 2014. Felles bruk av utstyr og gymsal og uteareal.

3.3.3. Måloppfølging

Fokusområder - mål		Status måloppnåing					
Nasjonale prøvar:							
Nasjonale prøvar 5. skuleår:							
engelsk			Engelsk	Engelsk	Engelsk	Engelsk	
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2012-2013	2013-2014	
	Nasjonalt	Trinn 5	2	2	2	2	
	Rogaland fylke	Trinn 5	2	2	2	2	
	Tysvær kommune	Trinn 5	1,9	2	1,9	2,1	
lesing			Lesing	Lesing	Lesing	Lesing	Lesing
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
	Nasjonalt	Trinn 5	2	2	2	2	2
	Rogaland fylke	Trinn 5	1,9	2	2	1,9	2
	Tysvær kommune	Trinn 5	1,8	1,9	2	1,8	2
rekning			Regning	Regning	Regning	Regning	Regning
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
	Nasjonalt	Trinn 5	2	2	2	2	2
	Rogaland fylke	Trinn 5	2	2	2	2	2
	Tysvær kommune	Trinn 5	1,9	2,1	1,9	2	2,1

Fokusområder - mål		Status måloppnåing					
Nasjonale prøver 8. skuleår:		Målestokk 1-5					
engelsk		Engelsk	Engelsk	Engelsk	Engelsk	Engelsk	
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
	Nasjonalt	Trinn 8	3	3	3	3	3
	Nasjonalt	Trinn 9					
	Rogaland fylke	Trinn 8	3	3,1	3,1	3,1	3,1
	Rogaland fylke	Trinn 9					
	Tysvær kommune	Trinn 8	2,8	3	2,7	2,8	2,8
	Tysvær kommune	Trinn 9					
lesing		Lesing	Lesing	Lesing	Lesing	Lesing	
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
	Nasjonalt	Trinn 8	3,1	3,1	3,1	3,1	3,1
	Nasjonalt	Trinn 9		3,5	3,5	3,5	3,4
	Rogaland fylke	Trinn 8	3	3	3,1	3,1	3,1
	Rogaland fylke	Trinn 9		3,4	3,5	3,5	3,4
	Tysvær kommune	Trinn 8	3	3,1	3	3,1	3
	Tysvær kommune	Trinn 9		3,5	3,5	3,3	3,4
rekning		Regning	Regning	Regning	Regning	Regning	
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	2013-2014
	Nasjonalt	Trinn 8	3,1	3,1	3,1	3,1	3,1
	Nasjonalt	Trinn 9		3,4	3,4	3,4	3,4
	Rogaland fylke	Trinn 8	3,2	3,2	3,2	3,2	3,1
	Rogaland fylke	Trinn 9		3,4	3,5	3,5	3,4
	Tysvær kommune	Trinn 8	3	3,4	2,8	3,1	3
	Tysvær kommune	Trinn 9		3,4	3,6	3,3	3,4
Grunnskulepoeng: Minst på linje med Rogaland og 40 poeng Grunnskulepoeng er summen av standpunkt- og eksamenskarakterar		Grpoeng	Grpoeng	Grpoeng	Grpoeng		
	Enhetsnavn	Trinn	2009-2010	2010-2011	2011-2012	2012-2013	
	Nasjonalt	Alle	39,8	39,8	39,9	40	
	Rogaland fylke	Alle	39,4	39,4	39,5	40	
	Tysvær kommune	Alle	39,1	37,9	39,7	39,6	
Spesialundervisning: Vedtak om spesialundervisning skal vere for mindre enn 7% av elevane	Tysvær 2011: 9,1%						
	Tysvær 2012: 9,6%						
Tysvær 2013: 9,8%							
De beste i landet er nede under 6%							

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Læringsmiljøet:	Ingen vesentlig endring frå foregående år
Kartleggingar og prøvar: Skal danne grunnlag for å tilpassa undervisninga og auke læringsutbytet	Kartleggingssystemet VOKAL er innført og implementert. Analyse av kartleggingar blir etterspurd på Dialogmøta Dialogmøte ikkje gjennomført i 2013
Elevvurdering Overordna mål: Vurdering er ein nødvendig reiskap for å auke motivasjon, læring og læringsutbyte. Resultatmål: <ul style="list-style-type: none"> • Elevane får gode læringsfremjande tilbakemeldingar • Elevane blir utfordra i læringsarbeidet • Elevane har fått opplæring og trening i bruk av metodar for eigenvurdering Effektmål: <ul style="list-style-type: none"> • Undervisninga er meir tilpassa den enkelte elev • Elevane deltek aktivt i vurderinga av eige arbeid og eiga fagleg utvikling • Elevane tek sjølvstendige val gjennom bruk av arbeidsmåtar og læringsstrategiar Elevane har forståing for eiga læring og er sjølv aktive i arbeidet med å nå måla sine	Elevvurdering er vidareført som satsingsområde frå førre planperiode 2009-12. Elevundersøkinga på ungdomstrinnet syner ei forbetring når det gjeld at elevane blir fagleg utfordra og får fagleg rettleiing i perioden 2009-2012. Det same gjeld for 2013. Vi veit frå forskning at elevane si deltaking i vurderinga av si eiga faglege utvikling, eigenvurdering, er det som verkar best når det gjeld læringsutbyte. (Hattie, Visible learning 2009)
TIDLEG INNSATS Skulen arbeider førebyggjande og sett inn målretta tiltak når og der dei verkar best. Resultatmål: <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har gode kartleggingsrutinar med oppfylging • Skulen er budd på utfordringar som oppstår • LESELOS er implementert og institusjonalisert i planperioden • Stafettlogg innan BTI (betre tverrfagleg innsats) er implementert og institusjonalisert i planperioden Effektmål: <ul style="list-style-type: none"> • Opplæringa sikrar utjamning • Elevane har betra læringsutbyte i basisfaga Betre tverrfagleg samhandling	Det viktigaste med t.d. nasjonale prøvar er korleis skuleleiinga og lærarane nyttar prøvane i etterkant. Korleis kan ein endra undervisninga både med tanke på individuell tilpassing, variasjon og metodar når det gjeld fellesundervisninga. Leselos blir implementert gjennom leserettleiarane som hausten 2012. Ordninga blei fulgt opp i 2013 Leserettleiarane har også fått vidareutdanning i leserettleiing (30 st.p.) Alle skulane er pålagt å ha reknerettleiarar. Stafettloggen BTI skal sikra betre tverrfagleg samhandling. BTI har blitt initiert i 2012. Etter planen skal den tas i bruk frå september 2014.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
<p>LÆRINGSMILJØ</p> <p>Overordna mål: Lærande arbeidsfellesskap for alle i eit sunt fysisk og psykososialt miljø</p> <p>Resultatmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God læringsleing på alle nivå i skulen • Fleire elevar opplever meistring innan ordinær undervisning. • Felles forståing av kva eit godt læringsmiljø er <p>Effektmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Færre elevar med behov for § 5.1 • Fleire fullfører vidaregåande skule <p>Nærare nullvisjonen når det gjeld mobbing</p>	<p>Ein indikator på kor godt læringsmiljøet er i grunnskulen, er gjennomføring i vidaregåande skule.</p> <p>Det er viktig at våre elevar får gode grunnleggjande ferdigheter i grunnskolen med tanke på gjennomføring i vidaregåande skule. Nasjonen har ei målsetting om at 75% av elevene skal ha fullført og bestått vidaregåande utdanning innan 5 år. Dette er resultat som har store økonomiske konsekvensar både lokalt og nasjonalt når det gjeld sosiale utgifter og uføretrygd. Utviklinga i Nord Rogaland og spesielt i Tysvær de siste åra er difor spesielt gledelege. Dei siste måleåra har Tysvær vært over nasjonale mål på gjennomføring, 81%. Rogalandssnittet ligg på 78%.</p> <p>Andre tal som syner gjennomføring og karakterar i vidaregåande skule er også gode for tysværelevane.</p>

Fokusområder - mål	Status måloppnåing						
Læringsmiljø:	Indikator og nøkkeltall	2006-07	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12
	Sosial trivsel	4,4	4,3	4,3	4,3	4,2	4,4
	Trivsel med lærerne	3,8	3,8	4,0	4,0	4,1	3,9
	Mestring	X	X	X	3,8	3,8	3,8
	Faglig utfordring	X	X	X	X	X	3,9
	Elevdemokrati	3,7	3,8	4,0	3,8	3,8	3,7
	Fysisk læringsmiljø	3,0	3,0	3,2	3,4	3,3	3,2
	Mobbing på skolen	1,5	1,6	1,6	1,6	1,6	1,4
	Motivasjon	4,1	4,2	4,1	3,9	4,1	4,1
	Faglig veiledning	3,4	3,5	3,5	3,4	3,5	3,3
	Medbestemmelse	X	X	X	X	X	X

Fokusområder – mål Status måloppnåing

Tysvær Opplæringscenter Norskopplæring for vaksne innvandrere:

Nasjonale mål for norskprøver 2013:
-90 % av kandidatane skal bestå munnlege norskprøver
-65 % av kandidatane skal bestå skriftlege norskprøver

Dei fleste treng meir enn 600 t. norskopplæring for å få eit funksjonelt språk. Dersom dei har behov for det, har dei rett til å få 3000 t. gratis opplæring.

-Resultattilskott til kommunane for kvar norskprøve blei avvikla 1.01.2013. Grunngevinga for dette er at det frå 01.09.2013. er obligatorisk for alle med opphald å ta prøva. Dette gjeld bosette etter denne dato.

-I følgje regelverket er desse nye prøvene avsluttande prøver i norskopplæringa og skal takast på det nivået som kandidaten har sett seg mål om å nå.

Effekten av regelendringa vil komme i 2014-15.

TOS har derfor færre kandidater som meldte seg opp til prøve i 2013.

-Norskprøver:

Tal og resultat for kandidatar ved Tysvær opplæringscenter:

Norskprøve	Munnleg		Skriftleg	
	Tok prøven	Besto	Tok prøven	Besto
Norskpr.2	6	6	7	3
% bestått		100 %		43 %
Norskpr. 3	3	3	1	1
% bestått		100 %		100 %

Statistikk over skriftlege prøver viser at våre kandidatar bør vere på et høgare nivå før dei blir meldt opp til norskprøve. Dette vil endre seg når prøvene blir obligatoriske og avsluttande.

-TOS har eit auka fokus på norskprøver og rettleiing før norskprøver. Vi har innført prøveveker i forkant av dei nasjonale prøvene slik at kandidatane er førebudde på prøveform, oppgåvetype, kriterie for vurdering etc.

3.3.4. Rekneskapsresultat

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	181.720.852	181.458.458	262.394	100
Brutto driftsinntekter	-27.663.886	-27.663.886	0	100
Netto driftsresultat	154.056.966	153.794.572	262.394	100

Nokre grunnar til det underskotet på regnskapet:

- Underdekning av budsjett for fosterhjemsplasserte born på ca 1 mill.
- Økte skyssutgifter
- Manglande dekning av lesingavtalar PC
- Innsparinger på skule blei ført sentralt over skulekontoret noko som medførte usikkerhet om kor mykje skulane kunne spara, og kor mykje som ble spart.

3.3.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet

Utfordringa framover er å få til ei kommuneutvikling som sikrar rasjonelle driftseiningar på skulesektoren for å kunna oppfylle innsparingskravet. Skal vi kunne ha mindre skular i distrikta, må vi ha driftseiningar med minst 400 -500 elevar i dei folkerike delane av kommunen.

Med vår skulestruktur og skulestorleik på 63 til ca. 290 elevar pr. skule, kan det bli krevjande og nå dei mål innsparinga krev og samstundes ta i vare kvaliteten i undervisninga. Små einingar er no eingong dyrare pr elev.

Prioriterte oppgåver framover er:

- Forbetring av dialogar, rapporteringssystem og dokumentasjon mellom nivå i tråd med Opplæringslova og andre forvaltingsområde.
- System som sikrar at skuleeigar og skuleleiinga er tett på praksisfeltet.
- Sikra at målet med Haugalandsløftet får verkand i skulekvardagen.
- Syta for at tilgjengeleg ressursar blir brukt for å sikra eit best mogleg læringsmiljø og heve læringsutbyte.
- Laga ein skulebruksplan i tråd med den samla kommuneutviklinga og overordna planar. Plan born og unge.
- Ha ein gjennomgang av kringsgrensene med tanke på rasjonelle opptaksområde. Dette også med tanke på optimal skuleskyss.
- Sikre gode fysiske- og andre rammevilkår for områda som Tysvær Opplæringscenter har ansvaret for.
- Syte for at skulesektoren når fastsette økonomiske resultatmål på ein best mogleg måte.

3.4. Resultatområde kultur

3.4.1. Heilskapsvurdering

2013 har samla sett vore eit aktivt og positivt år for kultursektoren. Tysværtunet kulturhus har samla hatt ca 220.000 besøk; Tysvær kino har hatt besøksrekord for 5.år på rad, biblioteket held seg på eit høgt utlånsnivå, badeanlegget har hatt stabilt besøkstal og svært mange vil bruka kulturhuset. Kulturskulen har klart å skapa ein del fleire elevplassar og fått innreia dansesal, men romkabaln er vanskeleg.

Organisasjonslivet driv godt og stabilt med stor aktivitet både innan idrett og musikk og ulike interesseretta lag. Midtsommarfest, bLEST Litteraturfest og Tysvær skrekkfest har vore vellukka. Gledeleg også at ein har kome i gong med Hertervig Observatorium på Borgøy og tollbuprojektet på Nedstrand.

3.4.2. Hendingar og aktivitetar

- * Kunstgrasbane opna på Førland
- * Stemmerettsjubileet markert gjennom ulike arrangement
- * LidoLido på Alvanuten med 1200 publikummarar
- * Ny turveg opna på Borgøy som del av Hertervig Observatorium
- * Bygging av vernebygg for tollbua starta på Nedstrand
- * Tysvær kino med besøksrekord 5.året på rad

3.4.3. Måloppfølging

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Bibliotek:	
Formidla bøker og andre media til eit breitt publikum:	Samla utlån hovudbibliotek og filial på Nedstrand er på ca 59.000 som er nokså likt dei fire siste åra. Fordelinga er stabil med ¾ av utlånet som bøker og resten fordelt på film, lydbøker og musikk. I snitt har biblioteket i Aksdal eit dagsbesøk på ca 170 og aktive lånarar var i 2013: 2.553 (2012: 2588), dvs. ca 25% av innbyggjarane. 54% av utlånet er til barn. Generelt i landet taper mange bibliotek lånarar, mens Tysvær positivt held seg på eit høgt nivå. E-bøker som fylkesbiblioteket har gjennomført forsøk med håpar ein Tysvær kan få bli del av i 2014.
Automatiserert utlån:	Stadig fleire lånarar brukar utlånsautomaten og i vinterhalvåret testa ein ut ubetent tre timar søndagsope, noko som fungert bra og som ein utvidar endå meir i 2014.
Biblioteket skal vera ein synleg litteraturformidlar:	Biblioteket som møteplass og arena for arrangement blir stadig viktigare. Revisjon av biblioteklova i 2013 seier: «Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt». Biblioteket var aktiv arrangør og hadde besøksrekord med 240 på dialektkveld. Ein ønskjer seg betre lokale for arrangement tilknytta biblioteket. Biblioteket samhandla både med barnehagar, skular, stemmerettsjubileet og er part i bLEST-festivalen. Gjennom filialen på Nedstrand har ein det mest utstrakte samarbeidet med skulen.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Kulturskulen:	
Ta inn alle elevar som ønskjer plass:	360 elevar (2012: 343) fordelt på 446 elevplassar (2012: 414) og ventelister: 117 elevar (2012: 80), elevplassar 165 (2012: 163), av desse 13 stk. for andre år (2012: 17). Ca.21% av grunnskuleelevane har plass i kulturskulen, dvs. omlag som før, mens det nasjonale målet er 30%. Ein dekkar etterspurnad nokolunde innan dans, mens ventelistene er høgast innan musikk og teater.
Vera ein aktiv og synleg formidlar:	Kulturskulen har hatt 56 konsertar/opptredenar/ teaterframsyningar og særleg auke frå eksterne bestillarar, samt levert 3 skulekonsertar gjennom Tysværskreppa.
Kulturskulen som ressurscenter:	Tysvær kulturskule var initiativtakar til interkommunalt talentutviklingsprogram MusikkPluss med eksterne prosjektmidlar og fem deltakarar frå Tysvær. Bidrar til dirigentar i Førre musikkorps og Grinde skulemusikkorps. Arrangør av interkommunal kursdag.
Beta romsituasjon for undervisning:	Mykje flytting frå faste undervisningsrom pga andre arrangement på Tysværtunet og derav stress. Frå hausten 2013 var 100 m2 dansesal klar. Også tidlegare utleigde små rom vart frigjort til kulturskulen, men desse må byggast om pga akustikk i 2014 når også garasje blir ombygd for kunst. Planlegging av ombygging av Reisen til Amerika har også pågått.
Utvikla samarbeid heim/skule:	Ny visjon og pedagogisk plattform med revisjon av fagplanar laga og lagt på nett slik at foreldre kan vita meir om måla for undervisninga. Ny brukarundersøking planlagt i 2014.
Tysværtunet Kulturhus:	
Ha stor og brei aktivitet:	<p>Stor aktivitet med 89.650 selde billetter (bad, kino, arrangement) (2012: ca 86.000). Totalt ca 220 000 besøkande. Kulturarrangement: Storsalen 55 arr. med bill.sal (2012: 43) og 506 gonger i bruk (2012: 475). Kulturhuset markerte 20årsjubileet med mange flotte konsertar og teater både med Riksteateret m/turnestart for «Mens vi venter på Godot», toppkonsert med LidoLido, Haugesund teater med «Reisen til julestjernen» og mykje anna.</p> <p>Utanom feriar er huset sprengt og mange faste brukarar må flyttast for å få plass til arr.: Nygaardssalen 323 hendingar, Litlesalen 599, Tenkeloftet 224, Bestestova 192, kurs/møte: 397.</p> <p>Badeanlegg: Bill. open bading: 61.181 (2012: 61.264), i tillegg ca 15.000 på skulebading/organisasjonar. 153 badebursdagar. Idrettshall: Fullt til faste tider i vekene, men mindre i helgene. Tysvær Vektløfterklubb driv sportsenter på ein svært god måte (349 medl.) og god besøksutvikling i klatreveggen.</p>

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Utvikla kinoen:	Besøksrekord for 5.år på rad: 19.051 (2012: 16.049). Godt besøk på barne- og familiefilm, men potensiale for auke på ungdom/vaksen film. Samarbeid med filmfestivalen i Haugesund om skulekino og premiere på filmen om Lars Hertervig. Arrangert Tysvær Skrekkfest for andre gong.
Økonomi i balanse:	Eit mindre underskott som i hovudsak skuldast vedlikehald. Tiltak i basseng hausten 2013 gir forhåpentlegvis mindre forbruk av kjemikaliar, det same forventar ein ved ENØK-tiltak i 2014 og ein reduserer kinoannonsering i avis.
Vedlikehald:	Stor bruk av Tysværtunet i 21år er utfordrande. Ny scenerigg kom på plass i 2013. Avfuktingsanlegg for basseng blir skifta i 2014. Det er behov framover å skifta seter i Storsalen, nytt kinolerret, betra inn klima mm.
Barn og ungdom:	
Ha stort fokus på ungdom og fritid:	Avanti fritidsklubb: Positiv utvikling med ca 3.000 besøk (2012:1500). Har frå hausten 2013 satsa bevisst på å utvikla band og musikkaktivitetane meir. Trialaktivitet går godt. Større arrangement som UKM og juleball er svært vellukka.
Etablera ungdomsråd:	Samarbeid med elevråd på skulane i Tysvær fungerer godt, men ein har ikkje jobba vidare i 2013 med etablering av ungdomsråd.
Barn skal møta ulike kulturuttrykk:	Barn møter mange og varierte kulturuttrykk gjennom arrangement som kulturkontoret og andre står bak: Babeluba med ca 800 deltakarar, bLEST, førsteklassefest, knøttelørdagar, Den Kulturelle Skulesekken, den store kinodagen og fleire teaterførestillingar for barn/familie på kulturhuset.
Frivillige lag:	
Støtte ein aktiv frivillig sektor:	Ganske stabile tal på organisasjonar som søker om kulturmidler; 137 ulike søknadar og tildeling av 2 mill.kr. Ca 50% av dette beløpet går til organisasjonstilsette arbeidrar fordelt på 15 foreningar og 34 tilsette mest innan idrett og musikk. Mange aktive vaksenorganisasjonar innan ulike tema som ikkje får kommunalt tilskott til vanleg drift gjer eit særst flott arbeid. Mange velforeningar deltek aktivt i ryddeaksjon i samarbeid med kommunen om våren.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Idrett og friluftsliv:	
Tilretteleggja anlegg for idrett og aktivitet i nærmiljø:	Anleggsituasjonen i Tysvær er relativt god og rekrutteringa innan idrett er god særleg innan fotball og kajakk, men kapasiteten for fotball i ytre del er i ferd med å bli sprengd. Kunstgrasbane på Førland vart opna og omlegging frå gras til kunstgras på Nedstrand førebudd. Grasproblemet på kajakkanlegget har ein ikkje funne løysing på. Etablering av Tysvær Arena har ført til auka handballinteresse i ytre del. Idrettslaga har 4.253 medlemmer (2013: 3.871). Stor aktivitet blant dei minste, men utfordring med fråfall i 13-14 års alder. 18 søknadar om spelemidlar vart sende, derav 8 nærmiljøanlegg, og ein fekk kr.4.713.000 i tilskott.
Tilretteleggja for aktiv bruk av naturen:	Turopplegget «Gå tur i Tysvær» arrangert for 11.gong med over 300 innleverte svar og litt auke frå 2012. Arbeidd med tilrettelegging for ny turveg ved Akسدalsvatnet og utvikling av stien rundt Bongsatjørn og skoga på Høieholmen. Hausten 2013 vart grønt overført frå teknisk til idrett.
Samhandla med idrett og folkehelsekoordinator:	Idrettskonsulenten har hatt eit nært samarbeid med idrettsråd og idrettslag og folkehelsekoordinator der ein prøver å finna årsak til fråfall frå idrett i ungdomsskulealder og der ein også har etablert opne treningskveldar på Sysco Arena.
Kultur for alle:	
Tysværkulturen skal vera for alle:	Kulturkontoret overtok i 2013 frå tverrfaglege tenester også støttekontaktar derfrå knytta til alle funksjonshemmingar utanom PU som kulturkontoret har hatt lenge. Talet på brukarar auka då frå 30 til 64. Dei nye brukarane er ei svært samansett gruppe og kulturkontoret skal tildela støttekontakt ut frå diagnose, noko ein ikkje har eller skal ha kompetanse til. Brukarar som har hatt ein relasjon til kommunen sitt hjelpeapparat over tid, reagerer også på å måtta oppsøkje nok ein instans. Når dette må styrast ut frå behov og helselovverk, utfordrar ein også dei økonomiske rammene. Ein meiner at denne tenesta må tilbakeførast bort frå kultur til bestillarkontor. Innvandrarar: Kulturkontoret har ansvaret for ein halv undervisningsdag på Tysvær opplæringscenter. Faste aktivitetar som sømjeopplæring, kvinnegruppa og turar samt aktivisering i feriar. Kulturkontoret har det overordna ansvaret for Seniorperler og samarbeidar med pensjonistlag og aktivitet og omsorg med Den kulturelle spaserstokken.
Kulturvern:	
Utvikla museumsprosjekt og formidla kulturarv:	Nedstrand Strandstadutvikling: Bygging av vernebygget for tollbua starta hausten 2013. Hertervig Observatorium på Borgøy: Sti frå sjøen via fødeplassen til Lars Hertervig bygd og opna, mens toalettbygget gjenstår av dette første byggesteget. Film om Lars Hertervig hadde premiere. Cleng Peerson senter: Utarbeidd mulighetsstudie for vidare satsing rundt tema utvandring/migrasjon. Stemmerettsjubileet gjennomført med fleire arrangement med

	utstilling av tysværkvinner og fokus på Fredrikke Nielsen. Planlegging av grunnlovsjubileet 2014 starta. 50-års jubileumsbok for Tysvær: Arbeid pågått og planlagt utgiving nov.2014. Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø: Prioritert evaluering av status for eldre bygg og bygningsmiljø. Arbeidet ligg etter oppsett framdriftsplan. Sandbekken: Eit stabilt og normalt driftsår.
--	--

3.4.4. Regnskapsresultat

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	30.226.414	29.696.811	529.603	102
Brutto driftsinntekter	- 9.821.621	-9.330.624	-490.996	105
Netto driftsresultat	20.404.794	20.366.187	38.607	100

KOSTRA viser at kultur sin del av samla kommunalt budsjett er på 4,2% (nr. 14 av rogalandskommunane) eller 109% av gjennomsnitt i fylket (2012: 113%, 2011: 117%), 6 % under Tysvær si kommunegruppe 12. Kronebeløp pr. innb. kr.2.522 (2012: 2502, 2011: 2.533), noko som gjer at Tysvær ligg på 9.plass blant rogalandskommunane.

Resultatområdet kultur har oppfylt innsparing/omstillingskravet også i 2013 med kr.300.000. Ein hadde overforbruk på tenester integrering, støttekontaktar og Tysværtunet kulturhus, men klarte å koma ut samla i balanse dels gjennom bruk av fondsmidlar, eksterne tilskott og ved å halda igjen på andre område.

3.4.5. Tenesteutvikling

Økonomisk blir investeringar i 2014 knytta til badeanlegget på Tysværtunet viktige for å spare energiutgifter vidare. Ein er også inne i ein positiv utvikling med å bygga om og tilpassa areal på kulturhuset meir for kulturskulen og andre brukarar.

Grønt vart hausten 2013 overført frå teknisk til kultur og organisert saman med idrett. Det blir viktig framover å sjå korleis ein får dette til å fungera på ein god måte også i samhandling med frivillig sektor. Tilrettelegg for meir aktive innbyggjarar gjennom turvegar, plassering av idrettshall i Tysværvåg og andre tiltak er også oppgåver framover. Å utvikla ungdomsarbeidet for å få ungdommane meir aktive på kulturarenaene, er også ei viktig utfordring framover.

3.5. Resultatområde helse og førebygging

3.5.1. Heilskapsvurdering

Resultatområdet Helse og førebygging har i 2013 arbeidd vidare med avklaringar av ansvarsområde i tenester for barn og unge. Tenestene si kjerneverksemd er tydeleggjort. Avklaringar blei gjort i 2012, implementering i praksis har halde fram. Implementering av samhandlingsmodell for barnetenester har hatt fokus i 2013.

Haugalandsløftet har ført til god satsing i Barnehage, Skule og Helse og førebygging. Hovudmålet med Haugalandsløftet er at flest mulig barn skal få opplæring innanfor ordinær undervisning. Innsatsområda er tverrfagleg/fleirfagleg innsats, kompetanseheving, kvalitetssikring og fornying/forenkling. Helse og førebygging har hatt særlig fokus på den danske modellen «Betre tverrfaglig innsats» som skal hjelpe kommunen til betre systematikk i tidlig innsats for barn og unge som slit innanfor opplæring, helse eller sosiale tilhøve. Alle desse områda påverkar opplæringa. Helse og førebygging har prosjektleiinga på modellen. PP-tenesta har saman med skule og barnehage hatt fokus på å styrke den ordinære opplæringa/tilbodet for at flest mulig barn skal få si opplæring innan ordinære rammer, utan spesialundervisning. Arbeidet held fram.

Omstillingsprosessar etter omsorgstenestegjennomgangen starta hausten 2013. Planlegging av felles tildelingskontor for tenester med vedtak etter helse- og omsorgstenestelova starta opp. Hamrane avlastning og bustadar skal differensiere tilbodet og satse meir på familieavlastning. Hamrane avlastning har stor pågang av søkarar og greier ikkje å dekke behovet. Mangel på bustadar med heildøgns omsorg hindrar utvikling av tilbodet. Psykisk helseteneste skal redusere kostnadsnivået ved m.a. å redusere ressursinnsatsen om natta i samband med at Aktivitet og omsorg opprettar nattpatrulje. Hausten 2013 blei psykisk helseteneste samla under ein leiar. Avdelinga har starta ein prosess med å organisere tenesta på ein meir hensiktsmessig måte for framtida med tydeleg differensierte tilbod til ulike grupper av brukarar og meir hensiktsmessige buformer.

Kommunen skal bidra til at personar som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden kan ha ein tilfredsstillande busituasjon. Det har også i 2013 vore utfordringar rundt det bustadsosiale arbeidet. Det har vore betre tilgang på bustadar, sjølv om utfordringar rundt enkelte grupper har vore tydelege. Rullering av bustadsosial plan er nødvendig for å få til eit heilskapleg bustadsosialt arbeid.

«Familiens hus» er ein modell for tidleg innsats for barn/familiar som er i ein sårbar situasjon. Det er lagt opp til låg terskel tilbod med høgt kvalifisert personell. I 2013 blei det gjort ein gjennomgang på korleis ein kan få dette til i Tysvær. «Familiens hus» er lagt inn i arealplan for Aksdal sentrum.

3.5.2. Hendingar og aktivitetar

- Frå 01.01.13 blei helsestasjonen i Skjoldastraumen og Tysværvåg samorganisert med Aksdal helsestasjon.
- Koordinator for habilitering og rehabilitering tok til i stillinga 01.11.13, med hovudansvar for å ivareta kommunen sine oppgåver i koordinerande eining.
- Bygging av to nye omsorgsbustadar på Hamrane bustadar.

- Arbeidet med koordinering av tenester for personar med rusutfordringar haldt fram i 2013.
- Gjennom prosjektet «Bedre tverrfaglig innsats» har resultatområdet arbeidd med å ta i bruk og forplikte tenestene til å bruke vedtekne samhandlingsarenaer og –rutinar når barn har behov for samansett tenestetilbod.
- Barnevernet hadde 14 akuttvurderingar (innbefatta 29 barn) i 2013.
- Barnevernet hadde omsorgen for 29 Barn i 2013

3.5.3. Måloppfølging

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Barnevern:	
«Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres utvikling, får hjelp og omsorg til rett tid. Å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår»	Barneverntenesta har stort fokus på grundighet og faglig kvalitet i utredning av omsorgssituasjonen til barn som me kjem i kontakt med, for å kunne gi den riktige hjelpa til familiane. Mange av sakene er prega av stor kompleksitet, som krev innsats frå fleire instansar samtidig. Det også blitt lågare terskel for foreldre som ønskjer råd og rettleiing å ta kontakt, utan at det er gjennomgripande problematikk som ligg til grunn. Ofte skjer dette på oppfordring frå ulike instansar i kommunen.
Gjennomføre ei forsvarleg saksbehandling, herunder halde lovpålagte fristar i barnevernlova.	Barneverntenesta fekk i 2013 i 139 meldingar. I tillegg kjem dei meldingane som blir registrert som opplysningar i allereie aktiv sak. Dette er ei sterk auke sidan 2012, kor me fekk 92 meldingar. Det er det høgaste talet barneverntenesta har hatt i høve til mottatte meldingar i løpet av eit år. Fram til august 2013, var det fleiresjukemeldingar i barneverntenesta. Desse var ikkje arbeidsrelaterte, men skapte likevel ein situasjon for barneverntenesta som gjorde det vanskeleg å halde fristane. Dette viser seg mest i 2 halvår, kor det var 40,9 % fristbrot på undersøkingssaker. Første halvår var det 6,45 % fristbrot. Det har i 2013 blitt jobba med å få tilsynsordning i fosterheimane i orden, og hadde ved årskiftet tilsynsførar til alle fosterbarn i kommunen.
Gi naudsynt og rett hjelp til barn og barnefamiliar som treng det på eit tidleg tidspunkt.	Barneverntenesta ønskjer å kome inn på tidlegast mogleg tidspunkt for å bidra til endring og førebygge meir omfattande tiltak. Barneverntenesta har frå august 2013 tilsett ein veileidar/familieterapeut til, som ei prøveordning ut 2014. Dette er omgjorte midlar, som tidlegare vart brukt til kostbare eksterne veileदारar. Dei to veileदारane jobbar med endring i familiane, å styrke foreldra i deira rolle. Kjem ein tidleg nok inn, kan ein evt unngå omsorgsovertakelsar.
Tverrfagleg samarbeid om ungdom som treng hjelp utover 18 år.	Ein del ungdommar med barneverntiltak treng koordinerte tenester frå ulike tenester i tillegg til ettervernstiltak. Det blir samarbeida i høve til dette frå sak til sak.
Arbeidsmiljø/kompetanseheving	I 2013 har ein kome i gong med coaching for barneverntenesta, for å styrke teamet i ein svært krevjande arbeidskvardag. Det har vore sett fokus på sikkerhetsituasjonen til barneverntenesta, og det har blitt avdekka eit presserande behov for endring i kontorlokalitetar for å få ein tilfredsstillande situasjon i høve til dette.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Pedagogisk Psykologisk Teneste:	
Arbeide videre for å imøtekomme lovpålagte oppgaver som sakkyndig instans innen rimelig tid - herunder utredning og anbefaling.	Nytilmelde saker i 2013: 83. Saker i tenesta: 325. Har vidareført internt kvalitetsarbeid ift målsetting om å effektivisere saksbehandlninga. Omfanget på tilmelde saker gjer at PPT ikkje greier å saksbehandle alle saker innan rimelig tid, og har også i år operert med venteliste, som ikkje skal forekomme iht lovkrav.
PPT skal bidra aktivt i det pågående, tverrfaglige og forebyggende arbeidet i skole og barnehage, jf Haugalandsløftets målsettinger. PPT skal bidra aktivt til at resultatområdet Helse og førebygging når avtalte og felles målsettinger for 2013.	PPT bistår skoler/barnehager gjennom skolekontakt, barnehagekontakt samt deltaker i ulike utviklingsprosjekt. Pga høgt antall individuelle saker har ikkje PPT nok tilgjengelig kapasitet til å imøtekomme skolens/barnehagens ønsker i det forebyggende arbeidet, jfr mål om å redusere antall barn/unge med vedtak om spesialpedagogisk oppfølging. Følgende aktiviteter kan nevnes: - Deltakere og oppfølging i ulike interkommunale nettverk - PPT v/ leder deltar på styrer-/rektormøter, samt lesenettverks- og spesped.koordinator -møter. - Månedlige kontaktdager for barnehagene, sammen med logoped. - PPT v/ leder er en del av kommunens TUT-team og STS-gruppe. PPT v/ skolekontakt deltar i skolens/ barnehagens TOT-møter.
Tilsette skal ha tilstrekkelig kompetanse i hht krav til sakkyndig instans, og som veileder/ bidragsyter i skolens/ barnehagens systemarbeid	Kompetanseløft for PPT Nord – Rogaland i regi Haugalandsløftet i forhold til systemarbeid/ organisasjonsutvikling er gjennomført etter planen høsten 2013. Prosjekt «Kapasitetsbygging PPT» følger planlagt aktivitet og progresjon og er i tråd med kravet om rett til avtalefesta veiledning. Sertifiseringskurs er gjennomført.
Arbeidsmiljø med høg grad av trivsel, arbeidsglede og utviklingsmuligheter for den enkelte, jf St.melding 18, og kommunal tverrfaglig satsing.	U.s. viser høg trivsel i PPT, men for stor arbeidsbelastning for den enkelte. Sykefraværet har i år vært > 12%. Prosjekt HMS i samarbeid med personalavd. og NAV arbeidslivssenter videreføres i 2014. Strategi og målsetting ift internt arbeid med individuelle kompetanseplaner og avtale festet krav om veiledning er påbegynt, men vil videreføres til 2014.

Seksjon Helse:	
Omsorgsløn	Pr.31.12 er det 40 personar som får omsorgsløn. Mange av desse er personer som yt omsorg til barn med ulike diagnoser. Det er ein aukande etterspørsel et omsorgsløn for personar som og tek i mot heimetenester. Aukande fokus på at folk skal bu heime lenger vil føre til auke i omsorgsbyrden hos pårørande. Dette fører til auka behov for omsorgsløn. Budsjettrammene er over år for små til å møte behova for omsorgsløn.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Psykisk helseteneste	
Kvalitetssikring •Målretta psykisk helsearbeid til barn, unge, vaksne, familiar o Lågterskel o Samansette og koordinerte/ VIP+Rus	Vår interne evaluering av strukturerings arbeid som tenesta har starta ved flyt på låg terskel kontakt, informasjonssamtalar, grovkartlegging, LOS-funksjon og tilpassa tenester fører til betre brukartilfredshet, i fleire tilfelle auka effekt av tiltak og betre styring av ressursane. Nokon grad betrar arbeidssituasjonen seg også for tilsette. Videre arbeidet med •Prosedyrar og rutinar •Etisk refleksjon og intern veiledning er kontinuerleg integrert
Lågterskeltenester • Låg terskel og høg kompetanse for å sikre BEON prinsipp og innbyggjartilfredshet	•Lågterskel barn, unge, vaksne og familiar skal enkelt kunne vende seg og få kompetente tenester (førebygging, kartlegging, behandling, veiledning, oppfølging), på individ og gruppenivå •Folkehelseperspektiv med kurs i meistring av depresjon/ KID, kurs for foreldre som har engstelige eller triste barn/ SMARTE foreldre og kurs for foreldre som sjølv har psykiske vanskar, alvorleg sjukdom el. rus problem og treng «verktøy» til å ivareta barna sine som pårørande/ Barn som Pårørande •Førebygge og konsultere; lett og moderate vanskar og oppdage og behandle dei alvorlegaste vanskane •Lovpålagt, ikkje vedtaks krav ift. forvaltningslova •BU : 110, 57 tilvendingar 2013 •Vaksne : 153, 149 tilvendingar 2013 I tillegg kjem kriseintervensjonar som er akutte og ofte i større omfang. Tilsette må då sette andre (pasient)oppgåver til side. Vidareutvikling av psykososial kriseberedskap er mål 2014
Samansette & koordinerte tenester • Sikre nødvendige, forsvarlege, verdige, kompetente og koordinerte tenester til alvorleg sjuke, med større funksjonstap, fleire sjukdomar (t.d. rus) og lite nettverk • Tenestene skal være individuelt tilpassa, sikre brukarmedverknad, meining og meistring i kvardagen.	Dei 43 pasientane som i stor grad har behov for samansette og koordinerte tenester bur heime, nokon av dei i samlokaliserte bustader i Akسدalsveien 163; eit særskilt prosjekt, ei mellombels løysing. •Psykisk helseteneste skal overta ansvaret for rustenesta i kommunen i 2014. Dette arbeidet er starta. •Tenesta leverer jamt over gode tenester, dette blir evaluert frå både pasientar, pårørande, samarbeidspartar og tilsette. Samstundes har vi store utfordringar i høve til å ivareta dette tilfredsstillande for einskilde pasientar, grunna totalsituasjonen sin art, avklaringsområde mellom kommune- og spesialisthelseteneste, lovavgrensingar og pasientmedverknad. •Lovpålagt, med vedtakskrav
Samarbeidsrelasjonar • Avklaring tverrfagleg samarbeid - tenester til barn og unge	•Det er utarbeidd nokre avklaringsområde slik at tenestene skal kunne arbeide betre saman. Dette gjeld i høve til lovverk og arena for barn/unge/familiar. Dette fungerer delvis tilfredsstillande. Arbeid med implementering held fram.
Samarbeidsrelasjonar – HF • Avtaleverket • Praksis	•Implementering av samarbeidsavtalar er ikkje gjort tilfredsstillande i høve til psykisk helsevern og rus •Avviksmeldingar på samarbeidsavtalane HF, er ikkje utført tilfredsstillande, grunna dårleg implementering av avtalen. Framover må både implementering og avviksmelding gjerast.
Arbeidsmiljø/ HMS	Kompleksitet og alvorsgrad i sjukdomens art og grad gjer at ein må ha fokus på høg kompetanse, fagleg veiledning og

	sikringstiltak i kvardagen.
--	-----------------------------

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Fysio-ergoterapitenesta	
Hjelp til å gjenvinne, oppretthalda eller styrka born og vaksne si evne til å utføra viktige dagleglivsfunksjonar	Tenesta har i 2013 oppretthaldt arbeidet med å følge opp einskildbrukarar ute i heimar, på institusjon og i skule/barnehage/arbeidsplass. Størstedelen av personalressursane til tenesta har vorte brukt i dette arbeidet. Trening, behandling og tilrettelegging av bustad/omgjevnader gjer at brukarar kan delta i aktivitetar og fungera sjølvstendig med lågast grad av hjelp.
Driva førebyggjande- og helsefremmande verksemd.	Tilbodet om trening i gruppe er ført vidare. I Aksdal og ute i distrikta har me kvar veke 15 ulike, faste grupper i salar og i basseng. Nokre for born andre for vaksne og alle er leia av terapeut.
Drift og kapasitet.	<p>Frå 2012 til 2013 var det ei auke på 26 % i mengda tilviste saker. Pasientar med trong for oppfølging etter utskrivning frå sjukehus utgjer ein vesentleg del av dei tilviste sakane. Tenesta tek del i tverrfagleg arbeid med samarbeidspartar som t.d. sjukeheimane, skular/barnehagar. PPT og Helsestasjon/Skulehelsetenesta trekk ofte inn Fysio- ergoterapitenesta i samband med vurdering og oppfølging av brukarane.</p> <p>Tal frå NAV syner at det i 2013 var ein oppgang på 30,5 % i talet på utleverte hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen i Rogaland til vår kommune. Hjelpemiddelbehovet er ofte nært knytt opp til prinsippet om at yngre og eldre med sjukdom og/eller nedsett funksjon, no i større grad skal bu i heimane sine. Kapasitet i fysio- og ergoterapitenesta er heilt vesentleg for at kommunen skal kunne ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset innan avtala tidsfristar.</p> <p>Tenesta tok i mot 520 pasientsaker i 2013. Tenesta hadde til ei kvar tid mellom 30 og 55 pasientar på venteliste.</p> <p>Det er svært lågt sjukefråvær i personalgruppa og motiverte medarbeidarar legg ned stor innsats i å løyse oppgåvene. Men tida strekk ikkje til i høve til etterspurnaden.</p> <p>Fysio- og ergoterapitenesta hadde i 2013 betydelege problem med følge opp alle sakar som blei meldt tenesta. Ein er komme til eit punkt der det er vanskeleg å løyse utfordringane ved å justere drift og prioriteringar. Særleg er trongen for ergoterapiressursar no svært tydeleg.</p>

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Hamrane avlastning og bustadar	
Fagleg og etisk forsvarlig omsorgstilbod individuelt tilpassa den einskilde tenestemottakar	Det budde 6 unge vaksne i omsorgsbustad i tilknytning til bygget i 2013. To av bebuarane har flytta i eige husvære i kommunen, framleis med oppfølging frå Hamrane.
Etisk og individuelt tilpassa avlastningstilbod innan områda kartlegging, aktivisering og individuelle treningar	Ved Hamrane avlastning er det 23 tenestemottakarar i alderen 5 til 46 år. Det er stor pågang til avlastningstenester og vanskelig å imøtekomme behov for avlastning på grunn av pressa kapasitet.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Helsestasjon og skulehelsetenesta	
Samlokalisering	Helsestasjonsverksemda i Tysværvåg og Skjoldastraumen ble flytta til Aksdal helsestasjon. Vi ser stor nytteverdi av denne avgjerda. Dette har ført til eit betre fagmiljø, betre ressursutnytting ift. helsestasjonslegene og mindre kjøretid, og økt tilgjengelegheit for brukarane av helsestasjonen.
ICDP – omsorgs veiledning	STS - gruppa bestemte i 2012 at kommunen skulle ta i bruk ICDP som et felles verktøy for fleire fagområder innanfor tverrfaglige tenester. Sertifisering pågjekk i 2013.
Helsesøsterkontor	Tenesta har for få kontor til å kunne nytte legekapasiteten maksimalt. Behov: To nye kontor.
Tuberkulosearbeid / Vaksineklinikk	Våre tenester er underlagt Lov om helsetenester i kommunane og Lov om vern mot smittsame sykdommar. Tuberkulosearbeidet i kommunen er underlagt helsestasjonen. Tenesta har auka tilviste pasientar frå sjukehuset. Tenesta tilrår utgreiing av eigen vaksineklinikk i Tysvær, evt formalisert samarbeid med andre.
Jordmorstilling	Tenesta leiger 50 % jordmorstilling av Haugesund sjukehus. Aktiv arbeidstid blir redusert pga. turnustid og kjøretid. Ein vil i løpet av våren 2014 utgreie betre utnytting.
Førebygging, utgreiing og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge	Tverrfaglig samarbeidsprosjekt starta i 2012. Målet er å skrive prosjektplan og søke midlar til et overvekt prosjekt våren 2014.
Skilsmissegrupper barn	Ikkje gjennomført på grunn av manglande kapasitet.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Tysvær Vepro	
Arbeid og aktivitet	64 brukarar hadde tilbod ved Vepro i 2013. Kommunen kjøper 4 plassar ved Uni-K og plass i private føretak til 10 brukarar.
Produksjon	Skiltproduksjon til turstiar auka i omfang i 2013. Plenslått og vedsalg var stabilt. Mattevaskeri hadde auka levering til private kunder i 2013. Gravstell er eit nytt tilbod.
Hjelpemiddellager	Hjelpemiddellageret har imøtekomme behov for utlevering av hjelpemiddel på ein god måte. Tilrettelegging av lageret som sysselsettingstiltak for brukarar er ikkje oppnådd godt nok. Evaluering av drifta blir gjennomført.

Tryggleiksalarmar	Vepro yter service på tryggleiksalarmar. Analogt system skal leggst om til digital teknikk om kort tid.
Aktivitetstilbod	Sal av handarbeid og bruktgjenstandar og julemesse er hovudaktivitetane.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Flyktningkoordinator	
Årleg mottak av 20 flyktningar	25 personar blei busett, i tillegg kom to barn på familieinnvandring. Dei kom frå Etiopia, Somalia, Syria, Sudan og Colombia.
Kvalifisering gjennom heilårleg og fulltids introduksjonsprogram	I 2013 avslutta 11 sitt introduksjonsprogram. Av desse gjekk 2 ut i arbeid, 3 til grunnskole, 3 til vidaregåande skule, ein på tiltak i regi av NAV og 2 på NAV sosial.
Samla ressurs til introduksjonsprogram og individuelt tilpassa løp	Kommunen har ikkje greid å organisere flyktningmottaket og integreringsarbeidet på ein måte som i stor nok grad kvalifiserer flyktningane til varig arbeid, eigen bustad og samfunnsdeltaking. I 2014 vil påbegynt evalueringsarbeid starte opp att for å finne den beste måten å organisere tenestene på for å nå målet om kvalifisering.
Oppfølging av familiar	Ved mottak av familiar har ein legd inn ekstra hjelp for å møte behov for oppfølging. Ein ser behov for tettare oppfølging for å førebygge sosiale problem.
Bustad	Fire nye sosial-bustadar er oppført. Det har derfor vore lettare å busette flyktningane i 2013. To familiar har kjøpt egne bustadar. Ein familie har flytta frå kommunal til privat leige.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
NAV sosial	
Fremje økonomisk og sosial tryggleik <ul style="list-style-type: none"> • Økonomisk sosialhjelp • Krisehjelp 	Stor aktivitet på alle tenesteområde som ligg til NAV sosial etter NAV-loven og Lov om sosiale tenester i NAV. Bruker statleg anbefalte satsar for sosialhjelp. Mottak av flyktningar medfører utgifter til økonomisk sosialhjelp. Rapportar gjennom året. Totalgjennomgang av forhold som verkar på nivået på sosiale tenester og økonomisk sosialhjelp blei igangsett i desember. Sluttrapport føreligg mars 2014. Mange brukarar har økonomisk sosialhjelp som supplement til anna inntekt/folketrygdyting. Ved årets slutt var det trass budsjetttilførsel i rekneskapsavslutninga knytt til mottak av flyktningar i 2013, eit samla overforbruk på økonomiska sosialhjelp på kr. 619 000. 2012: 8 083 700, 226 brukarar 2013: 9 078 020, 236 brukarar Totaltbudsjettet for heile virkeområdet til NAV-sosial blei derimot ikkje overskride.
Førebygge sosiale problem	Ungdom under 30 år har spesiell prioritet og får tett og individuell oppfølging. Herunder personar med utfordringar innan rus og psykisk helse. Tiltak mot barnefattigdom: Sommar ferie til Kristiansand for framandspråklege einslege mødre og deira barn.
Få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad	Avklaring av arbeidsevne og helse mot arbeid og aktivitet. Alle med nedsett arbeidsevne blei kartlagt på nytt. Sosialhjelp kun som supplement til anna inntekt/trygdeyting der det er mulig.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
Kvalifiseringsprogram	Tal på deltakarar gjekk i 2013 ned frå 8 til 2. Personar med rett til ytingar etter folketrygd blei ikkje tatt inn i programmet men får same individuelle oppfølging av KVPveileidar.
Bustad til vanskelegstilte	Stort press på bustadmarknaden. Tidvis behov for midlertidig bustad i akuttsituasjon. Buretteiarstilling blei prosjektfinansiert som ei styrking av tenesta.
Rusbehandling/rusomsorg	Fokus på tilrettelegging for eit heilskapleg kommunalt tenestetilbod for målgruppa. Ruskoordinator delvis finansiert av prosjektmidlar. Tenester etter helse- og omsorgstenestelova er vedtatt overført frå NAV til psykisk helseteneste innan 2015. Kjøp av heildøgns omsorgstenester overskreid budsjett.
Sikkerhet og beredskap	Fleire trusselsituasjonar inne på NAV-kontoret og ute i tenesta. Hendingane er politianmeldt. Nokre har medføre utestengelsesvedtak. Både Stat og Kommune har sett av pengar til sikringstiltak. KS og NAV laga rapport om sikkerhet i NAV og vil vere øfrande for vidare sikkerhetsarbeid lokalt. Interne rutinar er sjekka og konkrete prosedyrar blir utarbeida knytt til stenging av kontoret og evakuering.

Fokusområder - mål	Status måloppnåing
SLT koordinator	
Sikre at kommunen har tiltak som skal hindre at barn og unge blir rekruttert til kriminelle og/eller rusbelastamiljø	Har god oversikt over ungdomsmiljøet. Dei aller fleste ungdommane viser atferd som ikkje kan knyttast til kriminalitet og rus. Ungdomsundersøking i 2013 viser tal som seier at røyking, alkohol og illegale rusmidler framleis er minkande, ein tendens ein har sett sidan 2000. Undersøkinga vider imidlertid at 20 – 20% melder om problem med søvn, nedstemthet, sinne, ensomhet og håplause tankar om framtida. Andre kommunar i Rogaland melder det same. Tysvær samarbeidar med andre kommunar på Haugalandet om nærmare analyser av tala.
Saman med føresette, skule og andre hjelpapar bidra til at barn og ungdom får eit godt sjølvbilde	489 ungdomsskuleelevar fekk MOT-undervisning 6 – 10 timar pr. klasse. MOT-undervisninga skal bidra her og blei gjennomført etter planen. Foredrag for foreldre på barnetrinn og ungdomstrinn blei gjennomført med m.a. dette tema. 36 positive rollemodellar frå 9 klasse (utdanna som Ungdom Med Mot) har undervist alle 7 klassingar 5 timar for å førebu overgang til ungdomsskulen. Dei same elevane har vore med 7 klassane i ytre del av kommunen på leir med mål om at 7 klassingane skal gle seg til å begynne på ny skule.
Kommuneoverlegen	
Miljøretta helsevern	Kommunen greier ikkje å løyse oppgåvene innan miljøretta helsevern etter Haugaland miljøretta helsevern blei nedlagt i 2011. Kommunen manglar både nødvendig utdyr og kompetanse. Kommuneoverlegane på Haugalandet arbeider for å finne løysingar på utfordringane.
Legevakt	Frå 2013 blei legevakta organisert under seksjon helse.
Smittevern	Aukande behov for tuberkolosekontroll. Det er ikkje funne smitteførande tuberkolose i 2013.

3.5.4. Regnskapsresultat

2013	Rekneskap	Budsjett	Avvik	I %
Brutto driftsutgifter	131.857.810	134.533.176	-2.675.366	98
Brutto driftsinntekter	-38.889.225	-36.876.351	-2.012.874	105
Netto driftsresultat	92.968.585	97.656.825	-4.688.240	95

Resultatområdet kjem ut med eit overskott på 4,7 mill. kroner. Overskottet er større enn det som er lagt til grunn i tertialrapporteringen gjennom året, der var prognosen eit mindre overskott. Resultatet er etter at det er lagt inn 1,5 mill. kroner som innsparing på området. Årsak til det positive resultatet ligg hovudsakeleg i meirinntekter ressurskrevjande brukarar og underforbruk i barneverntenesta. Ressurskrevjande brukarar fekk ei meirinntekt på kr 2,5 mill. Dette er knytt til uventa utgifter som det i stor grad er refusjon på. Barneverntenesta hadde underforbruk gjennom heile året på kr 2,8 mill. Sjukemeldingar og vakante stillingar i tenesta bidrog til utsett saksbehandling og tiltak. Samtidig hadde barnevernet store fristbrudd på undersøking av tilmeldte saker. For 2014 har barnevernet komme opp til forventede produksjonsnivå igjen. Flyktning fekk tilført 1,3 millionar til dekning innan for resultatområdet, og dette medførte at det varsla underskotet på økonomisk sosialhjelp vart dekket.

3.5.5. Tjenesteutvikling

- **Styrke samordning og samarbeidet i tenester for barn og unge**

Betre tverrfaglig innsats (BTI) er eit prosjekt under Haugalandsløftet der resultatområda Barnehage, Skule og Helse og førebygging der målsettinga er å styrke samordning og samarbeidet i tenester for barn og unge. Arbeidet bygger på kommunens samhandlingsmodell barn og unge og ein har i 2013 særleg hatt fokus på å styrke samhandlingsarenaer mellom barnehage, skule og tenester i Helse og førebygging. Føremålet med samhandlingsarenaene er å ha system og rutinar for korleis samhandle når barn og unge treng samansette tenester. I 2013 har ein i stor grad lukkast å få desse arenaene til å fungere etter intensjon. Det er likevel arbeid som gjenstår for at tverrfaglege oppvekstteam fungerer etter intensjon, noko som blir særleg fokus i 2014.

- **Sikre heilskapelege tenester for ungdom som står i risiko for ikkje å meistre overgangen til å bli vaksen**

Nokre ungdommar står i fare for å utvikle svært omfattande problem med både store personlege og samfunnsøkonomiske konsekvensar. Nokre av desse ungdommane utviklar eit risikofylt rusmønster som gjer dei ekstra sårbare når dei skal skape seg eit sosialt liv, og dei kan vere sårbare for korleis dei meistrar utdanning og arbeid. Dette utgjør vidare risiko for tidleg uføretrygd. I tillegg til arbeidet med å ha gode system for å fange opp barn og unge i sårbare situasjonar så tidleg som mulig for at rett hjelp blir sett inn, så satsar NAV særleg på unge mellom 18 og 30 år. Dei gjennomfører jamleg gjennomgang av unge med stønad for å stimulere til kvalifisering, aktivitet og arbeid. Ein ser likevel at eit styrka samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen både innan utdannings- og helse- og sosialsektoren kan bidra til å fange opp og hjelpe ungdom ut i eit sjølvstendig liv i enda større grad. Kommunen vil søke prosjektmidlar for å styrke innsatsen for ungdom.

- **Samle innsatsen på rusvern**

I 2013 har resultatområdet prøvd ut eit konsultasjonsteam for betre samhandling rundt personar med utfordringar på rusområdet. Dette har ført til tettare samarbeid mellom psykisk helseteneste og NAV. Det har vore vanskeleg å få til tilsvarande med somatikken. Ein vil arbeide vidare med å finne både samhandlingsstrukturar som vil bidra til at den enkelte får meir heilskaplege tenester. Kommunen vil søke på øymerka milder til rusområdet både for betre koordinering av tenester og for å få tilbod om aktivitet/sysselsetting for målgruppa.

- **Sikre at personar med behov for habilitering og rehabilitering får effektive og koordinerte tenester gjennom kommunen si koordinerande eining**

Tenester som skal ytast til den einskilde som har behov for habilitering eller rehabilitering skal ytast på ein heilskapleg måte med brukaren sine behov i sentrum. Dette krev at tenestene i resultatområdet samarbeider om innsatsen til den einskilde, og at dei samarbeider tilsvarande med andre resultatområde og instansar. Denne innsatsen blir systematisert i ein individuell plan.

Som ein del av samhandlingsreforma er det venta auka oppgåver innan rehabilitering herunder såkalla kvardagsrehabilitering. Hausten 2013 blei det tilsett koordinator for habilitering og rehabilitering som har ansvar for oppgåvene til kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering.

- **Bidra til felles forankring av kommunen sin innsats i folkehelsearbeidet**

Folkehelsekoordinantor har i 2013 hatt særleg fokus på:

Utarbeida Handlingsplan for folkehelsearbeidet.

I samarbeid med leiar for fysio- og ergoterapitenesta utgreie korleis kommunen best kan legge til rette for «frisklivsarbeid» i kommunen.

I samarbeid med arbeidsgruppe for folkehelse påbegynt Oversikt over helsetilstand og påverkningsfaktorar.

Bidratt til samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar om folkehelsearbeidet.

Bidratt til arrangement for innbyggjarane der folkehelseperspektivet har stått sterkt, t.d.

aktivitetstilbod i samarbeid med Sysco arena og Stegaberget idrettslag, konsert for ungdom.

- **Kommunen skal innan 01.01.16 ha eit tilbod om øyeblikkelig hjelp døgnoophald**

I 2013 har ein gjennomført eit utgreiingsarbeid i samarbeid med Sveio og Bokn om korleis best etablere lovpålagt tilbod om øyeblikkelig hjelp døgntilbod. Av ulike alternativ som blei vurdert kom ein fram til at eit samarbeid mellom dei tre kommunane og Haugesund kunne vere forsvarleg og realistisk å få til. På slutten av utgreiinga kom både Haugesund og Karmøy med invitasjon om felles utgreiing av samarbeid om ei større interkommunal legevakt. Legevakt og øyeblikkelig hjelp døgntilbod er nært knytte i funksjon. Etter ei samla vurdering bestemte administrasjonen i Sveio, Bokn og Tysvær at det ville vere klokt å vente med oppstart av eit nytt tilbod til ein veit meir om korleis framtidig legevakt blir organisert.

3.6. Resultatområde aktivitet og omsorg

3.6.1. Heilskapsvurdering

Målsettinga til Tysvær kommune er henta frå samfunnsdelen i kommuneplanen: Tysvær skal gi tenester som innbyggjarane har krav på og bruk for, på ein effektiv, brukarvennleg og demokratisk måte. Kommunen skal vera ein arbeidsplass der tilsette trivst og får høve til utvikling.

Resultatområdet har om lag 200 årsverk fordelt på 370 tilsette, i tillegg kjem vikarar, elevar, lærlingar og studentar. Resultatområdet er inndelt i fire seksjonar. Tenestene omfattar tildeling av bustader, institusjonsteneste for langtid, korttid og avlasting, heimesjukepleie, praktisk bistand, personleg assistanse, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), aktivitetstilbod, matutlevering og tryggleikssalarm. Aktivitet og omsorg leverer tenester heile døgnet alle dagar i året.

Meldingsåret har vore prega av omstillingsarbeid og store endringar i drifta i høve til omstilling og ny organisering av helse- og omsorgstenester. Dette er forankra i kommunestyrevedtak juni 2013 og rapport Agenda Kaupang og er retningsgjevande for det vidare omstillingsarbeidet. Omstillingsprogrammet er føresett utdjupa og konkretisert både i arbeidet med budsjett / økonomiplanar og i oppfølgande planarbeid som omfattar tiltak både på drifts- og investerings sida i perioden 2013-2018. Omstillingsarbeidet i 2013 er starta opp med vekt på involvering, informasjon og deltaking i prosessen på alle nivå i organisasjonen. Planarbeidet har vore omfattande. Ein er mellom anna i gang med å utarbeida ein plan for samarbeid med frivillige i helse- og omsorg sektoren. Det er eit uttalt mål at alle prosjekt skal ivareta ein frivillig del og er i tråd med nasjonale føringar i Morgendagens omsorg.

Det er lagt ned eit stort arbeid på alle nivå for å nå innsparingsmål, samstundes som brukarane skal få ei forsvarleg teneste. Fleire enn tidlegare har fått hjelp i heimen. I fylgje KOSTRA utgjer dette ein auke på heimebrukarar på 13 %. Dette er i tråd med føringane i Samhandlingsreformen. Tidsbruken i heimesjukepleie har auka i 2013 og tidlegare utskrivning frå sjukehus fører til nye utfordringar når det gjeld kompetanse, fleksibilitet og handlekraft.

Resultatområdet har innført elektronisk meldingsoverføring i 2013 som pilot kommune i Helse Fonna. Dette er eit nødvendig tiltak som sikrar betre dokumentasjonsflyt mellom dei ulike aktørane.

Strukturendring butiltak for funksjonshemma vart òg eit viktig fokusområde i siste halvår 2013. Dette vil ha stort fokus dei komande åra, både med omstilling, innsparing og samlokalisering.

Tenestene i resultatområdet er regulert i Helse- og omsorgstenestelova og Pasient- og brukarrettighetslova og har ei sentral rolle i arbeid med folkehelse og førebygging.

Utviklingstrekk fram mot 2014:

- I 2013 har folketalet i Tysvær auka med 1,7 %. Nokon aldersgrupper har tilbakegang medan aldergruppe 67-79 år har ein vekst på 4,8%. Av desse er dei fleste friske og sjølvstendig, men gruppa har også statistisk ein langt større sjukdomsførekost og behov for rehabilitering og / eller pleie og omsorgstenester enn dei som er yngre. Tysvær kommune har fleire innbyggjarar over 67 år enn gjennomsnittet i Rogaland, men ligg lågare enn landsgjennomsnittet.
- Talet på heimebuande brukarar har auka med 14 % frå 2012 til 2013. Dette er venta ettersom kommunen dreier tenestene meir over på heimebaserte tenester.

Andel over 67 år	2010	2011	2012	2013
Tysvær %	10,9	11,3	11,5	11,9
Rogaland %	10,8	10,9	11,1	11,2
Landet %	13,4	13,5	13,8	14,1

- Institusjonsdekning er fordelt på tre sjukeheimar og avlastingsinstitusjon. Hamrane avlastning er organisert i Helse og førebygging. Det har mot slutten av 2013 vore eit mindre press på institusjonsplassar ved sjukeheimane. Fokus er endra i høve til at tenestene i større grad skal bli utført i heimen. Dette er ei endring i rett retning i tråd med nasjonale føringar. Samstundes krev dette at kommunen må sørgja for å byggja opp omsorgsbustader med mindre grad av personalressurs enn på institusjon. I 2022-2027 blir det ein stor auke i talet på personar over 80 år. Dersom institusjonsplassar skal liggja på 18 %, krev det 107 institusjonsplassar i 2027 og er ein auke på 67 % ut frå dagens nivå. Dette planarbeidet må starta nå.


Behov for institusjonsplassar ved 18 % av talet på personar over 80 år

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Ant. plassar ved 18 %	64	64	65	69	70	70	72	75	76	81	88	94	101	107
Auke i behov frå 2014		0 %	2 %	8 %	9 %	9 %	13 %	17 %	19 %	27 %	38 %	47 %	58 %	67 %
Auke i behov årleg		0 %	2 %	6 %	1 %	0 %	3 %	4 %	1 %	7 %	9 %	7 %	7 %	6 %
Auke i behov frå 2022										7 %	16 %	24 %	33 %	41 %

- Kommunen manglar alternative buformer for fleire brukargrupper. Det er ein auke på venteliste i søknader på omsorgsbustader til eldre og uføre frå 8-10 i 2012 til over 20 mot slutten av 2013. Omsorgsbustader med personalbase kan vera alternativ til institusjon. Kommunen har ikkje eit slikt alternativ og ligg under landsgjennomsnittet.
- Kommunen har gjort ei grundig kartlegging over personar som har meldt behov for bustad og er funksjonshemma. I 2015 er det 12 personar som ventar på bustad, i 2018 vil talet stiga til 20 personar. I følgje KOSTRA har kommune relativt få bustader med heildøgnsbemanning, 37 % færre enn landsgjennomsnittet. Når kommunen har få bustader vil det vera dei mest hjelpetrengjande som har bustad og kostnaden pr. eining vil vera høgare enn i kommunar med god dekning og meir variert hjelpebehov.

KOSTRA 2013	Tysvær	Gran	Kostr12	Rogal	Landet
Andel beboere i bolig m/ heldøgns bemanning	31,4	52,1	58	54,4	49,6
Tysvær prosent mindre enn		40 %	46 %	42 %	37 %

- Kommunen er i ferd med å utarbeida plan for demensomsorg. Det er gjennomført kartlegging av heimebuande med demens. Det trengs spesialkompetanse for å kunne levera forsvarlege tenester og bidra til eit verdig liv. Aktivitetstilbod er avgjerande, både for livskvalitet og som avlastning for pårørande.
- Utskrivingar frå sjukehuset. Samhandlingsreformen er i sitt andre år og kommunen har gjort registreringar på pasientforløp og utskrivingar frå sjukehuset. Kommunen har tatt imot alle utskrivingklare frå sjukehuset. Det var i 2012 dobbelt så mange utskrivingar frå sjukehuset som i 2011. I 2013 er utskrivingar stabilt med ein marginal reduksjon på 5 %. Ny regjering har varsla endring i finansiering og betalingsordning mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.



3.6.2. Hendingar og aktivitetar

Dei største hendingane i 2013 var gjennomgang av omsorgstenestene, plan og vedtak for å realisera oppsett innsparingsmål. Det er sett i verk omfattande planarbeid for å gjennomføra tiltak. Arbeidet er godt i gang i 2013. Det har lukkast kommunen å snu pleie og omsorgstenester meir over på heimebaserte tenester. Det inneber færre liggedøgn og langt fleire årsverk ut i heimetenesta.

I tillegg til planarbeid og omstillingsarbeid deltek kommunen i fleire prosjekt med ekstern tilskot. Kommunen har mottatt eksterne prosjektmidlar til fylgjande prosjekt:

1) KOLS- prosjektet, 2) Kreftomsorg og 3) Eksistensielle behov og lindrande behandling. I 2013 deltok også kommunen i eit samarbeidsprosjekt med NAV Arbeidslivssenter for å redusera sjukefråværet.

Planarbeid på mange område er i gang. Prosessen med å få på plass eit Tildelingskontor kom i gang mot slutten av 2013. Dette vil vera viktig for å sikra forsvarleg saksbehandling også i framtida. I tillegg til ei rekkje fagplanar er det to store prosessar som lagar plan for omstilling og omorganisering 1) Omorganiering av tenestene 2) Strukturendring butiltak. Begge prosessane starta i 2013 og vil bli avslutta i 2014. Det er eit stort fokus på prosessen og korleis ein kan planleggja og realisera planane på ein god måte i dialog og med involvering med tilsette.

I 2013 var Tysvær ein av dei første kommunane i Helse Fonna regionen som innførte elektronsik meldingsutveksling med sjukehuset og med fastlegane.

Aktivitet og omsorg hadde eit sjukefråvær på 10,4 i 2012 og 10,9 i 2013. Siste kvartal i 2013 var sjukefråværet 9,6. Kommunen har mange arbeidstakarar som har vore i fysisk hardt arbeid i svært mange år. Her er frekvensen på legemeldt sjukefråværet høgt. Leiarane har fokus på sjukefråvær, arbeidsmiljø og tilrettelegging.

3.6.3. Måloppfølging

Resultatområdet Aktivitet og omsorg sette opp felles mål for drifta i 2013:

Fokusområde - Mål	Status måloppnåing
1. Reelt budsjett, fylgja AML når det gjeld stillingar, rydda budsjettet slik at det blir eit godt styringsverktøy.	Forbetring frå 2012. Det er utvikla mal og innhald for månadleg rapportering for alle seksjonane. Det er framleis potensiale for forbetring og utvikling. Særleg gjeld dette samhandling mellom stab og seksjonane.
2. Tilsynslegeressurs som sikrar legetilsyn innan 24 timar til pasientar som kjem frå sjukehuset.	To institusjonar melder om god tilgang på legetilsyn. Tilsynslege er som regel lett tilgjengeleg på telefon i helg. Ein institusjon har utfordring med berre ein dag legetilsyn i veka. Gjennom samarbeid og god kommunikasjon mellom dyktig lege og sjukepleiarar, er det likevel eit fagleg forsvarleg tilbod.
3. Tilfredsstillande dagtilbod for personar med demens.	Er under planlegging og blir iverksett medio 2014.
4. Få tilført ei stilling som rådgjevar, med særleg vekt på omstilling og planarbeid.	Rådgjevar er tilsett frå 1. september 2013.

Fokusområde - Mål	Status måloppnåing
5. Oppdatert kompetanseplan som er i tråd med aktivitet og målsetting for verksemda.	Ei arbeidsgruppe i samarbeid med dei ulike tenestene, er i gang med revidering av planen.
6. Budsjetttrammer til nødvendige kompetansehevande tiltak.	Lite midlar er avsett på budsjettet til kompetanseheving i høve til tal på tilsette og utfordrande arbeidsoperasjonar (t.d. oppdrag knytt til forskning, utvikling og prosjektarbeid). Utfordring i høve til vikarkostnader.
7. Tilfredsstillande brann og beredskap på alle bygningar i risikoklasse 6. Sprinkling av Nedstrandstunet og Tysværtunet.	Sprinkling Nedstrandtunet er planlagt i 2014. Sprinkling Tysværtunet er i god prosess. Manglar sprinkling i bustader med heildøgnsbemanning (risikoklasse 6). Tilsette sin brannkompetanse ok ved branntilsyn.
8. Kunne tilby ordninær heimesjukepleie på natt.	Nattpatrulje kom ikkje i gang i meldingsåret.
9. I stand til å rekruttera nødvendig personell. Me skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt omdømme.	Det har vore ein utfordring å rekruttera vernepleiarar til butiltak. I tillegg er det ei utfordring å rekruttera kvalifisert personell til små helgestillingar. Det har til tider vore mangel på sjukepleiarar og periodevis vart vikarbyrå nytta.
10. Kunne ta i bruk alternative arbeidstidsordningar med forankring i felles rutine i kommunen.	Overordna avtale er på plass.
11. Etablert skriftleg rutine for tenestestandard og god saksbehandling i kommunen og felles kommunal forvaltning.	Ikkje på plass.
12. Det skal ikkje vera overbelegg på institusjonsplassane (77).	Målet er nådd. Ført til større press på heimebasert teneste.
13. Starta arbeid med plan for bustadstruktur.	Arbeidet med ny bustadstruktur er starta i 2013. Dag/aktivitetstilbod og avlasting er ein del av dette.
14. Ha betre ressursstyring og oversikt over tenester og kostnader.	Utvikling i rett retning. Er behov for langt betre verkty for rapportering for å gjera styringsinformasjon lettare tilgjengeleg i det daglege.

3.6.4. Regnskapsresultat

	Rekneskap	Årsbudsjett m.endr.	Forbruk %	Avvik, kr
Br. driftsutgifter	161 032 515	160 286 805	100,5	-745 710
Br. driftsinntekter	-43 648 416	-43 043 980	101,4	604 436
Nt. driftsutgifter	117 384 099	117 242 825	100,1	-141 274

I 2012 blei det gjort vedtak om omfattande innsparing og omstilling i omsorgstenestene med bakgrunn i rapport frå Agenda Kaupang. 2013 var første år i innsparingsprogrammet med 5 millionar innan omsorgstenetene.

KOSTRA tal for 2013 viser reduserte utgifter per innbyggjar, medan landet elles viser vekst på innan pleie og omsorgstenester. Sjå nøkkeltalsheftet. Dette viser at det i tenestene blir arbeida med budsjettkontroll og innsparing. Utfordringa er å imøtekoma innsparingsmål, arbeida med plan for omorganisering og samstundes ivareta nødvendig kvalitet på tenesta. Det har vore utført målretta arbeid for å skapa gode prosessar i omstillingsarbeidet. Gjennom involvering, informasjon og deltaking har ein jobba for å finna gode løysingar saman. Målsetjinga er å yta forsvarlege tenester, i lys av verdiane heilskap, kvalitet og fleksibilitet også i framtida.

Organisatoriske endringar, bygningsmessige endringar og samlokalisering var i fylgje Agenda rapporten føresetnad for innsparing. Desse forutsetningane er ikkje på plass og det vil i 2014 vera vanskeleg å fylgja vedtatt framdriftsplan på innsparing utan forutsetningane tilstades.

3.6.5. Tjenesteutvikling innen resultatområdet

Utviklinga viser at det blir fleire eldre. Mange har fleire diagnoser og meir samansett sjukdomsbilete. Tal på pasientar med kroniske lidingar aukar. Dei vil ha utbytte av betre tenester og meir oppfølging der dei bur. Det er difor behov for meir utbygde helse- og omsorgstenester der folk bur.

Viktige føresetnader for tenesteutvikling framover er omstilling og omorganisering av tenestene innan helse og omsorg. Dette inneber store endringar og omstillingsprosessar som får konsekvensar både for personalet og brukarane. Målet med samhandlingsreforma er å førebyggja meir, behandla tidlegare og samhandla betre. Pasientar og brukarar skal få tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid på rett stad, gjennom eit heilskapeleg og koordinert tenestetilbod for helse og omsorg.

Det vil vera ei utfordring å rekruttera nok helse- og omsorgspersonell i åra framover. Nytenking i både organisering og innhald i tenestetilbodet vil vera avgjerande for å lukkast. Ny teknologi og nye metodar krev meir spesialisering og sterke fagmiljø. Samstundes kan og må det, vera tilbod om fleire tenester nærare der pasienten / brukaren bur.

Arbeidsmål 2014

- Fylgja opp og gjennomføra omstillingsplan for omsorgstenestene
- Utarbeida plan for strukturendring i butiltak og imøtekoma nye behov
- Planleggja organisering, lokalisering og implementering av avdelingar i ny organisering (innber bygningsmessige endringar m.a. Tysværtunet)
- Bidra til og ta ansvar for at nødvendige planar blir laga i 2014 (Sjå budsjett kap. 3.1)
- Spara 4 millionar i 2014 saman med resultatområdet Helse og førebygging
- Utarbeida planar for tenestestruktur, leing og organisering
- Arbeida med faglege modellar og planar for rehabilitering og habilitering, førebygging og tenester til sårbare pasientgrupper
- Utvikla samarbeidsmodellar med aktørar innanfor og utanfor den kommunale organisasjonen. Resultatområdet vil prioritera samarbeid med pårørande og frivillige
- Rullera kompetanseplanen
- Vidareføra arbeidet med å redusera institusjonsplassar og dreia tenesta over til meir heimebasert omsorg (iflg. omsorgsgjennomgang)
- Vidareføra arbeidet med effektive og gode informasjonskanalar internt i helse- og omsorgstenestene og retta mot innbyggjarar. Oppdatera nettsidene med informasjon om tenestene
- Arbeida vidare med rapporteringsrutinar og økonomistyring
- Iverksetja tildelingskontor (saksbehandling, vedtak og koordinering)
- Iverksetja dagtilbod for personar med demens.
- Gjennomføra brukarundersøking

- Innføra mobil omsorg
- Iverksetja nattpatrulje innan 2014
- Arbeida aktivt med å redusera sjukefråværet til under 8 %
- Oppdatera operativ beredskapsplanar med særleg fokus på brann

3.7. Resultatområde teknisk

3.7.1. Heilskapsvurdering

2013 har vore aktivt år med mange spennande og krevjande oppgåver for resultatområde teknisk. Vekst i kommunen skapar stor etterspurnad etter tekniske tenester og fører med seg et auka krav til kapasitet og kompetanse til sakshandsaming innan teknisk drift og forvaltning. Dyktige medarbeidarar held seg oppdatert i forhold til nye og endra lovar og rammeføresetnader samstundes som dei gir service og tenester til innbyggjarar, næringsliv og til andre resultatområde.

3.7.2. Hendingar og aktiviteter

3.7.2.1. Bygg og regulering

Seksjonen har sekretariatsansvaret for møter i teknisk utval, som i 2013 hadde 10 ordinære møter der det vart lagt fram **152** (171) saker, inklusiv landbruks-, brann- og andre tekniske saker til behandling. I tillegg er det behandla **543** (535) plan- og byggesaker på delegasjon som omfattar både byggje- og delesøknader samt søknad om utslepp av private avløpsvatn. Etter at seksjonen fekk tilsett ein person med hovudansvaret for tilsyn på byggetiltak har ein klart å få etablert rutinar og prosedyrar som tilfredsstillar krav i plan- og bygningslova. Meldingar frå innbyggjarane om moglege ulovlege byggetiltak har seksjonen også fått resurs til å ta tak i med denne stillinga.

Godkjente planar i 2013:

Reguleringsplan for Grinde (v/Stemnestaden)

Reguleringsplan for Grindafjord feriesenter

Områdereguleringsplan for Haugaland Næringspark, endring av områdeplan

Reguleringsplan for Haugaland Næringspark, del 1

Detaljreguleringsplan for Padlane aust

Detaljreguleringsplan for Alvanutlia Utsikten, endring av reguleringsplan

Detaljreguleringsplan for Hervik, gbnr 41/11

Planar til behandling pr. 31.12.2013

Reguleringsplan for Skrabbavika turistanlegg

Reguleringsplan for Haugaland Næringspark, vindmøller

Detaljreguleringsplan for småbåthamn Stuvik utviding

Detaljreguleringsplan for Aksdal Nordre 72/45, endring av formål barnehage – Omsorg

Detaljreguleringsplan for Coop Frakkagjerd

Detaljreguleringsplan for Langøy småbåthamn og utleigehtter

Detaljplan for 2 plan kryss Eikeskog

Detaljplan for Mjåsund Nord

Detaljplan for Skjoldastraumen industriområde, Endring av plan

Detaljplan for Tysværvåg Kyrkjegård, utviding

Detaljplan for Tveit Klatrepark

3.7.2.2 Utbygging og eigedom

Seksjonen har ansvar for utbygging av offentlege bygg og anlegg og infrastruktur, som vegar og vann- og avlaupsanlegg. Seksjonen har og ansvar for kommunen sine eigedommar og sal av industritomter og bustadtomter.

3.7.2.3. Eigedom

I 2013 fatta kommunestyret den 17.09.2013 vedtak om at einebustadtomter og tomter til konsentrert busetnad skal seljast til full marknadspris. I same møte blei reglar for tildeling av kommunale einebustadtomter også fornya (endra noko).

Solgte tomter 2013				
Tomt nr	Areal	Pris	Navn	Solgt dato
Bjørnsvik				
9	1044	430.000		21.03.2013
Kallevik Sør				
22	769	400.000		21.06.2013
Øverland				
53	936	510.000		13.09.2013
58	854	430.000		26.08.2013
64	883	500.000		03.07.2013
Nypedalen				
7	802,8	38260		24.04.2013
8	1059,1	44618		24.01.2013
Garhaug				
332	815,02	775.000		03.12.2013
Slåttevik				
37	743	115.753		12.03.2013

SUM 9 bustadtomter

Sal av industritomter – Frakkagjerd og Skjoldastraumen.

Det har vore førespurnader om næringstomt i Skjoldastraumen, men det er ikkje solgt fleire tomter i 2013. Det er 2 opsjonar som skal slutførast i 2014.

Tomtesal Aksdal næringspark

Utbyggingssselskapet Aksdal næringspark AS stifta juni 2010. Aksdal næringspark har kjøpt byggjetrinn 1 (125 dekar tomteareal) ferdig byggjemodna, og står for det vidare sal av tomter i byggjetrinn 1. Det er solgt ca. 80% av byggjetrinn 1, dvs. ca. 100 dekar.

Aksdal næringspark skal sjølv byggemodne vidare utbygging, og er ferdig med prosjektering av byggjetrinn 2 og 3. Dei har vidare innhenta pris på byggjemodning av trinn 2 som ligg mot vest langs Eikeskogsvegen.

Det som gjenstår er opparbeiding av nytt kryss frå E39 til næringsparken. Det blir arbeid for at 2 planskryss skal erstatte det godkjente T-krysset. Det er inngått intensjonsavtalar mellom Tysvær kommune og Statens vegvesen og Tysvær kommune og Aksdal næringspark om finansiering av 2-planskryss. Reguleringsplan er utarbeidd av kommunen som blei godkjent i kommunestyret 26.02.2014. Statens vegvesen skal vere ferdig med prosjektering av toplanskryss med byggeherreoverslag i april 2014.

3.4.2.4. Kart og oppmåling

Tysvær kommune utfører kart- og oppmålingsarbeid for Bokn kommune etter inngått avtale. Matrikkelen for Bokn kommune er ført av Tysvær kommune.

Vi kjøper konsulenttenester frå 2 konsulentfirma på grunn av redusert bemanning på seksjonen.

Matrikkelen

I 2013 blei det registrert 93 nye matrikkeleiningar (eigedomar).

I tillegg er det gjennomført oppmålingsforretningar for klarlegging av grenser for eksisterande eigedom.

Adresseprosjektet

Det er tildelt 826 nye vegadresser i Tysvær kommune i 2013.

Vi er i sluttfasen av arbeidet med tildeling av vegadresser i Tysvær kommune.

95 % av eksisterande bygg som skal få tildelt adresse, har nå fått tildelt vegadresse.

(Vegnamn og husnummer)

Vi har brukt meir tid på dette arbeidet enn planlagt. Forklaringa på dette er at vi måtte retta ein god del feil og manglar i matrikkelkartet.

Statens vegvesen skal betala sin del av kostnadane med vegnamnskilt langs europavegar, riksvegar og fylkesvegar. Vi reknar med at vi skal få ca. kr.100.000 i refusjon frå Statens vegvesen.

Mange av dei skilta som er sett opp dei siste åra har for dårleg kvalitet og må skiftast ut.

Vi har inngått ei gunstig avtale med leverandøren av vegnamnskilta for å redusera utgiftene med dette reklamasjonsarbeidet mest mogeleg.

Vi får mange tilbakemeldingar om at innbyggjarane i kommunen er glad for at vi nå har fått vegnamn og husnummer i kommunen.

Flyfotografering/nykartlegging

Det er nå gjennomført flyfotografering av heile Tysvær kommune i 2012 og 2013.

Dataleveransen for 2012 prosjektet er levert.

Dataleveransen for 2013 prosjektet vil bli levert i nær framtid.

Arbeidet blir utført som eit samarbeidsprosjekt mellom Statens kartverk, Tysvær kommune, Statensvegvesen, Telenor, Fylkesmannen m.fl.

Statens kartverk har utført flyfotografering for produksjon av ortofoto over heile Haugalandet i 2013. Tysvær kommune betaler ca. kr.40.000 for flyfotografering.

Tysvær kommune deltar også i eit samarbeid med Statens kartverk for å få etablert eit nytt høgderreferansesystem (NN 2000) for fastmerker i Tysvær kommune. Dette er eit nasjonalt prosjekt der dei enkelte kommunane også må ta deler av kostnaden. Kostnaden for Tysvær kommune er ca. kr.43.000.

3.7.2.5. Brann og redning

Seksjonen har to avdelingar; førebyggjande avdeling og beredskapsavdeling. Beredskapsavdelinga har i 2013 hatt avdelingsleiar i heil stilling samt 48 deltidstilsette brannmannskaper fordelt på brannstasjonane i Aksdal, Tysværvåg og Nedstrand. Det har vore skifte av brannsjef/leiar beredskapsavdeling i løpet av året. Førebyggjande avdeling, herunder feiing og tilsyn, har hatt 2,8 heiltidsstillingar samt feiarlærling deler av året. Førebyggjande avdeling har i årevis hatt mangelfull bemanning i forhold til minimumskrav i dimensjoneringsforskriften.

Tysvær kommune har i tråd med samarbeidsavtale med Bokn kommune utført oppgåver knytt til drift av brannvesenet på Bokn. Samarbeidet har fungert godt.

Hovudaktivitetar og -oppgåver utført av brannvesenet i 2013:

- 78 utrykkingar til brann/ulykker
- 35 brannøvingar for brannmannskapa, fordelt på 3 stasjonar + Bokn
- Feiing og tilsyn med fyringsanlegg i bustadar
- Brannvern opplæring av 6.klasse elevar i Tysvær, samt ulike verksemdar innan helse, rehabilitering, skule og barnehage.
- «Open dag» med 400-500 barn og vaksne på besøk i brannstasjonen i Aksdal.

3.7.2.6. Drift og vedlikehald

Seksjon har i 2013 hatt 30 tilsette/stillingsheimlar. Fleire tilsette utfører arbeidsoppgåver innan fleire tenesteområder. Drift og vedlikehald har dei seinare åra fått ei rekke nye bygg og anlegg å drifte utan at det har fulgt med auka ressurser. Det er utfordrande å halde tenestenproduksjonen på same nivå som før og det er mindre ressurser til kjøp av varer og tenester.

Vatn og avløp (VA)

Vassforsyninga omfattar fem kommunale vassverk med 20 høgdebasseng 9 trykkaukestasjonar, og om lag 200 km vassleidning. Vasskvaliteten er god, men det er for høgt fargetal for anlegget i Ådnavtnet som skal fasast ut i 2014.

Avlaupsanlegg består av fire høggradige kloakkreinseanlegg med 34 tilhøyrande pumpestasjonar og 14 kommunale slamavskillarar. Det er 88 km med spillvassleidning og 55 km overvassleidning.

Drifta har i 2013 gått utan store problem, men kapasiteten på fleire av reinse-/avløpsanlegga er fullt utnytta. Hovudplan for vatn og kloakk blei godkjent i 2012. Det er gjort omfattande utbyggingar i perioden 2012-2013. Dette held fram i perioden fram til og med 2017.

Veg/samferdsle

Det er 116 kommunal veg i Tysvær, herav 111 km har fast dekke. Det er 50 km gang- og sykkelveg. Halvparten av budsjetterte midlar (kr. 500.000) blei brukt til asfaltering i 2013. Det blei brukt meir midlar til vintervedlikehald enn budsjettert.

Vedlikahald av kommunale kaiar har vore mangelfullt, og fleire kaiar er stengde.

Grønt-/idrettsanlegg

Grønt- og idrettsanlegg er tilfredsstillende holdt vedlike i 2013. Skogskjøtsel blir tatt om vinteren i samarbeid med Skogbrukssjefen.

Bygg

Resultatområdet har ansvar for drift og vedlikehold av kommunen sin bygningsmasse utanom Tysværtunet – kulturdelen og Sysco Arena.

Hovedtyngden av driftsbudsjettet til vedlikehold går til dekking av faste driftsavtaler og anna forefallande vedlikehold. Dette har vore situasjonen frå og med busjettåret 2010.

I forbindelse med budsjett for 2013 og 2014 er det avsett 1 mill. kroner investeringsmidler årleg til planlagt vedlikehold. Desse midlane skal dekke utgiftene til pågåande arbeid med vedlikehaldsplan og nødvendig planlagt vedlikehold.

Arbeid med vedlikehaldsplan er i gang, og skal vere klar til politisk handsaming parallellt med budsjetthandsaminga hausten 2014. Vedlikehaldsplanen skal vere grunnlaget for vidare planlagt vedlikehold av kommunal bygningsmasse.

Diverse vedlikehaldsprosjekter etter ekstra-bevilgningar vil verta utført i 2014.

Vidare blir det arbeid med Enøk for å redusere energiforbruket i bygningane.

3.7.2.7. Reinhald

Reinhald blei fra 1. januar 2013 en egen seksjon under teknisk. Det er 53 fast tilsatte, og ein har i tillegg hatt inne 22 vikarer.

Året blei brukt til å gjere seg kjent med dei tilsatte, brukarane og bygningane. Det har gått greit å gjennomføre endringar, og ein har fått positive tilbakemeldingar frå brukarane.

Mykje skal settast i system, og dette er krevjande administrativt.

Det har ikkje vore budsjettert for vikarbruk ved ferie og sjukdom og utskifting av gammal og slitt maskinpark.

Det har blitt holdt kurs og møter for å bli kjent med kvarandre og organisasjonen. Det er oppretta ei fag-/trivselsgruppe med representantar for dei ulike bygga , og desse kjem med innspel om aktuelle tema/kurs.

Prosjekt sjukefråvær høsten 2013 i samarbeid med NAV, Bedriftshelsetenesten og personal har jobba med risikokartlegging og sjukefråvær. Sjukefråværet i avdelinga er høgare enn kommunes mål.

Arbeid med reinhaldsplan er starta opp. Planen skal definere standart og frekvens på reinhald for alle typer bygg i kommunen.

3.7.2.8. Areal, miljø og landbruk

Jordbruk

Gardskartprosessen: Retting/oppdatering av landbrukseigedomane i Tysvær (AR5) blei sendt 3.5.2013. Statistikk over endringar i AR5 frå Skog og landskap viser at det i Tysvær er gjort endring på over 10 000 dekar areal i samband med gardskartprosessen. Dei største endringane er arealendringar frå anna areal til jordbruksareal. Det blei og gjort store endringar frå jordbruksareal til anna areal og endringar innan jordbruksareal. I tillegg blei det gjort arealendring utanom jordbruksareal, til dømes på skogareal og open fastmark.

Produksjonstilskot: Tal bønder som søkte produksjonstilskot i 2013, gjennomsnitt frå dei to søknadsomgangane, tal frå 2012 i parentes:

- Tysvær 251 stk, 212 på nett, 39 papirskjema (250 stk, 109 på nett, 141 papirskjema)
- Haugesund 31 stk, 27 på nett, 4 papirskjema (31 stk, 16 på nett, 16 papirform)
- Bokn, 43 stk, 40 på nett, 3 papirskjema (46 stk, 19 på nett, 27 papirform)

Det har blitt produsert og sendt ut to meldingsblad til aktive gardbrukarar i Haugesund, Bokn og Tysvær.

Tilskot til avløyning ved sjukdom mv.2013: Det har blitt behandla 31 søknader frå 15 føretak i Tysvær, og 6 søknadar frå 3 føretak i Bokn.

Tilskot til grøfting, nydyrking og kjøp av mjølkekvote: Det har blitt behandla 8 søknadar om kommunalt tilskot til grøfting og 1 søknad til nydyrking i Tysvær. Det vart utbetalt kommunale tilskot til kjøpt av mjølkekvote til 27 føretak i Tysvær og 5 føretak i Bokn. I 2013 blei det òg innført statleg tilskot til drenering av jordbruksjord gjennom SMIL-ordninga. I Tysvær er det behandla 12 søknadar, 1 søknad i Bokn og 1 søknad i Haugesund for 2013.

Nydyrking: Det har blitt behandla 10 søknadar om nydyrking, og det er blitt gitt løyve til nydyrking av totalt 298 dekar i Tysvær. I Bokn er det behandla 1 søknad om nydyrking på 10 dekar.

Regionalt miljøprogram: I 2013 blei det behandla 99 søknadar i Tysvær, 16 i Bokn og 9 i Haugesund. 3 søknadar fekk avslag. Det var første gong ein kunne søkje elektronisk på denne tilskotsordninga.

Godkjenning av beite som spreieareal: Det vart behandla 4 søknadar.

Spesielle Miljøtiltak i Jordbruket: Gjennom denne ordninga har vi behandla 13 søknadar i Tysvær, 2 i Haugesund og 3 i Bokn. Totalt vart det løyvd 883 564 kr gjennom SMIL til prosjekt i kommunane Tysvær, Bokn og Haugesund. 4 søknadar fekk avslag.

Kommunestyret vedtok nye vedtekter for tiltaks- og næringsfondet. Ordninga med tilskot til skogtiltak, grøfting og nydyrking held fram. Tilskot til kjøp av mjølkekvote vart tatt ut.

Skogbruk og vilt

Det vart planta 36 dekar etter hogst, som utgjør vel 15000 utsette planter. Det er norsk gran som er det dominerande planteslaget. Det vart utført ungskogpleie på 213 dekar. Tysvær kommune gjennomførte i 2013 helikoptergjødsling i samarbeid med fylkesmannen. Det vart gjødsla ca. 600 daa. Det vart avvirka 6000 m³ tømmer for salg og 1500m³ til vedproduksjon, til ein førstehandsverdi på ca. 2.4 mill. kroner. Det vart levert ca. 15000 juletreplanter. Det har ikkje vore framgang i arbeidet med oppstart av eit bioenergianlegg i Hinderåvåg. 1 stort skogsbilveganlegg er ferdigstilt. Ramsvikvegen II. Vegen skal fortsette på austsida av Lysevatnet. Vegen vil løyse ut ca 20 000 m³ tømmer. Vidare er Vesterlidvegen i ferd med å bli ferdigstilt. 3.5 km skogsveg blir opprusta til dagens standard; ferdigstilt våren 2014. Det tredje anlegget skal byggast på Tordal ved Sandbekken. Skogsbilveganlegget er godt igang. Vil bli ferdigstilt i løpet av 2014. Felles for anlegga er at dei ved ferdigstilling vil løyse ut fleire tusen m³ tømmer for salg til fleire millionar kroner.

Tysvær kommune er med på å finansiere prosjektet verdiskapning og CO2 binding i Rogalandskogbruket. Tysvær kommune er saman med Bjerkreim kommune valgt ut til å vera prøvekommunar. Kriterier for verdiar og andre tal som skal brukes for å belyse CO2 binding av skog er under utrekning. Den sentrale skogpolitikken med auka aktivitet, og CO2 binding står ved lag. Fylkestinget står samla bak ein eigen skogpolitikk for fylket. Dette vil forhåpentligvis gjera det lettare å få gehør politisk for lokale innspel i skogsatsinga. Det vart gjennomført 2 kurs i bruk og vedlikehald av motorsag i 2013.

Det er felt 317 hjort i 2013, det er ein tilbakegang på 21 dyr frå 2012. Tilbakegangen frå 2011 var på 46 dyr. Fellingsprosenten i 2013 var 61,4%. Jakttida varte i 2013 fram til 23.12. Det har blitt felt 86 rådyr i 2013. I 2012 vart det felt 190 rådyr. Så også her er det ein betydelig tilbakegang. Hjorteviltplanen frå Naturdata AS er ferdigstilt og vedtatt. Storvalda har fortsatt auke i antall medlemmer. Det er felt 82 rev og 22 mink i 2013. Minkprosjektet er fortsatt oppe og går på tross av laber interesse hjå grunneierne som er med. Lite med mink har gjort at nokre av sjøfuglbestandene har tatt seg opp. Om trenden held fram er det på nåværende tidspunkt vanskelig å sei noko sikkert om. Prosjektet er 3-årig og blei starta opp i 2010.

Miljø

Behandla 23 utsleppsløyver etter kap. 12 og to etter kap. 15 i forureiningsforskrifta. Saksbehandling forureiningssaker, trafikksaker, konsekvensutgreiingar, akvakultur, vind- og vasskraftutbygging og vassforvaltningssaker. Vurderingar etter naturmangfaldlova i saker som krev det. Arbeid med prosjektet Grønn Hverdag Haugalandet. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Haugesund, Karmøy og Tysvær, samt Grønn Hverdag. Prosjektet bidrar med haldningsskapande arbeid, kampanjar og aktivitetar på Haugalandet. Ein kan særleg nemne Retromarknad under under Vise- og lyrikk festivalen med salsboder, matkastebord, kurs i økologisk hagebruk, ungdomsbruktmarknad, mm. Miljøvernrådgjevar har Miljøfyrtårnsertifisert eller resertifisert til saman 11 einingar i 2013, kor 9 var i Haugesund, ein i Bømlo og ein i Sveio.

Arbeider gjennom året med å følgje opp energi- og klimaplanen som blei vedtatt i 2011 og trafikksikringsplanen som blei vedtatt i 2010. Deltaking i diverse fora som angår sykkel- og gangveg og kollektivtrafikk, samt regionalplan for vassforvaltninga. Miljøvernrådgjevar er sekretær i «Skiltgruppe Tysvær» saman med Politi og Statens Vegvesen, som starta opp hausten 2013. Oppstart og søknad om å vere med i konseptet «Trafikksikker kommune» samt vidare arbeid med dette. Miljøvernrådgjevar er også med i den interne enøk-gruppa. Har utarbeida søknad om midlar frå fylkeskommunen/fylkesmannen til prosjektet «Vegetasjonskartlegging i utmark i Tysvær og Vindafjord kommune». Har utarbeida søknader om midlar frå Statens Vegvesen til å gjere kollektivtrafikken meir tilgjengelig.

Arealplan

Kommunestyret vedtok i juni Planprogram for kommuneplanrevisjon 2015-27. Arealtema er fritidsbustader, reiselivsannlegg, småbåthamner, strandsone, sjøområder og kjerneområder landbruk. Kommuneplanutvalet vedtok eit premissdokument som fastsette strategiar for vurdering av innspel om endra arealbruk. Det same utvalet vedtok å nytte kartlegginga av funksjonell strandsone utført juni 2013 som grunnlag for differensiert strandsoneforvaltning i kommunen. Innan høyringsfristen 1. oktober kom det inn over 90 innspel om endra

arealbruk. Oppfølging og behandling av innspela vil skje i 2014. Seksjon Areal, Landbruk og Miljø har forsøkt å leggje til rette for ein gjennomsiiktig og lett forståeleg planprosess.

Kommunestyret vedtok i sak 58/13, val av overordna planløyising i Aksdal, å gå vidare med Alternativ 2 som legg opp til at nytt kjøpesenter kan byggast så langt sør for E134 at vegvesenet ikkje set rekkefølgekrav om lokk over vegen. Vedtaket opnar og for å vurdere bygging av bustadar på toppen av kjøpesenteret og flytting av kollektivterminalen til sørsida av E134.

Kommuneplanutvalet godkjente avtale med private om samarbeid om områdereguleringsplan på Skeiseid. Iverksetjing er utsett i påvente av at kommunen avklarar utbyggingsstrategi. Det vart i juni arrangert folkemøte i samband med oppstart av reguleringplan for Frakkagjerd Sentrum. Det vart i planarbeidet raskt avdekka stort behov for avklaringar i den sørlege delen av planområder der det ligg to skular, to barnehagar, Sysco Arena m.fl. Følgjande planar vart levert til seksjon Bygg og Regulering: Tysvær kyrkje, reguleringsendring Skjoldastraumen industripark, miindre reguleringsendring Aksdal Næringspark.

Seksjon Areal, Landbruk og Miljø er møtesekretariat for kommuneplanutvalget. I 2013 vart det avholdt 8 møter. 21 politiske saker og 9 orienteringssaker vart behandla. Sakene har i hovedsak omhandla oppstart av ny kommuneplanrevisjon, samt oppfølging av pågående lokale og regionale planprosessar.

3.7.3. Måloppfølging

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Bygg og regulering	
<p>Tilsyn etter pbl og oppfølging av ulovlege tiltak. Å få utført ein del av det lovpålagte tilsynet med føretak og byggesaker. Følgje opp meldingar om ulovleg oppførte byggetiltak</p>	<p>Då det vart tilsett ny person i avdelinga med tilsyn som hovudoppgåve er det blitt utført tilsyn i samsvar med tilsynsplanen. Ulovlege byggetiltak som kommunen har fått melding om har også blitt følgd opp.</p>
<p>Kortare saksbehandlingstid og ha minst mogleg restansar. Lage gode prosedyrar, rutinar og maler for å sikre god kvalitet og ei effektiv saksbehandling. Få opp kompetansen på personalet slik at dei blir trygge på det regelverket som til ei kvar til er gjeldand Målet er å ha god kvalitet og ei rask og effektiv saksbehandling</p>	<p>Rutinar og reviderte maler for behandling av byggetiltak er forbetra i 2013. Opplæring av nye ansatte/vikar har krevd resursar, men saksbehandlingstida har likevel halde seg innanfor den lovpålagte fristen. Kompetanse i avdelinga er blitt heva ved vidareutdanning av personalet innan regelverket for byggesak og planjuss.</p>
<p>Matrikkelføring. Kommunen er ansvarlig for registrering av alle bygg over 15 m2 i matrikkelen. Målet er å få registert/ført alle nye bygningar og byggetiltak i matrikkelen.</p>	<p>Føring av nye bygg og endring av bygg i matrikkelen har vært nedprioritert også i 2013 pga små resursar. Det er avklart at tre av dei tilsette vil ta matrikkelkurs og bli godkjent som matrikkelfører tidlig i 2014.</p>

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Utbygging og eigedom	
<p>Utbygging i samsvar med budsjett/økonomiplan og hovedplan vatn og hovedplan avløp.</p>	<p>Under oversikt utbyggingsprosjekt er det redegjort for kvart enkelt utbyggingsprosjekt. Utbygging i samsvar med hovedplan vatn og hovedplan avløp er i rute. Førresdalen barnehage og Hinderåvåg barnehage er forsinka i forhold til framdriftplan ved oppstart. Vidare er utviding av gravplassen i Tysværvåg forsinka på grunn av arkeologiske utgravningare, og at avtale om kjøp areal til dette frå grunneigar ikkje er på plass.</p>

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Kart og oppmåling	
Saksbehandlingstida for oppmålingsforretningane skal vera mindre enn 16 veker	Vi klarer å overhalda fristane for dei fleste oppmålingsforretningane.
Kvalitetsheving av matrikkelinformasjon, endring av informasjon i matrikkelkartet. Frist for endring av matrikkelinformasjon er 6 veker.	Vi klarer ikkje å overhalda fristane for endring av matrikkelkartet.
Tildeling av vegnamn og husnummer til alle aktuelle bygg i Tysvær kommune	Arbeidet med tildeling av husnummer/vegnamn til eksisterande bygningar blir avslutta i 2014.
Flyfotografering og konstruksjon av nye kart for heile Tysvær kommune	Arbeidet er fullført med ein kostnad som vart vesentleg rimelegare enn kalkulert. Kostnaden blir dekkja av avsette midlar til kartlegging/flyfotografering.
Flyfotografering og produksjon av nye ortofoto for heile Tysvær kommune	Nye ortofoto for heile Tysvær kommune er konstruert og tilgjengeleg på nasjonale kartbasar og kartbasar i Tysvær kommune.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Brann og redning	
Gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, brannverntiltak og opptreden i tilfelle brann og andre akutte ulykker, samt delta i nasjonale brannvernkampanjer	Resultat av førebyggjande arbeid er generelt vanskeleg å måle, men det har vore utfordrande å sette av tid/ressursar til systematisk kartlegging av risikogrupper og arbeid med informasjons- og motivasjonstiltak. Tysvær brannvesen var ikkje aktiv under Aksjon Boligbrann.
Å gjennomføre teoretisk og praktisk opplæring med alle 6. klasselevar både i Tysvær og Bokn kommune.	Gjennomført.
Gjennomføre brannførebyggjande tilsyn alle særskilte brannobjekt, ca. 80 stk.	Det blei gjennomført branntilsyn i 24 % av registrerte objekt i Tysvær. Lav gjennomførings evne skuldast i hovudsak underbemanning på eitt årsverk i førebyggjande avdeling etter krava i <i>forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen</i> .
Brannvesenet skal arbeide for ein slagkraftig og god brann- og ulykkesberedskap, og vere innsatsstyrke ved brann og andre ulykker	- Det er gjennomført 28 øvingar for brann og redning i Tysvær, ca. 10 øvingar per stasjon. - Tysvær brannvesen har ytt innsats til 78 brannar og ulykker

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Brann og redning	
Brannvesenet skal gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg i bustadar etter behov og minst ¼ av registrerte fyringsanlegg kvart år.	- Gjennomført feiing med 1586 stk. piper, av totalt 3709 stk. - Gjennomført tilsyn med 409 stk. fyringsanlegg av totalt 5152 stk.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Drift og vedlikehald	
Vassforsyning skal vere i samsvar med «Forskrift om vassforsyning og drikkevatt» for å bli godkjent.	Alle vassverka er godkjente med unntak av Tysværvåg vassverk som skal fasast ut i 2014.
Godkjente utslepp frå kommunale avløpsanlegg.	Kapasiteten på avløp i ytre del av kommunen er sprengt. Nytt avløpsrensaneanlegg på Gismarvik skal stå klart 1. januar 2017.
Opprydding i kommunale avgifter.	Ny kommunal forskrift under arbeid. Forventa ferdig med politisk godkjenning i løpet av 2014.
Utarbeiding av vedlikehaldsplan for kommunal eiendom (bygg, veg, kai, eiendom, idrettsanlegg, leikeplassar, turvegar mv.)	Arbeidet starta opp i 2013. Planlagt ferdig til sommaren 2014. Vedlikehaldsplanen skal synleggjere behov for midlar til vedlikehald av kommunal eiendom.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Reinhald	
Utarbeiding av reinhaldsplan	Arbeidet starta opp i 2013. Rådmannsgruppa har sett ned ei arbeidsgruppe. Tenestene peikar ut representant for si teneste. Reinhaldsplanen skal definere reinhaldsstandard og ansvarfordelinga mellom reinhaldar, vaktmester og brukarane. Planlagt ferdig i 2014.

Fokusområder - Mål	Status måloppnåing
Framdrift overordna arealplanar	Kommuneplanen 2015-27 planrevisjonen har blitt prioritert og er i rute
Framdrift reguleringsplanar	<p>Avklaring om veivalg på Aksdal er positivt og gir håp om relativt raske planavklaringar.</p> <p>Konkurransgrunnlag for område-regulering Tysværvåg-Slåttevik er utarbeida med tanke på rask framdrift i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Siste avklaringar i Vestli-planen utsett til 2013. Mindre planar/reguleringsendringar har i hovudsak blitt utført med egne ressursar.</p> <p>Reguleringsplan Frakkagjerd Sentrum under arbeid, fleire rundar i rådmannsgruppa. Tidkrevjande pga konkurrerende arealbruksinteresser. Planforslag forventa hausten 2014.</p>
Iverksetjing av den statlege landbrukspolitikken	Stor saksmengde og eit komplisert statleg regelverk har blitt handtert på ein god måte.
Iverksetjing av den kommunale landbrukspolitikken	Det var god søknad på ordningane med tilskot til grøfting og skogtiltak.
Setje Energi- og klimaplanen ut i live	Det er ei utfordring å få i gang tiltak som krev løyving over budsjettet.

3.7.4. Regnskapsresultat

	Rekneskap	Årsbudsjett	Forbruk %	Avvik
Brt.driftsutgifter	87 355	83 054	105 %	-4 301
Brt.driftsinntekter	23 670	23 242	102 %	428
Nt.driftsutgifter	63 685	59 812	106 %	-3 873

Resultatområdet teknisk fekk samla eit budsjettunderskot på 3,873 millionar kroner for 2013. Innsparingkravet på 1,5 millionar kroner på resultatområdet er tatt med. VAR-området inngår ikkje i tala ovafor.

2013 har vore eit svært krevjande år i budsjettsamanheng. Til tross for budsjettunderskot er det gjort betydelege innsparingar. Det var ikkje avsett i midlar i budsjettet til m.a. renovasjonsavgifter til HIM for kommunale bygningar, husleigeutgifter til leigde bustader, beredskap/vintervedlikehald av kommunale vegar og vikarar innan reinhald.

VAR-området

Sjølvkostområde	Overskot 2013
Vatn	1 991
Kloakk	-1 036
Slam	1 555
Renovasjon	298

VAR-området har eit samla overskot på 2,8 millionar kroner. Overskot innanfor VA vert ført over til fond, som skal nyttast til delfinansiering av store utbyggingsprosjekt dei neste åra.

3.7.5. Tenesteutvikling innan resultatområdet

Ein forventar vekst i kommunen i åra framover med stor aktivitet og prosjektportefølje for resultatområdet. Særleg store er oppgåvene innanfor eigedomsutvikling, arealplanlegging og utbygging av ny hovudstruktur for vatn og avløp.

Utfordringar i tida som kjem:

- å rigge organisasjonen for å takle oppgåvene
- å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar
- å få nok ressursar til vedlikehald av bygningar, vegar m.m.

Hausten 2013 blei det iverksett ei organisasjonsendring då seksjon Utbygging og eigedom, seksjon Drift og vedlikehald og seksjon Reinhald blei slått saman til seksjonen Drift og eiendom. Samstundes blei ansvar for grønt- og idrettsanlegg flytta over til kultur. Endringane med omsyn til økonomiansvar er tatt inn i budsjett 2014.

3.7.6. Oversikt investeringsprosjekt:

3.7.6.1. 2013 - KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG – FERDIGSTILLTE OG UNDER ARBEID

Prosj.nr.	Prosjekt namn	Bygge- budsjet	Status
62036	Aksdal næringspark	70,5 mill. eks. mva	Byggetrinn 1 Aksdal næringspark er avslutta i 2013 innafor byggebudsjett. Forbruk totalt kr. 63,7 mill. Rest til T-kryss kr. 6,8 mill.
62097	Nytt toplanskryss Eikeskog		Det som gjenstår er opparbeiding av nytt kryss frå E39 til næringsparken. Det blir arbeidd for at 2 planskryss skal erstatte det godkjente T-krysset. Det er inngått intensjonsavtalar mellom Tysvær kommune og Statens vegvesen og Tysvær kommune og Aksdal næringspark om finansiering av 2-planskryss. Reguleringsplan er utarbeidd av kommunen som blei godkjent i kommunestyret 26.02.2014. Statens vegvesen skal vere ferdig med prosjektering av toplanskrysset med byggeherreoverslag i månedsskiftet april 2014.
62084	Vassledning T-forbindelsen	3,3 mill.	Under arbeid. Karmøy kommune har prosjektoppfølgning med anleggsbidrag frå Tysvær kommune. Ferdigstilt i mai 2013.
62107	Trykkauke Gismarvik og Tysværvåg	2 mill.	Trykkøkingsstasjon må på plass før vi kan ta imot vann frå Karmøy. Prosjektering ferdig. Anbud i april 2014, og bygging planlagt ferdig sommar 2014.
62055	VA Hervik – etappe 1, Hesjadalen – Hervik vassverk	10,75 mill	Oppstart oktober 2012. Ferdigstilt september 2013. Forbruk pr. desember 2013 11 mill. kroner.
62080/ 62094	Vass- og kloakkleidning sør for Akسدalsvatnet	29,3 mill (VA)	Byggebudsjett vedtatt i kommunestyret sak 34/12 den 15.05.2012. Oppstart juni 2012. Ferdigstilt september 2013. Aksdal, Garhaug og Førland får nå vatn frå Haugesund vassverk.

Prosj.nr.	Prosjekt namn	Bygge- budsjett	Status
62110	Vass- og kloakk- ledning Førre skule til Førre kai – del 1	8 mill.	Byggebudsjett vedtatt i teknisk utval sak 30/13 den 28.02.2013. Oppstart juni 2013 . Ferdigstilt november 2013.
62098	Vass- og kloakkledning Førre kai til Dragavika–del 2	18 mill.	Prosjektering pågår. Anbud april 2014. Planlagt oppstart august 2014 med ferdigstillelse mai 2015. Det blir inngått avtale med friluftsrådet, slik at det blir offentlig toaletter i pumpestasjon i Dragavika.
62028	G/S veg Garhaug – Søvik	29,8 mill. (G/S veg) 2,65 mill. (VA) 2,4 mill – rehabilitering.	Byggebudsjett vedtatt i kommunestyret sak 45/12 den 21.06.2012. Oppstart august 2012. Ferdigstilt desember 2013. Endelig byggeregnskap er ikkje klart. Ser ut til at det må tilleggslovast midler til sluttfinansiering. VA held seg innafor vedtatt budsjettløyving. Nødvendig omlegging av eksisterande vatn ledning. Finansiert med rehabiliteringsmidler vatn.
62111	Oppgradering Grinde avløpsanlegg	1,5 mill.	Byggebudsjett vedtatt i teknisk utval sak 65/13 den 06.06.2013. Oppstart september 2013 med ferdigstilling oktober 2013. Forbruk totalt 1,5 mill. kroner.
62041	Utviding Skjoldastraumen kyrkjegard	4,4 mill	Byggebudsjett vedtatt i kommunestyret sak 27/13 den 18.06.2013. Oppstart august 2013. For det meste ferdigstilt januar 2014. Isåing er utsett til våren 2014 pga. sein oppstart.
62102	Kunstgrasbane på Førland	1,8 mill.	Blei ferdigstilt før ferien 2013. Forbruk totalt 1,8 mill. kroner.

**3.7.6.2. 2013 - KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG –
PLANLEGGING/PROSJEKTERING/ANBOD**

Prosj. Nr.	Prosjekt namn	Kostn. anslag. (+/- 30%)	Status
62076	Tysvær avløpsrenseanlegg - Haugaland næringspark	2 mill. prosjektering 28 mill. – 1 byggetrinn (9900 pe)	Ferdigstilte forprosjekt mai 2012. Det er sett av tomt til nytt kloakkrenseanlegg i Haugaland næringspark. Forbruk hittil kr. 600.000. Prosjektering 2013-2014. Resipientundersøkelse vår og haust 2014. Bygging av avløpsrenseanlegg 2015-2016.
62074	Kloakk-leidning Dragavika –Hgl. Næringsp.	28 mill. (avløp)	Gjennomfører forprosjekt i 2014. Detaljprosjektering 2014. Bygging av pumpeledning avløp i 2015-2016.
62114	VA Hervik vassverk til Hervik kai - etappe 2	5,5 mill.	Prosjektering 2013-14. Bygging i 2014.
62108	Høgdebasseng Haugaland næringspark	6 mill.	Prosjektering fram til april 2014. Vurderer tidspunkt for oppstart når byggeherreoverslag foreligger.
	Oppgradering av Lønning høgdebasseng	8,8 mill.	Mattilsynet forutset utfasing av Ådnavatnet i 2014. I løpet av 1. halvår 2014 må det avklarast kva tiltak som er nødvendige.
	Forprosjekt Vassverk Måvatnet	Klausulering/ forprosjekt 1 mill. kroner	I 2014-2015 forprosjekt, klausulering, avtale med Vindafjord.
62101	Kunstgrasbane i Nedstrand	7,0 mill	Byggebudsjett vedtatt i kommunestyret som sak 67/13 den 17.12.2013. Bygging planlagt ferdig mai 2014.
62112	Utviding kyrkjegard Tysværvåg	6,5 mill. i 2014 og 2015.	Reguleringsplan for utviding av kyrkjegarden er under arbeid. Må gjerast utgraving av kulturminne. Arbeidet har stoppa opp på grunn av manglande innløyising av grunn. Avsett kr. 500.000 til prosjektering i 2013-

			2014.
90203	Oppgradering uteområde Frakkagjerd Barnehage	0,75 mill.	Prosjektering pågår. Utføres innan hausten 2014

3.7.6.3. 2013 - BYGG – FERDIGSTILT OG UNDER ARBEID

Prosj. nr.	Prosjekt namn	Bygge- budsjett	Status
64038	Tysværvåg barne- og ungdomsskule	3,35 mill	Brukt kr. 1,5 mill. til utbedring av kloakk og garderober. Nytt mellombygg med 2 grupperom ferdigstilt september 2013. Brukt totalt 3,2 mill. kroner.
60143	Spesialavdeling Tysværvåg skole	0,5 mill	Ferdig til skolestart høsten 2013. Brukt kr. 393.000,-
60115	Førresdalen - utleigebustader	6,9 mill.	Reguleringsplan er vedtatt i K.styret i oktober 2011. Endra tilkomst godkjent august 2012. Arbeid startet februar 2012. Ferdig desember 2013. Forbruk totalt 6.6 mill. kroner.
60129	Hamrane 1 – 2 stk. overgangsbustader	6,6 mill.	Kommunestyret godkjente utbygging i sak 104/12 i møte 18.12.2012. Bygningene ferdigstilt i januar 2014. Utvendige arbeider gjøres ferdig til våren. Brukt hittil: 5,6 mill. kroner.
60127	Utbygging Førresdalen barnehage	28 mill.	Kommunestyret godkjente i sak 103/12 den 18.12.2012 utviding av barnehagen til 8 avdelings barnehage. Oppstart ½ år forsinket. Skiftet arkitekt. Byggearbeid påbegynt april 2013. Mange problemer og forsinkelser pga. av manglende arkitektbeskrivelser. Kostbart også å bygge mens barnehagen er i drift. Storbarnsavdeling og ny personalavdeling tatt i bruk februar -14. Rivearbeider pågår i eksisterende bygg

Prosj. nr.	Prosjekt namn	Bygge- budsjet	Status
			mens ny småbarnsavdeling bygges. Brukt hittil: 20,8 mill. Ferdigstilling juni/juli-2014. Vil fremme sak om tilleggsøyving her.
60134	Renovering av Førresfjorden barnehage	15,0 mill. Eks. mva	Oppstart august 2013. Planlagt ferdig mai 2014.
60142	Utbygging Hinderåvåg barnehage	6,621 mill.	Byggebudsjett vedtatt i kommunestyret sak 51/13 den 22.10.2013 (forsinka på grunn av avklaring av finansiering). Byggearbeid påbegynt februar 2014. Planlagt ferdigstilling juli 2014.
60120	Rådhuset	4,2 mill.	Brukt kr. 1,95 mill. til heis og diverse mindre ominnredningar. Kontorer på økonomiavdeling er bygd om. Tilgangskontroll /universell utforming blir ferdig i september 2013. Det er behov for ombygging av barnevernkontorer og arkivlokaler, samt oppussing formannskapsal og etablering av beredskapsrom. Brukt hittil: 2,4 mill. kroner.
64047	Oppgradering baderomsgulv Aksdalstunet	Kr. 500.000	Oppgradering ferdigstilt 2013.
59004	Borgøy prosjektet	2,545 mill. + tilleggs- øyving 0,5 mill.	Toalett og stiar. Arbeid på stiane starta opp desember 2012, og er nå ferdig. Grunnarbeida til toalettbygg er utført. Nytt toalettbygg ventes ferdigstilt før sommeren. Brukt hittil 2,4 mill.
53002	Nedstrandprosjektet – Tollboden med mer.	7,218 mill.	Det er satt opp midlertidig plasthall i september 2012 for å sikre Tollboden. Vernebygget for tollboden er påbegynt, og montering av selve tollboden starter 17. mars-14. Ventes ferdig til sommeren-14. Brukt hittil: 2,1 mill.

3.7.3.4. 2013 BYGG – PLANLEGGING/PROSJEKTERING/ANBOD

Prosj.nr.	Prosjekt namn	Kostnads- anslag (+/-30%)	Status
60223	Automatisk brannslukkeanlegg Nedstrandstunet og Tysværtunet.	3,5 mill.	Prosjektering ferdigstilles april 2014. Installasjon høsten 2014. Først blir Nedstrandstunet tatt, og deretter Tysværtunet.
20027	Frakkagjerd barneskole – planlegge utviding	Kr. 500.000	Kommunestyret behandla sak 46/12 den 21.06.2012 - tomte vurdering og vidare plan- og byggeprosess. Pr. august 2012 ikkje kapasitet til vidare arbeid/ prosjektleiing på teknisk.
60106	Hamrane 2		Heilskapleg forstudium. Sak om framtidig omdisponering av Frakkagjerd barnehage og nye omsorgsbustader og dagtilbod mellom Tysvær Arena og Frakkagjerd barnehage behandla i kommunestyret desember 2011.
53004	Tysværtunet : * Forprosjekt innredning av U2 til skytebane * Dansegolv på kulturverksted * Omdisponering av "Reisen til Amerika" *Omdisponering av garasjen	Kr. 550.000 til planlegging	Det er foreløpig bare sett av midlar til planlegging samt legging av dansegolv i kulturverkstad. Dansegulvet blir lagt sommaren 2013.
60145	Ventilasjonsanlegg Tysværtunet svømmehall	5,5 mill.	Prosjektering pågår. Utføres haust/vinter 2014.



TYSVÆR KOMMUNE

4 hovudstrategiar for samfunnsutviklinga i kommuneplan 2012-24	
Tysvær kommune skal gi tenester med god kvalitet i ein berekraftig økonomi	Tysvær kommune skal sikre levande bygder der folk ønskjer å bu
Tysvær kommune skal utvikle eit aktivt og framtidsretta kommunesenter i Aksdal	Tysvær kommune skal vere eit regionalt knutepunkt for næringsutvikling

GODT Å
leve

KJEKT Å

jobbe

MYKJE Å
opplere